



Høgskulen på Vestlandet

Masteroppgave

MASA645-MG-2023-VÅR-FLOWassign

Predefinert informasjon

Startdato:	02-06-2023 09:00 CEST	Termin:	2023 VÅR
Sluttdato:	16-06-2023 14:00 CEST	Vurderingsform:	Norsk 6-trinns skala (A-F)
Eksamensform:	Masteroppgave		
Flowkode:	203 MASA645 1 MG 2023 VÅR		
Intern sensor:	(Anonymisert)		

Deltaker

Kandidatnr.:	218
---------------------	-----

Informasjon fra deltaker

Antall ord *:	24783
----------------------	-------

Egenerklæring *: Ja
Jeg bekrefter at jeg har Ja
registrert
oppgavetittelen på
norsk og engelsk i
StudentWeb og vet at
denne vil stå på
vitnemålet mitt *:

Gruppe

Gruppenavn:	(Anonymisert)
Gruppenummer:	8
Andre medlemmer i gruppen:	Deltakeren har innlevert i en enkeltmannsgruppe

Jeg godkjenner avtalen om publisering av masteroppgaven min *

Ja

Er masteroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? *

Nei

Er masteroppgaven skrevet ved bedrift/virksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? *

Nei



Høgskulen
på Vestlandet

MASTEROPPGÅVE

Er det plass til alle rundt leirbålet?

Ein kvalitativ studie om speidarleiarar sine erfaringar om å inkludere personar med nedsett funksjonsevne i speidaren

Is there room for everyone around the campfire?

A qualitative study on scout leaders' experiences of including people with reduced functional ability in scouting

Johanne Halland Fridtun

Master i samfunnsarbeid

Institutt for velferd og deltaking

Rettleiar: Rianne Vogels

16.juni 2023

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

Forord

Eg har aldri vore noko skuleperson. Eg skulle aldri studere, men hamna tilfeldigvis på eit årsstudium i sosiologi, som eg bygde på med ein bachelor. Å studere er heilt noko anna enn mi tidlegare skuleerfaring – det er/var faktisk litt kjekt! Tre år med utdanning tenkte eg var meir enn nok, og skulle aldri studere meir. Eit tips om dette masterprogrammet, og litt tilfeldige hendingar seinare, gjorde at likevel endte opp med det. Tenk deg kor kry eg er no då! No tuller vener og familie med at eg skal ta doktorgrad, men det lovar eg at eg ikkje skal. Enno.

Arbeidet med denne masteroppgåva har vore ein spennande, lærerik og utfordrande prosess. Eg er takksam for å kunne undersøke eit tema eg engasjerer meg for. Oppgåva hadde ikkje blitt til utan spesifikke personar sine bidrag.

Først og fremst må eg seie tusen takk til informantane mine som har delt sine erfaringar med meg. Det set eg stor pris på, og eg håper de får gleda av å lese oppgåva.

Vidare på takkerunden fortentar rettleiar, Rianne Vogels, ein stor takk for all hjelp til oppgåva.

Det er fleire som har bidrege med tilbakemeldingar på deler av oppgåva – takk til alle dykk! Eg vil spesielt takke Arnhild (doktorgradsstipendiat på Høgskulen på Vestlandet) og Josef (tidlegare medstudent på bachelorstudiet) som begge har lese gjennom heile oppgåva og kome med gode og konstruktive tilbakemeldingar.

Medstudentar på masterprogrammet har vore uvurderlege i heile skriveprosessen. Takk for konkrete innspel på oppgåva, avkoplande (og litt for lange) lunsjpausar, og generelt god stemning. Kjem til å sakne dykk – lukke til vidare!

Til slutt vil eg takke familien og kjærasten min for all motivasjon og støtte under heile studietida – spesielt no i innspurten. Takk for at de har latt meg ta ut all frustrasjon på dykk og lytta til meg bable i timesvis om alle idéar til oppgåva.

Johanne Halland Fridtun

Bergen, juni 2023

Samandrag

Problemstilling og formål: «Er det plass til alle rundt leirbålet?» er ei masteroppgåve i samfunnsarbeid. I denne studien har eg undersøkt problemstillinga: «Kva tankar og erfaringar har speidarleiarar med å inkludere og legge til rette speidaraktivitetar for personar med nedsett funksjonsevne?». Føremålet med studien er å sjå på kva inkluderingspraksis speidarleiarane har eller har hatt, og å sjå på implikasjonar ved ulike tilnærmingar. I tillegg blir nokre barrierar for inkludering trekt fram, som kan gi innspel på kva speidaren kan gjere for at dei kan vere eit tilbod for fleire personar med ulike funksjonsnedsettingar.

Metode: Studien har ei kvalitativ tilnærming, og har djupneintervju som design. Det empiriske materiale byggjer på semistrukturerte intervju av ni speidarleiarar frå to speidarforbund i Noreg. Intervjudata er transkribert manuelt og Malterud (2017) si systematiske tekstkondensering blei anvendt i analysen.

Resultat: Studien sine resultat delast i to. Først og fremst finn eg at informantane mine har erfaring med å inkludere personar med nedsett funksjonsevne i hovudsakleg to ulike tilnærmingar, samt ein tredje tilnærming som berre ein informant praktiserte; 1) det allereie eksisterande tilbodet (ordinært tilbod), 2) eit eige tilbod (særtilbod), 3) hybrid versjon av dei to tilnærmingane. Vidare kan hovudbarrierane for inkludering blant informantane i min studie summerast opp i to punkt; 1) manglande leiarkapasitet og 2) samarbeid med føresette. Den *relasjonelle modellen*, *sosial kapital*, *stigmatisering* og *empowerment* har utgjort studien si teoretiske ramme, og resultatata blir diskutert i lys av desse.

Konklusjon: Erfaringane til speidarleiarane i denne studien tyder på at dei tek inkludering av personar med nedsett funksjonsevne på alvor, og det er allereie mykje bra som blir gjort i speidaren. Likevel er det både mogleg og eit ynskje om å gjere speidaren tilgjengeleg for fleire. Dei ulike tilnærmingane har både fordeler og ulemper ved seg, og det er fleire omsyn å ta i val av tilnærming og korleis ein skal løyse ulike tilfelle. Dei beste løysingane kjem truleg fram i eit samspel mellom dei lokale speidargruppene og den det gjeld og/eller føresette.

Nøkkelord: Inkludering, speidar/speider, fritidsaktivitet, nedsatt funksjonsevne, born/barn og unge, deltaking/deltakelse, samfunnsarbeid, særtilbod/særtilbud, tilrettelegging

Abstract

Purpose: «Is there room for everyone around the campfire» is a master's thesis in community work. In this study, I have examined the research question: «What thoughts and experiences do scout leaders have regarding the inclusion and facilitation of scouting activities for individuals with reduced functional ability? ». The aim of the study is to explore scout leaders' current or prior inclusion practices, and to examine the implications of different approaches. Additionally, some barriers to inclusion are highlighted, which can provide insights into what the scouting organizations can do to make their activities more accessible for people with various functional impairments.

Methodology: The study adopts a qualitative approach and utilizes in-depth interviews. The empirical material consists of semi-structured interviews with nine scout leaders from two scouting organizations in Norway. The interview data was manually transcribed, and Malterud's (2017) systematic text condensation was applied in the analysis.

Results: The results of the study are two-fold. Firstly, I found that my informants included individuals with reduced functional ability through one of two models, plus a third model that only one informant practiced: 1) the already existing activity (mainstream approach) and 2) separate activity (specialized approach), 3) hybrid version of the two approaches. The main barriers to inclusion among the informants were: 1) lack of scout leader capacity and 2) collaboration with parents/guardians. The theoretical framework of the study included *the relational model, social capital, stigmatization* and *empowerment*, and the results are discussed in light of these concepts.

Conclusion: The experiences of the scout leaders in this study indicate that they take the inclusion of people with reduced functional abilities seriously, and much good inclusion work is being done. Nevertheless, they indicate that it is both possible and desirable to make scouting accessible to more people. The different approaches each have advantages as well as disadvantages, and various considerations can influence choices on the most appropriate or workable inclusion model, and how to solve individual cases. The best solutions are likely to emerge in the interaction between the local scout groups and the persons concerned and/or their parents or guardians.

Key words: Inclusion, scout, leisure activities, reduced functional ability, impairment, children and youth, participation, community work, special offers, facilitation

Innholdsliste

Forord	i
Samandrag	ii
Abstract	iii
<i>Kapittel 1: Innleiing</i>	1
1.1 Bakgrunn for mitt val av tema	2
1.2 Skilje mellom funksjonshemning og funksjonsnedsetting	3
1.3 Relevans til samfunnsarbeid	4
1.4 Tidlegare forskning: Kunnskapsstatus på feltet	5
1.4.1 Den relasjonelle modellen.....	6
1.4.2 Sosial kapital	7
1.4.3 Stigmatisering	7
1.4.4 Empowerment	7
1.4.5 Oppsummering.....	8
1.5 Føremålet med prosjektet	8
1.6 Problemstilling og forskings spørsmål	9
1.7 Oppbygging av oppgåva	9
<i>Kapittel 2: Teoretisk ramme</i>	10
2.1 Den relasjonelle modellen	10
2.2 Sosial kapital	12
2.3 Stigmatisering	14
2.4 Empowerment	15
<i>Kapittel 3: Metode</i>	18
3.1 Vitskapsteoretisk forankring: Fenomenologisk perspektiv	18
3.1.1 Forskaren si rolle og forforståing.....	19
3.2 Utval og rekruttering av informantar	20
3.3 Datainnsamling	22
3.3.1 Intervjuguide	22

3.3.2 Intervjusituasjonen	23
3.3.3 Digitalt intervju: bruk av Zoom	24
3.4 Analyse	25
3.4.1 Transkribering	25
3.4.2 Malterud si tekstkondensering	26
3.5 Kvalitet på forskinga	28
3.5.1 Reliabilitet	28
3.5.2 Validitet	29
3.6 Forskingsetiske betraktningar	30
3.6.1 Informert samtykke	31
3.6.2 Konfidensialitet	31
<i>Kapittel 4: Resultat</i>	33
4.1 Praksis for inkludering	34
4.1.1 Tilnærmingar: Ordinært tilbod, særtilbod og hybridtilbod	34
4.1.2 Aktivitetar i dei ulike tilnærmingane	36
4.2 Barrierar for inkludering	38
4.2.1 Mangel på leiarressursar	38
4.2.2 Kommunikasjon og samarbeid	42
<i>Kapittel 5: Drøfting</i>	45
5.1 Praksis for inkludering: Ulike tilnærmingar og aktivitetar	45
5.1.1 Inkluderingsideal og kulturperspektiv	45
5.1.2 Fordeler med ordinært tilbod: Sosial kapital og redusering av framandfrykt	46
5.1.3 Baksider med ordinært tilbod: Ekskludering og aktivitetsnivå	48
5.1.4 Er det her særtilbod høyrer heime?	49
5.1.5 Baksider med særtilbod: Utestenging og stigmatisering	51
5.1.6 Formalisering, anerkjening og idealkonflikt	52
5.2 Barrierar for inkludering: Manglande leiarkapasitet og kommunikasjon og samarbeid .	55
5.2.1 Ein ekstra «ressursperson»: Kven kan det vere?	55
5.2.2 Støttekontakt: Middel til sosial deltaking og sjølvstende?	56
5.2.3 Samarbeid: Nøkkelen til suksess?	58
<i>Kapittel 6: Oppsummerande tankar og forslag til vidare forskning</i>	61
<i>Referanseliste</i>	64
<i>Vedlegg</i>	1

Vedlegg 1: Vurdering frå Sikt	1
Vedlegg 2: Informasjonsskriv og samtykkeskjema.....	1
Vedlegg 3: Intervjuguide.....	1

Kapittel 1: Innleiing

I Forente Nasjoner (FN)- konvensjon (2006, artikkel 19) står det at menneske med nedsett funksjonsevne har rett til full inkludering og deltaking i samfunnet som andre, noko som inneber at ein skal ha same moglege valalternativ. Vidare spesifiserer konvensjonen at born med nedsett funksjonsevne skal ha same sjansar som andre born til å delta i fritidsaktivitetar (FN, 2006, artikkel 30). Dette tolkar eg som at personar med nedsett funksjonsevne har ein grunnleggjande rett til å delta i sosiale samanhengar på lik linje med andre. I 2007 skreiv Noreg under på konvensjonen, og i 2013 blei den ratifisert. Det vil seie at staten er forplikta til å fylgje det som står i den.

Meiningsfull fritid er sentralt for alle menneske si meistring og deltaking i samfunnet. Difor har regjeringa laga ein strategiplan for år 2020-2030 der dei ynskjer å senke terskelen for deltaking slik at alle skal ha like sjansar til ein meiningsfull og aktiv fritid (Barne- og likestillingsdepartementet, 2018, s.27). For born og unge er deltaking i organiserte fritidsaktivitetar viktig for blant anna fellesskapskjensle, identitet og meistring. Det kan gi dugleikar og erfaringar som kan få betydning seinare i livet (Sletten et al. 2015). Til trass for desse gode sosialpolitiske intensjonane, viser blant anna Løvgren (2009) at mange med funksjonsnedsetting møter samansette barrierar for samfunnsmessig deltaking og sosial integrasjon.

Ein kan anslå at kring 15-18% av folkesetnaden frå 15 til 66 år lever med ei form for funksjonsnedsetting (Statistisk sentralbyrå, 2021). Det eksisterer ingen register for å få dekkande oversikt over tal born med nedsett funksjonsevne, men i Statistisk sentralbyrå si levekårsundersøking om helse, blei respondentane intervjuva om helsetilstanden til borna sine i alderen 6-15 år. Det kan gi ein liten indikator på kor mange som har ulike typer funksjonsnedsetting, men det er vanskeleg å trekke konklusjon på totale tal av born med nedsett funksjonsevne (Bufdir, 2015). Å arbeide for meir kunnskap om og redusere barrierar for deltaking for born og unge med nedsett funksjonsevne i fritidsaktivitetar, gjer at ein del av Noregs folkesetnad kan få ei meiningsfull fritid.

I 2021 hadde over 50% av folkesetnaden i Noreg gjort frivillig arbeid i ein organisasjon (Frivillighet Norge, 2021), og det gjer at Noreg er i særklasse innan frivillig innsats. Det

eksisterer mange organisasjonar som har fritidsaktivitetar for born og unge, og speidaren er ein av dei. I Noreg har speidaren eksistert i over 100 år, men har engelske røter tilbake til byrjinga av 1900-talet. Rundt om i verda er det over 50 millionar medlemmer, noko som gjer speidaren til verdas største barne- og ungdomsorganisasjon. I Noreg er det to speidarforbund, Noregs Speidarforbund (NSF) og Kristelig forening for unge kvinner/ kristelig forening for unge menn speidere (KFUK-KFUM). Til saman har desse forbunda ca. 30 000 medlemmer på landsbasis (Norges speiderforbund, u.å.a; KFUK-KFUM-speidere, 2016). Begge forbunda opererer nasjonalt, regionalt og lokalt, samt at dei har eit internasjonalt speidarfellesskap. Det finst ikkje noko oversikt på kor mange born i speidaren som har nedsett funksjonsevne, men j.f. 1.1. ynskjer speidarforbunda å få fleire medlemmer med nedsett funksjonsevne. Eg vil difor undersøke korleis inkludering av personar med nedsett funksjonsevne går føre seg i speidaren i Noreg.

1.1 Bakgrunn for mitt val av tema

Sidan 2007 har eg vore speidar, og har sjølv fått oppleve dei godane som er i speidaren. Eg har eit brennande engasjement for at alle skal få delta i samfunnet, og ynskjer å kjempe for at alle skal få lov å delta i ulike arena i samfunnet. Engasjementet gjeld alle som av ulike grunnar er ekskludert, men spesielt retta inn mot personar med funksjonsnedsetting. Dette engasjementet har berre vorte større gjennom mine år som masterstudent i samfunnsarbeid, der eg har fått fruktbare perspektiv og tankar kring dette som eg ynskjer å bruke til å skape positiv endring. Forhåpentlegvis er masteroppgåva berre starten på det.

Fokuset på rettane til personar med nedsett funksjonsevne, har vore voksende generelt i samfunnet dei siste åra. Begge speidarforbunda har hatt aukande fokus på generell mangfald i speidaren, og har satt seg som mål om å bli meir inkluderande. NSF har eit eige nettverk for mangfald og inkludering, der målet er å famne breitt i blant anna variasjonar i fleirkulturelle, kjønn, legning og funksjonsnedsetting (Norges speidarforbund, u.å.b). I arbeidsplanen deira for 2021-2022 er eit mål at dei skal «etablere et prosjekt der vi skal identifisere våre egne og andres barrierer for deltakelse og jobbe for å brytne ned disse barrierene» (Norges speiderforbund, u.å.c). Slagordet til KFUK-KFUM-speidarane er “rundt våre leirbål er det plass til alle”, og visjonen deira er at alle er velkomne uavhengig av blant anna funksjonsevne (KFUK- KFUM-speidere, u.å.). Det er her tittelen til studien min har henta inspirasjon frå. I strategiplanen deira for år 2020-2025 (KFUK-KFUM-speidere, u.å.) skriv dei ikkje om

spesifikk inkludering av personar med funksjonsnedsetting, men at eit fokusområde er at dei skal vere opne og inkluderande. Begge forbunda har hatt arbeidsgrupper som har arbeida og skreve ein rapport der dei blant anna har kartlagt nokre barrierar innan mangfald og inkludering, og korleis ein kan legge til rette for at personar med nedsett funksjonsevne kan delta i speidaren (KFUK-KFUM-speidere, 2022; Norges speiderforbund, u.å.d). Dette viser ikkje berre engasjement for mangfald og inkludering generelt, men konkret engasjement i mitt tema gjennom desse arbeidsgruppene og målsettingane. Både mitt personlege engasjement, og visse om at speidarforbunda tykkjer dette er eit viktig og spennande tema, gjorde det spanande å undersøke tema som omhandlar inkludering av personar med nedsett funksjonsevne i speidaren.

1.2 Skilje mellom funksjonshemming og funksjonsnedsetting

Funksjonsnedsetting og funksjonshemming er to omgrep som kjem til å bli flittig brukt i denne oppgåva, og det kan difor vere greitt å forstå skilnaden mellom dei og kva forståing eg legg til grunn. Omgrepa har mange ulike tydingar og blir forstått på ulike måtar. Den relasjonelle forståinga (sjå 2.1) si definisjon på funksjonshemming har i aukande grad blitt spegla att i offentleg dokument. Eit forsøk på å kome med ein standardisert bruk og forståing av omgrepa blei gjort i St.meld. 40 ((2002-2003), s.8):

Med *nedsett funksjonsevne* menes tap av eller skade på en kroppsdel eller i en av kroppens funksjoner. Dette kan for eksempel dreie seg om nedsatt bevegelses-, syns- eller hørselsfunksjon, nedsatt kognitiv funksjon, eller ulike funksjonsnedsettelser pga. allergi, hjerte- og lungesykdommer. (St.meld. 40 (2002- 2003, s. 8)

Funksjonsnedsetting er eit breitt omgrep, og er synonymt med nedsett funksjonsevne eller redusert funksjonsevne (St.meld 40 (2002-2003), s.10). Det kan vere både synleg og usynleg, ein kan vere født med det eller det kan ha blitt erverva seinare, til dømes i ei ulykke (Unge funksjonshemmede, u.å). Å ha funksjonsnedsetting tyder at ein har nedsett evne til å fungere fysisk, psykisk eller intellektuelt. Fysiske funksjonsnedsettingar omfattar blant anna nedsett funksjon i rørsle og syn. Utviklingshemningar, diagnosar på autismespekteret, ADHD og Down syndrom er døme på psykiske eller kognitive funksjonsnedsettingar. I tillegg kan ein ha

midlertidige funksjonsnedsettingar, som eit brekt bein (Lid, 2022; Simonsen & Lid, 2022).

Vidare seier St.meld. 40 ((2002-2003), s.8) at “Funksjonshemming oppstår når det foreligger et gap mellom individets forutsetninger og omgivelsenes utforming eller krav til funksjon”. Å ha nedsett funksjonsevne vil ikkje automatisk hindre samfunnsmessig deltaking, det er berre at samfunnet er bygd på ein måte som ikkje tek tilstrekkeleg omsyn til den variasjonen som er blant menneske (Tøssebro, 2010, s.19). For å summere opp dette delkapittelet og den forståinga eg legg til grunn i mi oppgåve, er at *funksjonsnedsettingar* er det ein finn i dei funksjonelle begrensingane i ein kropp. *Funksjonshemmingar* er barrierar i omgjevnadane som hindrar deltaking, og kjem altså i tillegg til funksjonsnedsettinga. Missforhaldet mellom individet sin nedsette funksjonsevne og samfunnet sine krav kan oppstå i desse barrierane (Tøssebro, 2010, s.19).

1.3 Relevans til samfunnsarbeid

Personar med nedsett funksjonsevne er ei gruppe som er lite representert i speidaren, som kan tyde på at dei av ulike årsaker ikkje kan delta. Grupper som opplever redusert sjanse til sosial deltaking, har eit heilt spesielt fokus i samfunnsarbeid (Twelvetrees, 2017, s.5).

Samfunnsarbeid inneber, ifølgje Hutchinson (2018, s.11), å arbeide med grupper som ynskjer å gjere eigen eller andre sin livssituasjon betre. Fritidsaktivitetar er eit viktig område i livet, og kan gi mange fordeler for enkeltindivid (Sletten et al.,2015; NOU 2016:17, s. 152). Å arbeide for at personar med nedsett funksjonsevne, gjennom å styrke deira forutsetningar og/eller bryte ned barrierar i speidaren, for at dei skal få delta, kan difor seiast å bidra til å gjere livssituasjonen deira betre. I tillegg legg Hutchinson (2010, s.83) vekt på at fokuset i samfunnsarbeid er meir retta mot å sjå kva som er mogleg, enn å sjå problem. Det inneber å identifisere og fjerne samfunnsmessige barrierar (Oliver, 2004/2007). Difor er det viktig å identifisere barrierar som hindrar personar med nedsett funksjonsevne å delta i speidaren, slik at ein kan gjere noko med det. Dette gjer tema om inkludering av personar med nedsett funksjonsevne i speidaren absolutt til samfunnsarbeid.

1.4 Tidlegare forskning: Kunnskapsstatus på feltet

For å finne forskningslitteratur har eg gjort litteratursøk på ulike databasar på fagområde som sosiologi, sosialt arbeid og pedagogikk. I tillegg har eg gått gjennom referanselister og gjort siteringssøk på relevant litteratur, samt fått tips frå andre. Noko av forskningslitteraturen eg tek føre meg her er henta frå opphavsleg og revidert pensum på studiet master i samfunnsarbeid.

Statistikk frå 2015 syner at 11 prosent av personar med nedsett funksjonsevne deltek lite i sosiale aktivitetar, mot 2 prosent av folkesetnaden generelt (Bufdir, 2021). Det vil altså seie at personar med funksjonsnedsetting deltek mindre i sosiale aktivitetar enn folkesetnaden for øvrig, og funn frå Shields og Synott (2016) si studie viser at det òg spesifikt gjeld for fritidsaktivitetar. Born med nedsett funksjonsevne har mindre samvær med jamnaldrande enn friske born, både i uorganisert og organiserte aktivitetar (Wendelborg & Paulsen, 2014, s. 61). Dei møter samansette barrierar for samfunnsmessig deltaking og sosial integrasjon (Løvgren, 2009). Desse barrierane kan enten vere samfunn- eller miljøskapte, familiære eller individuelle. Samfunnsmessige eller miljømessige faktorarar kan vere fysiske barrierar som manglande mogleg transport til aktiviteten eller mangel på støttekontakt (King et al., 2003; Shields & Synott, 2016). Barrierar knytt til det familiære er til dømes til manglande tid og økonomi i familien. Individuelle barrierar kan vere det psykiske og fysiske funksjonsnivået til barnet (King et al., 2003). Vidare syner Wendelborg (2014, s. 43) og Kittelsaa (2008) at få menneske med utviklingshemning blir inkludert i dei allmenne fritidstilboda, altså i det ordinære tilbodet, men i større grad i segregerte eller tilrettelagte aktivitetar. Dette meiner Torgauten (2015, s.112) at ikkje berre gjeld menneske med utviklingshemming, men generelt for menneske med nedsett funksjonsevne. På grunn av gjentekne undersøkingar om levekåra til menneske med utviklingshemning, veit vi meir om deltakinga deira i fritidsaktivitetar, enn personar med andre funksjonsnedsettingar (Söderström & Tøssebro, 2011).

Vi veit med andre ord ein del om born og unge med funksjonsnedsetting si deltaking i fritidsaktivitetar, men kva veit vi om inkludering av personar med nedsett funksjonsevne i speidarorganisasjonane i Noreg? Det er skreve ei masteroppgåve om inkludering av born og unge med funksjonsnedsetting i Noregs KFUK-KFUM-speidar (Wethal, 2014). Denne studien byggjer på kvantitative data, og viser at det er hovudsakleg fire hovudbekymringar blant speidarleiarar for å inkludere personar med funksjonsnedsetting; 1) Leiarkapasitet, 2) Kommunikasjon med føresette, 3) funksjonsnivå og tilpasningar, 4) korleis tilpasse seg og

korleis ein skal få råd. Forfattaren har anvendt grunnleggjande pedagogiske prinsipp for *læring ved å gjere* som teoretisk ramme for oppgåva. Ei studie frå USA undersøkte speidarar sine haldningar til jamnaldrande med nedsett funksjonsevne. Gjennom ei klinisk øving, fann dei ut at deltaking i studien auka speidarar sine positive haldningar til personar med nedsett funksjonsevne. Det kan tyde på at det er viktig å gjere tiltak for å auke medviten kring funksjonsnedsettingar i tidlege stadium av den sosial utviklinga (Anderson et al., 2021).

Ut over dette har eg ikkje funne så mykje forskning som seier noko om personar med funksjonsnedsetting si deltaking i speidaren, verken i Noreg eller i andre land, og då heller ikkje forskning på tema som har anvendt dei teoretiske perspektiva eg skal ta i dette prosjektet. Flytter vi fokuset vekk frå speidaren, kan vi sjå at det er fleire forskingsstudiar på funksjonsnedsettingar og fritidsaktivitetar, som i større eller mindre grad har nytta dei same teoriane vald for denne oppgåva. Vidare i dette underkapittelet skal eg trekke fram nokre av desse forskingsstudiane, og vil kome tilbake til omgrepa for vidare utdjuping i teorikapittelet.

1.4.1 Den relasjonelle modellen

I forskning på feltet “funksjonshemming og deltaking” har den relasjonelle modellen (sjå 2.1) blitt brukt mykje. Fagfelt som sosialt arbeid og vernepleie er typiske døme på kor den er blitt anvendt, både i Noreg og i andre land (Nyquist, 2012; Sang et al.,2022). I norsk kontekst har denne modellen først og fremst blitt anvendt der funksjonshemming oppstår i samanhengar der det er snakk om funksjonsevner og barrierar som er fysiske (NOU 2016:17, s.30).

Flyttar vi fokuset litt vekk frå speidaren og Noreg, kan vi finne meir forskning der den relasjonelle modellen har blitt brukt som teoretisk rammeverk. Døme eg ynskjer å trekke fram er kvantitativ undersøking på korleis personar med funksjonsnedsettingar brukar fritida si i Spania (Pagán- Rodríguez, 2014). Funna hans viser blant anna at kvinner og menn som er begrensa i daglege aktivitetar bruker høvesvis 16, 2% og 14,1 % av tida si på sosiale arrangement, mot funksjonsfriske menn og kvinner som bruker høvesvis 23,2 % og 24,6 %. Forfattaren argumenterer for at det er viktig å gjere fasilitetar og fritidsanlegg tilgjengeleg for alle. For å få til det må ein identifisere barrierar, både individuelle og samfunnsmessige, sånn at ein kan tilpasse fritidsaktivitetane og la personar med nedsett funksjonsevne delta for fullt (Pagán-Rodríguez, 2014).

1.4.2 Sosial kapital

Sosial kapital (sjå 2.2) er brukt av mange ulike teoretikarar i mange ulike situasjonar, og er difor blitt anvendt på mange ulike fagfelt, spesielt i samfunnsvitskap. Fleire studiar hevdar at deltaking i fritidsaktivitetar, særleg vaksenleia og organiserte aktivitetar, er gode arena for å utvikle sosial kapital hjå born og unge (Loga, 2011; Offer & Schneider, 2007).

Kollstad (2011) sin studie gjort på jenter med nedsett funksjonsevne si erfaring med sjølvstendig liv i fritidsaktivitetar, syner at jentene ynskjer å vere inkludert i eit sosialt fellesskap med likesinna. Den syner òg at tette sosiale band (samanbindande sosiale kapital) blir etablert gjennom organiserte tilrettelagte fritidsaktivitetar, medan svake sosiale band (brubyggjande sosial kapital) blir etablert gjennom sjølvorganiserte og organiserte fritidsaktivitetar som er tilgjengeleg for alle. Dersom desse jentene skal ha eit sjølvstendig liv på fritida, er det behov for både samanbindande og brubyggjande form for sosial kapital (Kollstad, 2011).

1.4.3 Stigmatisering

Forsking på stigmatisering (sjå 2.3) i forhold til personar med nedsett funksjonsevne si deltaking i fritidsaktivitetar viser ulike sider og konsekvensar ved å inkludere i ordinært tilbod og i særtilbod. På den eine sida syner Jahoda et al. (1990) sin studie at fritidsaktivitetar er organisert som segregert tilbod, kan medføre stigmatisering av borna med nedsett funksjonsevne. På den andre sida viser Løvgren (2009) si studie at organiserte fritidsaktivitetar kan reprodusere barrierar for deltaking, og soleis reproduserer det sosiale stigma og ekskluderinga som unge med nedsett funksjonsevne opplever på andre arena. I tillegg hevdar Soldal (2003, s. 65) at om det er tydeleg at ein person har støttekontakt, kan det bidra til stigmatisering av den som treng støttekontakt.

1.4.4 Empowerment

Empowerment er forska på i mange ulike fagfelt som helse- og sosialfag, pedagogikk og økonomi- og leiing. Reelle moglege valalternativ, meistring og sjølvstende kan knytast til omgrepet *empowerment* (sjå 2.4). Fritidsaktivitetar som har element av fysiske aktivitet kan leie til individuelle fordelar som empowerment (Hutzler, 1990). I tillegg kan det å få bistand i form av til dømes støttekontakt til å delta, vere viktig for å gjere det mogleg å få større grad

av empowerment for personar med nedsett funksjonsevne (Soldal, 2003, s.14).

Fritid med bistand er ein tilnærming som blei utvikla for å bistå personar som treng det til å delta i fritidsaktivitetar som dei har valt sjølv. Det teoretiske fundamentet i denne tilnærminga er normalisering og empowerment. Målet er å myndiggjere individ, der enkelte sine behov, ynskjer og draumar blir lagt stor vekt på. Dette gjer ein for at dei skal få byggje opp evna til å handle på eigne vegne, og få oppleve meistring (Midsundstad, 2022, s.15-16). Bistand kan til dømes vere støttekontakt. Fire kommunar på Østlandet deltok i forskings- og utviklingsprosjektet “Aktive muligheter” i 2012-2015. Prosjektet handla om personer med utviklingshemning sine moglege alternativ til fritidsaktivitetar, der blant anna denne metoden blei brukt. I rapporten til prosjektet står det blant anna at dei hadde blitt betre rusta til å ta omsyn til brukaranes behov og ynskjer og at dei hadde fått ei større bredde i fritidsrepertoaret dei kunne tilby til brukarane. Det at personar med nedsett funksjonsevne får reelle moglege valalternativ og bistand i form av til dømes støttekontakt til å delta, kan fremme empowerment hjå dei gjennom sjølvbestemming og meistring (Norsk kompetansetjeneste for barn og unge med funksjonsnedsettelse, 2016).

1.4.5 Oppsummering

For å summere opp veit vi ein del om kva barrierar som finst og korleis dei påverkar personar med nedsett funksjonsevne si deltaking i fritidsaktivitetar. Vi veit imidlertid lite om korleis dette er i speidaren, noko som utgjer eit kunnskapshol. Tidlegare forskning syner at det er nokre spenningar her, som prosjektet mitt kan bidra til å nyansere og forstå empirien i lys av teorien. Dette vil eg kome tilbake til når eg drøfter. Mitt prosjekt ser på liknande forskingsproblem som i nokre av studiane eg har trekt fram, men med eit samfunnsarbeidsperspektiv.

1.5 Føremålet med prosjektet

Føremålet med prosjektet er å tette litt av dei kunnskapshola som kom til syne ved gjennomgangen av tidlegare forskning. Dette forskingsprosjektet vil gi innsikt i speidarleiarar sine tankar og erfaringar kring tema. Det kan gi innspel til kva ein kan gjere for at speidaren kan vere eit tilbod for personar med nedsett funksjonsevne. I tillegg kjem det fram kva som

kan vere viktig å vektlegge i vurdering av ulike tilnærmingar. For dei som har nedsett funksjonsevne er det viktig å identifisere barrierar for deltaking, slik at ein kan redusere barrierane og gjere det mogleg å delta i fritidsaktivitet som speidaren. Som sagt er dette eit tema som speidarforbunda er oppteken av, og det kan difor vere interessant for dei å vite kva ulemper og fordeler med ulike tilnærmingar for inkludering, samt kva barrierar speidarleiarar opplever og korleis ein kan redusere dei.

1.6 Problemstilling og forskingsspørsmål

På bakgrunn av det eg til no har lagt fram er den overordna problemstillinga til denne masteroppgåva:

Kva tankar og erfaringar har speidarleiarar med å inkludere og legge til rette speidaraktivitetar for personar med nedsett funksjonsevne?

For å kunne svare på problemstillinga har eg to forskingsspørsmål:

- Kva ulike tilnærmingar for inkludering trekkjer speidarleiarar fram, og kva ulemper og fordeler har det?

-Kva barrierar opplever speidarleiarar for å kunne inkludere og legge til rette speidaraktivitetar for personar med nedsett funksjonsevne?

1.7 Oppbygging av oppgåva

I dette kapittelet har eg gjort greie for bakgrunn for val av tema, tidlegare forskning, oppgåva si relevans for samfunnsarbeid, samt formålet med prosjektet og problemstilling. Vidare vil eg i kapittel to presentere det teoretiske rammeverket i oppgåva, der eg tek føre meg *den relasjonelle modellen, stigmatisering, sosial kapital og empowerment*. Kapittel tre omhandlar studien sin metode, der eg grunngjev metodiske val og gir ein gjennomgang av datainnsamling og analyse. I tillegg vil eg seie noko om kvalitet i oppgåva, samt etiske vurderingar i forbindelse med prosjektet. I kapittel fire blir funn presentert under hovudsakleg to tema: *praksis for inkludering og barrierar for inkludering*. I kapittel fem vil eg drøfte resultatata i lys av dei utvalde teoriane eg presenterte i kapittel to. Til slutt skal eg i kapittel seks summere opp studien, kome med nokre avsluttande refleksjonar og forslag til vidare forskning.

Kapittel 2: Teoretisk ramme

I denne oppgåva skal eg sjå på speidarforbunda i Noreg sin praksis for å inkludere personar med nedsett funksjonsevne i speidaren, og kva ein eventuelt kan gjere for å få fleire med. Det fordrar teoretisk perspektiv som handlar om korleis ein kan møte dei behova som den enkelte har, samt kva fordeler og ulemper som ligg i praksisen. Teorien eg har valt ut nyttast for å kunne forstå og forklare dei fenomena eg har undersøkt.

I første del av kapittelet vil eg presentere ulike forståing av funksjonshemming, samt gjere greie for teorien *den relasjonelle modellen*. Den relasjonelle modellen kan bidra som verktøy til både forståing av funksjonshemming og korleis ein redusere dette omtalte gapet. Vidare vil eg supplere med sosiologiske teori om *sosial kapital* og *stigmatisering*, som kan nyttast til å sjå på fordeler og ulemper i ulike praksisar speidaren har. Til slutt vil eg greie ut om omgrepet *empowerment*, som kan gi grunnlag for å seie noko om korleis ein kan auke personar med nedsett funksjonsevne si medverknad, sjølvstende og meistring, som igjen gir dei sjanse til større kontroll over eige liv. Dette knyt eg blant anna opp mot det å kunne ha reelle val av fritidsaktivitetar, og behov for bistand og tilrettelegging.

2.1 Den relasjonelle modellen

Funksjonsnedsettingar kan sjåast på med ulike perspektiv, og soleis bli forstått på ulike måtar. For å forstå den relasjonelle modellen betre, kan det vere nyttig å sjå på ulike historiske forståingar av funksjonshemming. Historisk har funksjonshemming blitt sett på som eit problem ved individet, med utgangspunkt i sjukdom eller skade. Dette synet blir kalla den medisinske modellen, og det er eigenskapar ved individet er grunnen til at ein ikkje meistrar eller fungerer i ein gitt situasjon. Det er soleis individet som må gjere endringane eller tilpasningane som krevjast for å minske funksjonshemminga (Tøssebro, 2010, s.15). På byrjinga av 1970- talet oppstod ein sosial modell, der ein flytta søkelyset vekk frå individet og over på barrierane som funksjonshemma kan møte i samfunnet (Tøssebro, 2010, s.18). Her tenkte ein at funksjonshemming er noko som berre er i samfunnet, og må løyast ved at samfunnet tilpassar seg individet, og ikkje omvendt (NOU 2016:17, s. 30).

Dei siste tiåra har det utvikla seg eit nytt perspektiv som ofte blir kalla den relasjonelle modellen, eller gap-modellen. Denne vaks fram uavhengig av den medisinske og den sosiale

modellen, sjølv om det fort kan bli sett på ein som mellomveg mellom desse to. Ein av dei første i Noreg til å systematisere ei relasjonell forståing av funksjonshemming, er Professor Ivar Lie (1996), og han definerte funksjonshemming slik:

Kjernen i det å være funksjonshemmet er å bli satt utenfor deltakelse i livssammenhenger som anses eller oppfattes viktige i det samfunn en lever. I hovudsak dreier det seg om praktiske problemer som er resultat av manglende samsvar mellom funksjonsevne hos personen og funksjonskrav i samfunnet (Lie, 1996, s.14).

Sjølv kalla Lie dette for ei deltakingsbasert definisjon av funksjonshemming, men skildringa er treffande for den relasjonelle modellen. I denne modellen blir funksjonshemming forstått som at det er eit manglande samsvar, eit gap, mellom omgjevnadane sine krav og individ sine forutsetningar (Grue, 2014, s.104; Ness, 2011, s. 47; Tøssebro, 2010, s.25).

Funksjonshemming kan ikkje knytast til verken individuelle faktorar eller samfunnsskapt barrierar åleine. Barrierar oppstår og reduserast, og ulike individ kan erfare barrierar ulikt, og ein kan soleis seie at det føregår eit dynamisk samspel mellom individ og samfunn (Lid, 2013, s.27). Sagt på ein anna måte er løysingane situasjonsbestemte, fordi den er prega av individet det gjeld. Det er i samspelet funksjonshemminga blir skapt, og det er der løysinga finst (Ness, 2011, s.47; NOU 2016:17, s.30; Tøssebro, 2010, s.25).

Ei styrke ved modellen er at den er fleksibel, og kan difor anvendast og tolkast på mange ulike måtar. Baksida er at «individets forutsetningar» og «samfunnets krav» kan tolkast og bety mykje forskjellig ut i frå kva ein legg i det (Grue, 2014, s.105). Samstundes meiner (Grue, 2014, s.106) at ein svakheit ved modellen er at den ikkje gir eit tilstrekkeleg bilete av kven individa er, ei heller forutsetningane. Utan desse opplysingane er det vanskeleg å seie noko om korleis deira forutsetningar kan forbeistrast, og gjer det igjen vanskeleg å vite korleis samfunnet kan endre sine krav. I tillegg har modellen fått kritikk for å ikkje vere tilstrekkeleg dynamisk, då den legg meir vekt på sjølv gapet enn det komplekse samspelet mellom individa og samfunnet (Lid, 2013, s.26). Ein lyt altså ta høgde for dei kulturelle, materielle, sosiale og politiske omgjevnadane som er i det konkrete samfunnet som individet lever i (Lid, 2013, s.27). Samspelet mellom individ og samfunnet vil truleg bli påverka av dette, som tyder på at den relasjonelle modellen kanskje ikkje rettar nok fokus på dette.

Ifølgje Tøssebro (2010, s.32) handlar det ikkje om å finne kva modell som er riktig, men snarare om ulike perspektiv. Kva ein vil forstå og kva politiske konsekvensar det gir bør vere spørsmålet ein stiller seg om kva perspektiv ein vil ha. I denne konteksten finn eg det mest føremålstenleg å bruke den relasjonelle modellen, fordi det handlar om kva speidaren kan gjere for å redusere det gapet som oppstår mellom individet sine forutsetningar og samfunnet sine krav. Ein svakheit ved å bruke denne modellen er at eg ikkje får perspektivet til dei det gjeld. Det er litt det same som den generelle kritikken av denne modellen; ein veit ikkje kven dei med funksjonsnedsetting er. Det er difor vanskeleg, og kanskje umogleg, å seie noko om korleis ein kan styrke dei individuelle forutsetningane for å delta i speidaren. Likevel kan erfaringar som speidarleiarar har vere med å peike på kva dei som organisasjon kan gjere for å redusere barrierar i speidaren slik at fleire kan delta. Eg ser begrensingane som ligg i modellen, men eg meiner at nytteverdien av å bruke den relasjonelle modellen som teorigrunnlag for å forstå dette veg opp for det.

2.2 Sosial kapital

Sosial kapital er brukt av mange ulike teoretikarar i mange ulike situasjonar, og er difor eit omgrep som både rommar mykje og kan vere både vanskeleg og uklårt å forstå. På overordna nivå handlar sosial kapital om « ..tillit, sosiale normer og deres håndheving, sosiale nettverk preget av gjensidighet, og engasjement for fellesskapets beste” (Hvinden, 2005, s.9). Ein kan velje ulike perspektiv å fokusere på, til dømes kjelde og effekt av sosial kapital eller relasjonane i ei gruppe (Adler & Kwon, 2002, s.19). I tillegg kan ein finne sosial kapital på ulike nivå, både individuelt, gruppe- og lokalsamfunn eller storsamfunnsnivå (Schiefløe, 2015, s.192-193). Alle desse definisjonane og perspektiva har trekk som liknar, men har nyansar som skil dei frå kvarandre.

Robert Putnam er ein av dei som har bidrege mest til den forståinga av sosial kapital som vi har idag. Han forstår sosial kapital som ein eigenskap ved eit samfunn, og ein kollektiv ressurs som eit individ kan nytte godt av (Putnam, 2000, s. 38). Sosial kapital er nyttig å bruke i denne oppgåva til å forstå kva fordeler den sosiale kapitalen i speidaren kan gi individa og speidaren, og korleis dei ulike individa påverkar den sosiale kapitalen i speidaren.

Sentralt for Robert Putnam er to sider ved sosial kapital; bonding (samanbindande) og

bridging (brubbyggjande). Putnam og Goss (2002, s.11) definerar samanbindande nettverk slik: «..bring together people who are like one another in important respects (ethnicity, age, gender, social class and so on)». Det handlar altså om å skape tette band og relasjonar i ei gruppe som er prega av homogenitet. I samanbindande fellesskap har ein noko til felles som knyt ein saman, som gir ei kjensle av høyre til og bekrefting av identitet, og forsterkar soleis ein smalare del av seg sjølv (Putnam, 2000, s.31; Schiefloe, 2015, s.69). Eit fotballag er døme på eit slikt fellesskap. Det skapar eit godt miljø for varige og sterke relasjonar, som nettopp er den samanbindande funksjonen. Det ein har til felles markerer ei grense til dei som ikkje har det same til felles. Dette leier meg vidare til det som er baksida av samanbindande nettverk; at ein kan ekskludere andre som ikkje har same interessen (Hvinden, 2005, s.18).

Brubbyggjande sosial kapital definerar Putnam og Goss som å “..bring together people who are unlike one another” (2002, s.11). Denne formen for sosial kapital oppstår i opne sosiale nettverk, der ein knytt saman menneske på tvers av sosiale skiljer (Putnam, 2000, s.22-24). Eit døme på eit sånn fellesskap er i organisasjonar som Røde Kors. Å byggje bru over ulike nettverk er ifølge Briggs (i Putnam, 2000, s.23) avgjerande for å “getting ahead”, altså å kome vidare i samfunnet ved at samfunnet utviklar seg og veks. Desse bruene er knytt opp til behov for informasjon og sjanse til å utvikle og endre seg. Brubbyggjinga skapar auka tillit og gjensidigheit til dei utanfor sitt næraste omgangskrets, og enkeltindivid får dermed breiare identitet (Putnam, 2000, s.23).

Bonding og *bridging* er ikkje konkurrerende kategoriar, så skilje mellom desse må ikkje forstås som absolutt (Putnam, 2000, s.33; Schiefloe, 2015, s. 69). Ei gruppe, organisasjon eller samfunn vil ha meir eller mindre av dei to formene for sosial kapital, men sannsynlegvis vil der ein er rik på den eine formen, vere rik på den andre formen. Både *bonding* og *bridging* er viktige ressursar, og kan vere eit gode både for individ og samfunnet som heilskap. På same måte som individ kan nytte sine egne nettverk til å løyse personlege problem, kan samfunnet nytte sosiale nettverk for å løyse sosiale problem (Putnam, 2000, s.28).

Ein kritikk retta mot Putnam er at han i si forståing av sosial kapital som “ein eigenskap ved eit samfunn”, har for dårleg skilje mellom kva som skapar sosial kapital og kva sosial kapital er, noko både Portes (1998) og Durlauf (1999) hevdar at Putnam gjer ved å trekke sirkelslutningar. Det vil seie at han baserer bevis på at grupper har sosial kapital gjennom gruppas suksess, medan han forklarar gruppas suksess med sosial kapital.

2.3 Stigmatisering

“Stigma” er eit omgrep som har røter heilt tilbake til gamle Hellas, og var opphavelig eit fysisk brennmerke som viste til ein degradert sosial status. Typisk gjaldt dette slavar eller kriminelle. Når ein talar om stigma, kjem ein ikkje særleg langt utan å nemne sosiologen Erving Goffman. Denne synlege stigmatiseringa som grekarane hadde, tek Goffman utgangspunkt i når han brukar det i overførbar betydning. Goffman (1963, s.13) definerer stigma som “an attribute that is deeply discrediting”. Stigmatisering er altså ein prosess der individ plasserer andre individ i ei bestemt kategori som blir sett på som mindre verdt av resten av samfunnet.

Vidare skil Goffman grovt mellom tre typar stigma som går på kropp, karakter og gruppe. Den første handlar i stor grad om at ein er kroppsleg annleis, typisk gjeldande hjå dei med fysiske funksjonsnedsettingar eller sjukdommar. Ein skada kropp er antyda svakare enn ein frisk kropp (Goffman, 1963, s.1). Karakter går på individuelle trekk som arbeidsløyse eller sinnsliding, som resulterer i avvising av dei “normale”. Sistenemnde er eit tribialt stigma som tilskrivast alle som høyrer til ei bestemt gruppe som nasjon eller religion (Goffman, 1963, s.14).

Ifølgje Goffman (1963/2009, s.44) oppstår stigma når det er eit sprik mellom den *tilsynelatande* sosiale identitet og den *faktiske* sosiale identitet. Det er eit sosialt fenomen som blir skapt i interaksjonen mellom menneske. Ein kan difor ikkje sjå på samfunnet (den som stigmatiserer) og individet (den som blir stigmatisert) separert frå kvarandre. Sosial identitet skapar forventingar til eigenskapar ved personen. Bryt ein med forventingane om kva som er normalt, kan ein bli stigmatisert. Stigmatisering er altså ein reaksjon frå omgjevnadane (Goffman, 1963/2009, s.20). Dette vil variere frå situasjon til situasjon. Ein er difor avhengig av konteksten stigmatiseringa føregår i, for å seie noko om kva grad det oppfattast som stigmatiserande (Goffman, 1963). Denne kategoriseringa skapar grupperingar og skil individ på bakgrunn av deira manglande “normalitet”. Ifølgje Goffman heng sosial identitet og sosial rolle i samfunnet saman. Menneska som stigmatiserast ekskluderast, både frå høve til å utfolde seg og respekten som “normale” menneske i samfunnet automatisk får berre for å vere “normale” (Goffman, 1963/2009, s.22).

Denne kategoriseringa kan ha fleire problematiske sider, og eg vil trekke fram det Hogg (2001, s.187) kallar *depersonalisering*. Personar med nedsett funksjonsevne kan seiast å vere ei gruppe som blir stigmatisert både kroppslig og gruppemessig. Problemet med det er at individa ikkje blir sett på som individ, men som ein kategori der individa er representantar for gruppa. Medlemma i gruppa kan då bli behandla likt fordi ein ser på dei som likare enn dei eigentleg er. Nyansane og mangfaldet blant individa i gruppa blir oversett. Eit anna problem med generaliseringa som blir gjort basert på stereotypiar, er at vi fort kan legge til andre negative eigenskapar hjå dei stigmatiserte (Goffman, 1963, s.16). Eigenskapen eller kjenneteiknet ved personen som gjer at den blir stigmatisert, er så dominerande at ein ikkje har eit heilskapeleg bilete av personen. Det personlege ved personen druknar difor i gruppa si identitet (Hogg, 2001, s.187).

2.4 Empowerment

“Empowerment” er eit omgrep frå USA som det ikkje er noko god omsetjing for på norsk, og som heller ikkje lett let seg definere. Historisk sett førekom omgrepet allereie på 1920-talet, men blei ikkje på alvor brukt i den vitskaplege litteraturen før på slutten av 1970-talet (Askheim & Starrin, 2007, s. 13-14). Ifølgje NOU (1998:18, s. 271) kan ein dele omgrepet i tre deler; (1) å gi makt eller autoritet til, (2) å gjere i stand til, (3) å tillate. Uansett omsetjing, forbind ein omgrepet med noko positivt (Askheim & Starrin, 2007, s.13). Eit anna grunnleggjande skilje i litteraturen om empowerment er skilnaden på empowerment som etablering av motmakt og ein individorientert tilnærming (Askheim, 2012, s.16). I sosialt arbeid blir det lagt vekt på å arbeide på desse nivåa samstundes (Midtsundsand, 2022, s.24). I denne oppgåva legg eg til grunn forståinga av empowerment som både etableringa av motmakt og den individorienterte tilnærminga. Vidare vel eg å nytte det engelske ordet “empowerment” i oppgåva. Orda meistring, sjølvstende, uavhengig og medverknad vil i tillegg bli anvendt der det kan vere meir presist å bruke.

Empowerment som “ gi makt eller autoritet til” handlar om mobilisering av makt. Ein etablerer motmakt for personar eller grupper som er i ein avmaktssposisjon (til dømes personar med funksjonsnedsetting). Makta går frå å vere ovanfrå, til å gå til individa det gjeld (Askheim, 2007, s. 23). “Empowerment innebærer å både styrke individet og endre maktstrukturer som hindrer individet i å bruke sine ressurser” (Soldal, 2003, s.68). Det vil seie

at empowerment skal bidra til at individ får større kontroll i eige liv, samstundes som livskvaliteten deira skal aukast ved at dei skal påverke sine sosiale og politiske omgjevnader til å bli meir rettferdig. Kort fortalt handlar alt dette om å gi individ meir makt og kontroll over sin eigen situasjon, samt å kunne utvikle seg, styrke sjølvtiliten sin og bruke sine egne evner (Askheim, 2007, s.29; Rønning, 2007, s.40). Det handlar òg om at menneske er kompetente til å kunne gjere det som er mogleg om dei rette forutsetningane er tilstades (Tengqvist, 2007, s.77 og 80). Kanskje er dette berre ein teoretisk tanke og ikkje nødvendigvis overførbart i praksis.

Sjølvstende er eit omgrep som er nyttig å bruke til å forstå empowerment. I Nynorskordboka blir sjølvstendig definert som ein “som tenkjer og handlar utan å rette seg etter andre, som rår sjølv, fri, uavhengig, ubunden” (Sjølvstendig, u.å). I samfunnet vårt syner sjølvstende seg som noko positivt, og er difor eit ideal ein søker etter (Kollstad, 2008, s.34). Innafor faglitteraturen har ein imidlertid fleire ulike skildringar og forståingar av omgrepet. Hegerstrøm (2002, s.61-63) skildrar to ulike formar for sjølvstende hjå dei som er avhengige av hjelp i kvardagen: som uavhengig og som sjølvbestemming. Å vere uavhengig inneber at ein skal gjennomføre ulike handlingar utan innblanding og bistand utanfrå, og legg stort vekt på å klare seg sjølv. Sjølvbestemming inneber ei erkjenning av at eit individ treng hjelp, men vektlegg samstundes individet sine meiningar og ressursar sterkt (Hegerstrøm, 2002, s. 61-63).

Desse to dimensjonane av omgrepet sjølvstende, knyt Kollstad (2008, s.34) opp mot empowerment og normalisering. Normalisering har tradisjonelt hatt eit fokus på at alle samfunnsborgarar, og spesielt menneske med utviklingshemning, skal klare seg mest mogleg sjølv i aktivitetar i kvardagslivet, til dømes i fritidsaktivitetar (Askheim, 2003, s.18; Soldal, 2003, s.65). Söder (i Soldal, 2003, s. 65) hevdar at ein kan i normaliseringa sitt namn oversjå hjelpebehovet som enkelte har. Nokon treng nemleg hjelp eller tilrettelegging for å få eit så godt liv som mogleg i samfunnet. Til dømes kan støttekontakt vere eit middel for å kunne delta i fritidsaktivitetar, og soleis oppnå empowerment gjennom meistring (Soldal, 2003, s. 65). Ifølgje Askheim (2003, s.17) tenker ein ikkje på kva som er normalt, men å ha styring og råderett over sin eigen situasjon. Det skal vere rom for individualitet, og dei tradisjonelle tankane som utgjer ein normal kvardag skal ikkje få styre den enkelte sitt liv (Kollstad, 2008, s.36-37). Det er viktig å vektlegge individets meiningar om saker som gjeld den, og å sjølv bestemme korleis hjelp ein får når ein har behov for det (Kollstad, 2008, s.37). Slik sett kan ein sjå på empowerment som ein reaksjon mot normalitetstankegangen. Dette heng òg saman

med maktmobiliseringa, då makta til å bestemme må gis tilbake til den det gjeld (Kollstad, 2008, s.37).

Tengqvist (2007, s.77-78) meiner at ei viktig haldning i empowerment er å fokusere på alle menneske sine rettar og likeverd. I tråd med maktmobiliseringa går ein vekk frå å sjå makt som over-og underordninga, til å tenke at alle menneske er likeverd (Starrin, 2007, s.67). Det å betrakte variasjonen og ulikskapar blant menneske som ein ressurs, og ikkje som ei byrde eller hindring, er ein del av empowerment-perspektivet. Sjølv om vi er ulike, så har menneske same verdi og rettar, og det må erkjennast for å kunne vurdere mangfald (Tengqvist, 2007, s.80). Dette er eit relevant perspektiv på empowerment å ha i denne studien, då det handlar om det Tengvist meiner ved å sjå personar med nedsett funksjonsevne som likeverdige og ressursfulle menneske, og korleis ein kan bruke det til noko positivt (2007, s.80).

Noko av kritikken retta mot empowerment, er at den først og fremst legg for mykje ansvar på individet (Soldal, 2003, s.78). Truleg vil ein møte på strukturelle forhold i samfunnet som hindrar deltaking. Sjølv om ein gjennom empowerment kan styrke individet, så vil ikkje denne styrkinga vere god nok til å gjere endringar i desse tilfella. Det er difor mogleg at dei vil trenge nokon som vil endre forholda og kjempe for dei (Soldal, 2003, s.78).

Kapittel 3: Metode

I min studie, der eg ynskjer å få fram ulike erfaringar om eit fenomen, er det mest relevant å velje kvalitativ metode. Ifølgje Malterud (2017, s. 32) må metode og framgangsmåte veljast på bakgrunn av kva problemstilling ein ynskjer å belyse, og kva tilnærming som vil vere mest relevant for formålet. Overordna har kvalitativ metode som føremål å forstå individ og gruppe sine meiningar, verdiar og normar. Ein kan få ulike skildringar av eit og same fenomen og røynd, og det kan difor bidra til å få ulike nyansar og perspektiv (Malterud, 2017, s.30). Metoden vert gjerne brukt når det er lite kunnskap på feltet (Polit & Beck, 2017, s.666). I dette kapitlet vil eg greie ut om metodiske val i studien min, kva vitenskapsteoretisk perspektiv studien tek og skildre korleis eg har gjennomført datainnsamling og analyse. Til slutt vil eg seie noko om kvalitet på oppgåva og etiske betraktningar.

3.1 Vitenskapsteoretisk forankring: Fenomenologisk perspektiv

Vitenskapsteori og vitenskapsfilosofi handlar om ein teoretisk og filosofisk refleksjon over kunnskap. Det er viktig å angi den epistemologiske posisjonen som studiet mitt tek innfor vitenskapsfilosofi (Thornquist, 2018, s.11). Omgrepa epistemologi og ontologi handlar om å skaffe kunnskap om verda vi lev i, og det må alltid ligge til grunn for val av metode og design. I forskning vil epistemologien stille spørsmål om blant anna kunnskapen si kjelde, og er lære om røynda slik vi erkjenner den. Ontologien har ein allmenn forståing for vitenskaplege omgrep og teoriar, og er læra om røynda slik den er (Ringdal, 2018, s. 37; Thornquist, 2018, s.16).

I dette forskingsprosjektet ynskjer eg å søke etter djupneinformasjon om speidarleiarane sine subjektive opplevingar, tankar og refleksjonar om korleis dei sjølv oppfattar og har erfart å inkludere personar med nedsett funksjonsevne i speidaren. Eg fann det best eigna å få fram denne type data ved å sjå på fenomenet i lys av ein fenomenologisk tilnærming til vitenskap. Sidan min studie er drevet av empiri, har den ein induktiv tilnærming (Tjora, 2021, s. 27).

Som filosofisk tradisjon har fenomenologi sitt grunnlag i Edmund Husserls sine idear knytt til metode og filosofi omkring år 1900, der han vektla intensjonaliteten til mental aktivitet (Kvale & Brinkmann, 2015, s.48; O'Reilly & Kiyimba, 2015, s.14). Eit fenomenologisk vitenskapssyn søker ifølgje Creswell og Poth (2018, s. 75) å oppnå ei djup forståing av dei

subjektive erfaringane enkeltindivid har. I fenomenologien vektleggjast det at menneske er relasjonelle i sine interaktive aktivitetar, og soleis samanhandlar om eit fenomen. Ein er open for at det er fins mange sanningar og subjektive synspunkt (O'Reilley & Kiyimba, 2015, s.14; Thornquist, 2018, s. 106). Subjektivitet er altså ein forutsetning for forståing (Malterud, 2017, s. 35-36; Thornquist, 2018, s.22). Sjølve ordet fenomen kjem frå gresk, og betyr å stå fram eller å tre fram, og ein kan soleis seie at fenomenologi dreier seg om å skildre opplevingar slik dei oppfattast for individet som opplever noko, altså deira livsverd. Livsverd er her eit sentralt omgrep, og handlar om at vi lever i ei verd som har meining for oss. Ein er ute etter å finne ut kva som ligg i denne livsverda og ynskjer å undersøke eit spekter av erfaringar kring eit fenomen (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 50; Thornquist, 2018, s.106 og 111).

3.1.1 Forskaren si rolle og forforståing

Eit ideal i fenomenologien er at det informantane seier skal skildrast fordomsfritt og direkte, og då må forskaren sjå vekk frå forforståinga si. Denne prosessen kallast epoche. Fenomenologisk reduksjon er eit omgrep som liknar, og inneber at den ytre verda kjem i bakgrunnen og interessene senterast rundt fenomenverda slik informanten opplever den (Creswell & Poth, 2018, s.81; Thornquist, 2018, s.105). Tidlegare erfaringar, fordømmar og antakingar ein har er blant anna det som forforståinga består av, og dette kan påverke både måten ein samlar inn og les data på. Ein kan aldri vere heilt objektiv til det ein studerer, så dette er ein vanskeleg, om ikkje ein umogleg prosess å få heilt til. Likevel er det viktig å vere klar over den forforståinga ein har, og reflektere over korleis det kan påverke forskinga (Thurén, 2018, s.70).

Sjølv om eg vore speidar i mange år, har eg lite erfaring og kjennskap til speidaren sin inkluderingspraksis for personar med nedsett funksjonsevne. Eg visste at på det organisatoriske planet i speidaren var eit ynskje og mål om å ha større mangfald i speidaren, blant anna ved å inkludere personar med funksjonsnedsetting i større grad. Personleg er eg oppteken av at alle skal ha like sjansar til å delta i samfunnet, noko som inkluderer fritidsaktivitetar som speidaren. I kvart intervju fekk eg meir kunnskap om fenomenet enn eg hadde frå før av, og soleis blei førehandsforståinga mi justert i datainnsamlingsprosessen.

Evne til objektivitet er kanskje ein av dei største moglege feilkjeldene i kvalitativ forskning (Thurén, 2018, s.70). Menneskelege faktorar kan påverke datainnsamlinga og analysen, og det vil vere umogleg for andre å gjennomføre forskinga på eksakt same måte. Absolutt objektivitet er altså umogleg å oppnå i kvalitativ metode, og mi påverknad i heile prosessen, frå datainnsamling til tolking av data, kan vere ein mogleg feilkjelde (Thurén, 2018, s.70). Ifølgje Thomassen (2016, s.171) kan føreforståinga påverke kva informasjon og erfaring frå informantane som blir sett på som relevant og viktig. I heile prosessen, frå innsamling av data til analysen og framstilling av resultat, har eg forsøkt å vere medviten mi føreforståing. Eg har forsøkt å la føreforståinga mi påverke studien minst mogleg, gjennom å vere klar over og open for alt eg ikkje veit, kan og forstår. Det gjorde eg blant anna ved å møte kvar informant med opent sinn og med opne spørsmål for å kunne gje dei sjansen til å fortelje sine erfaringar og tankar utan at eg leia dei. Mitt syn, haldning og engasjement til dette tema vil naturleg nok påverke både tilnærming til feltet, i intervjuet og i analysen. Dette har eg gått grundigare inn på i dei avsnitta som omhandlar dei temaa.

3.2 Utval og rekruttering av informantar

Utvalet for studien omfattar ni speidarleiarar fordelt på sju intervju. Det vil seie at eg hadde to intervju med to informantar samstundes. Tal på kor mange informantar var ikkje planlagt på førehand, men eg såg føre meg ein stad mellom fem og ti informantar. Dette fordi det skulle vere overkomeleg å samle inn data, då både gjennomføring og bearbeiding av intervju er ein tidkrevjande prosess (Dalen, 2011, s.45).

Informantane blei anonymisert, og gitt fiktive namn alfabetisk etter kva rekkefølge eg intervjuar dei. Til dømes blei dei første intervjuet Andrea, andre intervjuet Bodil, og så vidare. Resten av dei fiktive namna blei Hilde, Lars, Martin, Sigrid og Viktoria. Ei eiga liste over namn og fiktive namn blei oppbevart åtskilt frå anna materiale, jf. 3.7.2. Informantane var både unge og eldre, og hadde ulik lengde med erfaring som speidarleiarar. Alle informantane hadde erfaring frå å inkludere personar med funksjonsnedsetting i ordinært tilbod, medan Andrea, Bodil, Hilde og Sigrid i tillegg hadde erfaring frå særtilbod.

Informantane er valt ut på bakgrunn av to kriterium: at dei er speidarleiarar, og at dei har erfaring med å tilretteleggje og inkludere personar med nedsett funksjonsevne. Etter kvart såg

eg det som tenleg å ha ein balanse av informantar frå både særtilbod og ordinært tilbod. Då eg ikkje kjente til mange som hadde desse erfaringane eg var ute etter, valte eg å bruke snøballmetoden for å rekruttere informantar. Snøballmetoden er ein metode der du har lite utval i byrjinga som gradvis veks, som ein rullande snøball, ved å få tips til nye informantar gjennom dei første informantane ein har (Tjora, 2021, s.150).

Det største spørsmålet ved rekruttering av informantar var korleis eg skulle kome i kontakt med ein første informant. For å nå ut til flest mogleg, tok eg kontakt med administrator på ei facebook-gruppe for speidarleiarar i Norges speidarforbund, som òg nokre speidarleiarar i KFUK-KFUM er medlem av. Etter innlegget på Facebook, fekk eg melding frå fleire som enten sjølv ville stille til intervju, eller som kjente nokon andre eg kunne ta kontakt med. Gjennom informantane eg intervjuja fekk eg igjen nye namn eg kunne ta kontakt med. I tillegg sende eg e-post til dei eg kjente frå før som enten sjølv sat med erfaringar eller som eg trudde kunne ha tips om andre aktuelle informantar. Eg tykte det var noko utfordrande å få personar til å svare på e-post. Eit par veker etter første e-post, sende eg ei påminning til dei eg allereie hadde spurt om å delta. Då fekk eg mykje svar, og Tjora (2021, s.151) påpeikar at det er vanleg med ein eller to purrerundar. I tillegg fekk eg e-post frå fleire som hadde høyrte at eg skriv masteroppgåve og ynskte å delta. Eg opplevde då at det blei for mange informantar, og måtte høfleg avvise personar, med spørsmål om å delta seinare viss prosjektet blei utvida.

Creswell og Poth (2018, s.81) påpeikar at det kan vere vanskeleg å finne individ som alle har erfart det fenomenet ein er ute etter å studere, og ein må ofte søke breitt etter informantar for å få eit tilstrekkeleg antal. "Nedsett funksjonsevne" er ei brei kategori, som eg valte å ikkje avgrense meir både for å få nok informantar og i omsyn til personvern. Det handla om at eg ikkje trur det er så mange som har erfaring frå meir spesifikk funksjonsnedsetting, som til dømes synsnedsetting, og det då hadde vore meir gjennomskodleg kven det var.

Ei av ulempene med snøballmetoden, er at den har ein utvalsprosess som kan vere vanskeleg å halde kontroll over (Tjora, 2021, s.150). Eg kunne ikkje vite kva erfaringar dei eg intervjuja hadde, før eg intervjuja dei, men eg spurte dei eg fekk tips om det stemmer at dei har erfaring med å inkludere personar med nedsett funksjonsevne i speidar, og fekk så bekrefte eller avkrefta det. Med unntak av allereie nemnde kriterium, blei det førstemann-til-mølla-prinsippet. Polit & Beck (2021, s.499) meiner at denne metoden kan føre til små og skeive utval, fordi eg nyttar meg av andre sine kontaktpersonar, noko som kan indikere at dei er i

same miljø. Det er vanskeleg å seie om informantane eg fekk blei eit skeivt utval. Eg prøvde å vere medviten på å gå så breitt som mogleg, for å få eit så rikt og innsiktgivande bilete av erfaringane som speidarleiarar kan sitte med. Alle informantane representerte eigenskapar som er relevante for problemstillinga, og eg kan difor kalle utvalet mitt for strategisk (Tjora, 2021, s.145).

3.3 Datainnsamling

I denne delen av oppgåva skal eg greie ut om korleis datainnsamlinga gjekk føre seg. Eg tek føre meg gjennomføring av djupneintervju på digitalt forum, og utforming og bruk av intervjuguide.

I fenomenologisk forskning er det vanleg med intervju, og gjerne djupneintervju. I tråd med den fenomenologiske tanken, gir djupneintervju eit detaljert datamateriale om ein person sine tankar (Cresswell & Poth, 2018, s.75). Eg hadde semistrukturerte intervju med ni informantar fordelt på sju intervju. I djupneintervju er det vanleg å intervju ein person av gongen (Tjora, 2021, s.127). Eg gjennomførte intervju med to stykk samstundes. Dei var såpass samstemte og hadde stort sett same erfaringar, og eg valte difor å framstille det som ein informant. Dette gjorde eg òg for å betre ivareta anonymisering av informantane.

3.3.1 Intervjuguide

Å utarbeide ein intervjuguide, er eit behov i alle prosjekt der det skal takast i bruk intervju som metode. Intervjuguiden er eit verktøy likt eit manuskript under intervjuet, der sentrale tema og spørsmål skal dekke dei viktigaste områda i studien (Dalen, 2011, s.26; Kvale & Brinkmann, 2015, s. 185). Sjølv om djupneintervju tilsynelatande skal vere eit fritt og ustrukturert intervju, lagar ein ofte ein intervjuguide på forhånd. Den kan gjere at ein i større grad er sikker på at ein får svar på spørsmål ein ynskjer å få svar på (Tjora, 2021, s.167). Eg delte intervjuguiden i tre deler; innleiing, refleksjon og avslutning (sjå vedlegg 3).

Innleiingsspora var for å lettare byrje samtalen, og eg opplevde det som greitt for både meg og informant å byrje slik. Det var ikkje ein lang sesjon, då eg oppfatta at informantane ikkje trengde så lang tid på å bli varm i trøya. Deretter gjekk eg over til refleksjonsspørsmål, der kjernespora handla om kva erfaringar og tankar speidarleiarane har med å inkludere

personar med nedsett funksjonsevne.

Kvale og Brinkmann (2015, s.178) opnar opp for at intervjuguiden kan endrast undervegs dersom det er føremålstenleg. Det er viktig at ein stiller opne spørsmål og tillét digresjonar, for å kunne gå i djupna der informantene har mykje å fortelje (Tjora, 2021, s.132). Etter første intervju kom det opp opplysingar som eg ikkje hadde tenkt ut på førehand, som handla om særtilbod og ordinært tilbod (sjå resultatdel). Eg valte difor å legge til eit spørsmål i intervjuguiden som handla om informantane sine tankar kring dette, noko eg allereie har påpeikt at eg etter kvart blei oppteken som eit kriterium når eg søkte informantar. Nokre ting lot eg vere å stille spørsmål om, og fjerna det frå intervjuguiden, til dømes spørsmål om kva dei hadde gjort i hypotetiske situasjonar.

3.3.2 Intervjusituasjonen

Eg prøvde å la informantane snakke fritt og noterte ned det eg ynskte å stille spørsmål om når informantene var ferdig å tale. Det gjorde at eg fekk vere til stade i intervjusituasjonen, og verken avbraut informantene eller var redd for å gløyme det eg lurte på. Sjølv om instinktet i meg ville stille spørsmål med ein gong informantene vart litt stille, prøvde eg å la det vere stille ei stund, slik at informantane hadde rom for å utdjupe sine svar. Dei aller fleste hadde meir å kome med viss pausane blei lange nok. Dette er noko Tjora (2021, s. 160) meiner kan vere eit spennande grep å gjere.

Ringdal (2018, s.245) meiner at intervjuaren burde sjå seg sjølv i intervjusituasjonen utanfrå, og vere kritisk til svakheiter ved intervjusituasjonen. For min del var eg til tider like engasjert i tema som informantane. I mange av intervjuene, gjerne på slutten, lot eg meg sjølv rive litt med i samtalen ved å dele mine egne tankar og meiningar, nettopp fordi tema engasjerer meg. Ringdal (2018, s.245) meiner at dette kan vere eit svakheit ved intervjusituasjonen, då intervjuaren burde vere nøytral og ikkje la egne syn og opplevingar skine igjennom. Det tykte eg var vanskeleg å let vere. Samstundes vitnar dette noko om at intervjusituasjonen bar stort preg av samtale. Ifølgje Tjora (2021, s.127) er det å kunne skape ein avslappa situasjon som ber stort preg av samtale, målet til djupneintervju. Det blei ein ekte relasjon som kanskje hjelpte både meg og informantene til å slappe av og ha tillit til kvarandre. Gjensidig engasjement er viktig og kan tyde på gode intervju (Ringdal, 2018, s.244)

I ettertid ser eg at eg gjerne skulle stilt fleire oppfølgingsspørsmål. Eg følgde ikkje intervjuguiden slavisk, noko som eg ifølge Ringdal (2018, s.244) ikkje treng å gjere. Eg tykte det var vanskeleg å lausrive meg frå intervjuguiden i byrjinga, men det blei lettare etter kvart. Eg klarte nokre gonger å stille oppfølgingsspørsmål til informanten, men kjenner at eg i større grad burde følgt meir opp på kva informanten snakka om og ikkje ha hastverk med å kome meg vidare i intervjuet. Likevel var intervjuguiden eit nyttig verkemiddel for å vere sikker på at eg fekk svar på det eg ynskte å få svar på, og spore inn igjen på tema når informantane snakka om ting som ikkje var så relevant for problemstillinga (Tjora, 2021, s.169-172).

3.3.3 Digitalt intervju: bruk av Zoom

Ifølge Mason (2018, s.127-128) er eit digitalt intervju ein fullverdig kvalitativt intervjumetode, då den tek sikte på å generere data. Salmons (2015, s.2) definerer digitalt intervju som “conducted using computer-mediated communication”, og at ein slik dialog gjennomførast med tanke på datainnsamling. Før ein vel å gjennomføre intervju digitalt, er det viktig at ein gjer vurderingar på kvifor ein ynskjer å ha eit digitalt intervju (Mason, 2018, s.128). Sidan eg intervjuar personar over heile Noreg, og difor ikkje var i geografisk nærleik, valte eg av praktiske og økonomiske omsyn å gjennomføre intervju digitalt, nærare bestemt over Zoom.

Å bruke digitalt intervju som metode krev spesifikke dugleikar om programvaren ein brukar og det kan by på tekniske utfordringar som kan hemme intervjuet (Mason, 2018, s.129). Eg har brukt Zoom mykje før intervjuar, så eg følte meg komfortabel med å bruke det. Eg visste ikkje nivået på den digitale kompetansen til informantane mine, eller om deira kvalitet på internettet var god nok, så dette var eit usikkert moment. Eg sørger for å ha godt internett og mobilnett og telefonlinje i bakhand. I tillegg var eg redd for at lyden på opptaket skulle bli dårleg, då lyden først gjekk gjennom mikrofonen til informanten, så gjennom høgtalar i datamaskina mi, og til slutt inn i diktafonen. Eg gjennomførte testintervju for å sjekke lyd på diktafon, og det gjekk bra. Seks av intervjuar gjekk føre seg på Zoom. I eit av intervjuar fekk vi ikkje til Zoom, og intervjuet blei difor gjennomført over telefon. Lyden var heilt grei under sjølve intervjuet, men i diktafonen blei lyden vesentleg dårlegare, og det var vanskeleg og tidkrevjande å transkribere.

3.4 Analyse

Alle sju intervjuer blei analysert etter at all transkriberinga var ferdig, men byrja delvis undervegs. Malterud (2017) sin systematiske tekstkondensering har blitt anvendt for å sikre at datamaterialet skulle bli samanfatta, fortolka og presentert på ein strukturert måte. I det fylgjande skal eg skildre korleis prosessen har gått føre seg.

3.4.1 Transkribering

Transkribering inneber å overføre lyd frå munnleg til skriftleg form. I praksis byrjar analyseprosessen allereie under intervjuet, men det er likevel nødvendig at lydopptaket vert omforma til tekst. Det innsamla materialet blir då handfast, oversikteleg og klar for vidare analyse (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 235-236).

Eg omsette frå dialekt til nynorsk, for å ivareta anonymiteten til informantane. Kom det opp namn, stadnamn og liknande som kunne direkte identifisera informantar, erstatte eg det med til dømes *namn*. Tjora (2021, s.185) anbefalar at ein transkriberar alt av materiale i ettertid når ein har brukt lydopptak, men påpeikar òg at Kvale (1997, i Tjora 2021, s.185) anbefalar å vurdere kva som er nyttig i den konkrete situasjonen. I første intervju transkriberte eg alt, inkludert overflødige lydar som “ehh”. Eg fant i ettertid ut at eg ikkje tykte det var føremålsteneleg, og lot vere å gjere det på dei resterande intervjuer. Det gjorde teksten meir lettlest og opplevast meir som ein samanhengande tekst. Pausane i intervjuet lagg eg inn som fleire prikkar, for å symbolisere at det var stille i samtalen. Eg tok med lydar som latter og sukk der eg opplevde at det var viktig. Her vil eg kritisere meg sjølv litt for å ikkje transkribert alt. Det ville eg gjort om eg skulle gjort det på nytt, då eg ikkje heilt sikkert kunne vite kva som var viktig eller ikkje.

Under det første intervjuet sa eg mykje bekräftande ord som «ja» og «mhm», for å vise at eg var interessert i det informantan fortalte. Då eg skulle transkribere det, oppdaga eg at det gjorde det vanskelegare å høyre kva informantan sa. I dei neste intervjuer, prøvde eg å vere medviten på at eg skulle vere stille, men heller prøve å nikke bekräftande til informantan. I dei intervjuer blei lyden vesentleg enklare å transkribere.

3.4.2 Malterud si tekstkondensering

Malterud (2017) si systematiske tekstkondensering har blitt anvendt til å systematisk analysere dataa. For meg som har lite forskningserfaring er denne metoden god å bruke då den gir ei enkel innføring i korleis analyseprosessen kan gjennomførast på ein systematisk og overkommeleg måte. I tillegg eignar han seg godt til å få ny kunnskap om informantanes eigne erfaringar, som er målet i fenomenologisk forskning (Malterud, 2017, s. 115). Denne tekstkondenseringa består av fire steg som eg no skal ta føre meg.

Steg 1: Oversikt – frå tema til kode

Det første steget i Malterud (2017, s.99) si framstilling av systematisk tekstkondensering er å sjå på teksten frå eit fugleperspektiv. Det vil seie å bli kjent med datamaterialet og danne seg eit heilskapleg inntrykk av tema. I tråd med fenomenologisk tankegang om at stemma til informantane ikkje skal overdøyast, er det viktig at eg her passar på at eg ikkje let eigne meiningar påverke. På den måten er eg open for inntrykk som datamaterialet formidla.

Til saman starta eg med 75 sider med transkriberingar frå sju intervju, noko eg opplevde som eit omfattande materiale. Eg brukte lang tid på å bli godt kjent med alle transkripsjonane, og leste alle intervjuane mange gonger. Etter kvart intervju eg las igjennom, noterte eg førebelse tema som kom fram, men eg byrja ikkje å systematisere. Til slutt oppsummerte eg alle dei førebelse temaa (Malterud, 2017, s.100). I dette steget hadde eg til saman 11 førebelse tema. Eg hadde òg ein boks der eg låg materiale eg synst var interessant, men ikkje klarte å plassera.

Steg 2: Sortering frå tema til kode

I steg to skal ein aktivt søke etter og identifisere dei meiningsberande einingane. Dei førebelse temaa eg laga i steg éin blei her koda og sortert. Eg printa ut det transkriberte materialet, og markerte i ulike fargar all tekst som sa noko om dei førebelse temaa frå steg éin og skreiv notatar i margin. Til dømes markerte eg all tekst som hadde noko med bruk av støttekontakt å gjere i rosa. Sitat som passa under fleire tema, markerte eg med alle fargane som passa. Dette hjelpte meg å få betre oversikt.

Tekstbitane som hadde ein sjølvstendig mening ut ifrå problemstillinga, klippa eg ut og limte

inn i eit dokument. Desse tekstbitane blir kalla meiningsberande einingar. Så byrja eg å kode teksten. Det gjorde eg ved å opprette eit dokument for kvart tema, og dei meiningsberande einingane blei så plassert i det dokumentet dei høyrde heime. Ein dekontekstualiserar teksten ved å ta delar av datamaterialet ut frå den originale samanhengen (Malterud, 2017, s.100). Dette gjorde eg for å sjå det i samanheng med tekstelement som er beslekta som samstundes sjåast i lys av problemstillinga. Her gjeld det altså å skilje relevant tekst frå irrelevant tekst, og vidare sortere den teksten som kan bidra til å belyse problemstillinga. Som forskar er det viktig å vere open for fleire nyansar. Eg gjekk gjennom materialet fleire gongar for å finne eventuelle nye nyansar. Kodegruppene var stadig under utvikling og justering (Malterud, 2017, s.104). Nokre av dei meiningsberande einingane blei koda til fleire kodegrupper. Det kan tyde på at kodingen min ikkje har vore presis nok (Malterud, 2017, s.104). Det løyste eg ved at nokre tema blei redusert eller tekne bort, medan andre blei samla under eit felles tema. Til dømes blei det originale tema støttekontakt, koda til ressursmangel og enda opp med å bli manglande leiarkapasitet. Tal tema blei redusert frå elleve til fire.

Steg 3: Abstrahering – frå kode til kondensat med mening

I steg tre skal ein abstrahere den kunnskapen som kvar av kodegruppene representerer (Malterud, 2017, s.105). Dei ulike meiningsberande einingane danna grunnlag for subgrupper i kvar av dei fire kodegruppene. Eg lagde korte kunstige sitat i eg-form og valte ut eit gullsitat for kvar subgruppe, som skal representere det informantane har sagt. Poenget her er å finne ut kva hovudaspekt i kodegruppa som best kan fortelje om dataa (Malterud, 2017, s.106). Materialet blei veldig nært når eg skreiv det i førstepersonsfortelling, og det gjorde det lettare å sikre at meiningsberande einingar både blei inkludert i analysen og hamna i riktig kodegruppe. Kvar gong eg oppdaga at ein kode burde raffinerast, gjekk eg tilbake til steg to. Her fekk eg erfare det at analyseprosessen ikkje er ein lineær prosess. Å ta to steg fram og eit tilbake kan, ifølgje Malterud (2017, s.114), vere ei styrke ved at den meiningsberande krafta i dei empiriske dataa vert styrka. Både kodegruppene, subgruppene og tilhøyrande titlar blei reorganisert og endra.

Steg 4: Frå kondensat til resultatkategori

Dei bitane eg til no har dekonstektualisert, skal i dette steget setjast saman igjen, noko Malterud (2017, s.108) kallar for rekontekstualisering. Eg tok føre meg kvar kodegruppe og

subgruppe og lagde ei innhaldsskildring for dei i tredjepersonsform, ved hjelp av dei kunstige sitata og dei utvalde gullsitata. Denne innhaldsskildringa blir resultatet av forskingsprosjektet, og er meint for å at ein kan dele med andre (Malterud, 2017, s. 108). Etter at samanfatninga av kvar kodegruppe og subgruppe var ferdig, valte eg ut eit treffande sitat som eksemplisifiserte teksten best mogleg og lagde passande overskrifter (Malterud, 2017, s.110). Nokre av desse sitata var gullsitat som allereie var valt ut frå før, medan nokre grupper fekk nye sitat.

Målet med heile analyseprosessen er å formidle det informantane hadde fortalt, og ikkje det eg trudde dei hadde fortalt. Til slutt i dette steget valte eg difor å lese igjennom det opphavelge datamaterialet. Eg sjekka at tolkingar, skildringar og omgrep stemde overeins med det eg hadde kome fram til i skildringane mine, og soleis kunne tilbakeførast til det opphavelge råmaterialet (Malterud, 2017, s.110).

Etter at analysen var ferdig stod eg igjen med fylgjande fire resultat kategoriar: 1) Tilnærmingar: ordinært tilbod, særtilbod og hybridtilbod, 2) Aktivitetar, 3) Mangel på leiarressursar, 4) Kommunikasjon og samarbeid. Desse legg grunnlag for strukturen i presentasjon av resultata i kapittel 4.

3.5 Kvalitet på forkinga

Kvalitet i forking er viktig, og det vert ofte operert med omgrepa reliabilitet og validitet, som heng tett saman. Ifølgje Ringdal (2018, s.247) er desse omgrepa omdiskutert om har relevans for kvalitative data, då dei er nært knytt til kvantitativ måling. Sjølv om dei i statisk forstand kan vere uaktuelle i kvalitative data, kan omgrepa likevel ha nytteverdi. Eg vil i det fylgjande peike på aspekt ved oppgåva sett opp mot reliabilitet og validitet.

3.5.1 Reliabilitet

Reliabilitet handlar om kor stor truverd undersøkinga har, og i kva grad undersøkinga er utført på ei tillitsvekkande og nøyaktig måte (Ringdal, 2018, s.347). Vurdering av undersøkinga sin reliabilitet, er i stor grad avhengig av mi evne til å vere klar over moglege feilkjelder, noko som ikkje alltid like lett å vurdere (Ringdal, 2018, s.247-248). Ein måte eg har løyst det på er

ved å vere open og gi detaljert skildring av forskingsprosessen. Gjennom å gi ei grundig innføring i både kontekst og framgangsmåte, blir undersøkinga meir påliteleg - altså, truverdig (Johannessen et. al., 2021, s. 232). Dette er forsøkt etterkome gjennom heile dette kapittelet, ved å ha påpeikt moglege svake punkt ved forskinga, som blant anna mi evne til objektivitet og nøytralitet i intervjusituasjonen.

3.5.2 Validitet

Validitet seier noko om datamaterialets relevans eller kor vidt den er gyldig. Validitet kan i kvalitativ forskning målast ved å vurdere i kva grad forskarens metodar og funn, på ein riktig måte undersøker det som er forskinga sitt formål og den faktiske røynd (Krumsvik, 2014, s. 151). Det handlar om refleksivitet og klarleik i forskinga (Johannessen et al., 2016, s. 232). Truverde, bekreftbarheit og overføringsverdi er omgrep som blir nytta kring studia si validitet (Krumsvik, 2014, s.152; Ringdal, 2018, s. 247). Validiteten kan målast på fleire måtar i kvalitative studiar, men eit hovudskilje er *intern validitet* og *ekstern validitet*.

Intern validitet handlar blant anna om det er samanheng mellom det teoretiske rammeverket og funna forskaren har gjort (Krumsvik, 2014, s.152). Her kan ein stille seg spørsmål om det er rød tråd mellom tema og dataa som samlast inn? Informantane hadde ulike forutsetningar for korleis dei oppfatta og forstod spørsmåla eg stilte. Dei hadde òg ulike interesser, fokus og behov for å snakke om dei ulike temaa. I tråd med fenomenologiske tanken og djupneintervjuet sin form, lot eg informantane i stor grad få snakke uttømmmande om det dei hadde på hjarte, sjølv om det dei snakka om var litt utanfor tema. Intervjuguiden sat rammer for intervjuet, men eg har forsøkt å vere dynamisk i intervjuet med å følge og bygge på speidarleiarane sine initiativ. Eg måtte difor forholde meg noko fritt til intervjuguiden og tilpasse intervjuet til kvar enkelt informant. Det leia til at oppfølgingsspørsmåla eg stilte og omfanget av diskusjonar varierte. Denne variasjonen, både i kva spørsmål og korleis det blir stilt og oppfatta av informanten, kan ifølgje Ringdal (2018, s. 244) svekke sjansen for samanlikning, men det er ikkje det eg er ute etter å gjere i oppgåva. Eg er meir ute etter relevant djupneinformasjon som gir nyaniseringsgrunnlag, og det kan difor vere meir relevant å tale om svekka sjanse for like analyse- og forståingsprosessar. Ein meir strukturert intervjuform med fleire avgresningar og konkretiseringar kunne ha forhindra avvandring av tema, som kunne tydelegare ha styrka validiteten til undersøkinga. Likevel er fridommen til å

følge opp fornemmeleser og ha rom for kreativitet og improvisasjon ein viktig del av kvalitative intervju, nettopp fordi nyttig informasjon kjem opp på den måten (Kvale og Brinkmann, 2015, s.318). Det var uansett lite avsporingar av tema, og eg fekk mykje relevant ut av intervjuet. Eg argumenterar difor for at det i stor grad er ei raud tråd mellom tema og dataa som samlast inn.

Talar vi om funna kan generaliserast og soleis har overføringsverdi, talar vi om ekstern validitet. Det handlar om i etablere tolkingar og skildringar som kan bidra til å seie noko om liknande problemstilling i ein anna kontekst (Malterud, 2017, s.23-25). Generalisering i kvalitativ forskning er noko anna enn i kvantitativ forskning, der omgrepet stammar frå (Polit & Beck, 2021, s.497). Resultatet som kjem fram i denne oppgåva vil ikkje representere alle erfaringar og tankar som informantane har på eit universelt nivå. Målet har heller ikkje vore å kunne generalisere, men snarare å avdekke fleire realitetar (Polit & Beck, 2021, s.497). At ein er open for mange sanningar er ein viktig tanke i fenomenologisk forskning (O'Reilley & Kiyimba, 2015, s. 14; Thornqvist, 2018, s.106). Mi studie kan gi eit utsnitt av ulike synspunkt om tema. Sjølv om ikkje målet har vore å generalisere i form av direkte overføring, kan dei synspunkta som kjem fram i teksten danne grunnlag for at lesaren ser samsvar og likskapar mellom det som er skildra og eigen situasjon. Denne formen for generalisering omtalar Kvale og Brinkmann (2015, s. 333) som *naturalistisk generalisering*.

3.6 Forskingsetiske betraktningar

Alle forskingsprosjekt som omhandlar personopplysingar har meldeplikt til personvernombud Ringdal (2018, s.63) forstår personopplysingar som "opplysingar som direkte eller indirekte kan identifisere personar". Mitt forskingsprosjekt omhandlar personopplysingar, og studien er meldt inn til Sikt («Kunnskapssektorens leverandør»). Inkluderer etter ei samanslåing i 2022 tidlegare NSD- Norsk senter for forskingsdata AS. Då eg sende inn skjema heite det NSD. Sjå vedlegg 1). Behandlinga av personvernopplysingane er lovleg so lenge den blir gjennomført slik eg har oppgitt i meldeskjema. I utgangspunktet hadde eg tenkt å berre intervjuet speidarleiarar frå Norges speidarforbund, men såg etter kvart høve for å utvide det til å omhandle speidarleiarar frå både NSF og KFUK-KFUM. I samråd med rettleiar fant vi ut at dette var ubetydeleg endringar i utvalet, og meldte det difor ikkje inn til Sikt.

I eit kvalitativt forskingsprosjekt vil etiske problemstillingar prege heile prosessen (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 107). Det er difor viktig at eg har kjennskap til ulike etiske problemstillingar som kan oppstå i alle fasane av forskingsprosjektet, og forsøke å handtere det på ein god måte. Det er fleire etiske omsyn å ta i eit forskingsprosjekt, men i dette prosjektet er spesielt informert samtykke og konfidensialitet to viktige etiske problemstillingar eg må ta omsyn til.

3.6.1 Informert samtykke

I alle forskingsprosjekt er det først og fremst det viktigaste at ein får deltakarane sitt informerte og frie samtykke (Creswell & Poth, 2018, s.55). Eg henta fritt og informert samtykke på bakgrunn av informasjonsskrivet eg hadde utforma (sjå vedlegg 2). Ifølgje Ringdal (2018, s.60) er det viktig at informantane får tilstrekkeleg informasjon om undersøkinga og at dei har forstått dette før dei underteknar samtykkeerklæringa. Det betyr at informasjonen må skrivast på ein lettlesleg og forståeleg måte. Tilstrekkeleg informasjon inneber blant anna både korleis og kva informasjon som blir samla inn, formålet med prosjektet og kva følgene av å delta i forskingsprosjektet er (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 116).

På førehand sende eg ut informasjonsbrev og i byrjinga av intervjuet spurte eg om dei hadde noko spørsmål til den eller om noko var uklart. Alle utan om ein informant hadde lest igjennom og hadde enten ingen eller få spørsmål. Spørsmåla blei oppklart, og gjekk så vidare til sjølve intervjuet. Informanten som ikkje hadde lest igjennom brukte eg nokre minutt på å lese igjennom informasjonsbrevet med. Eg minna informantane på at det er frivillig å delta i forskingsprosjektet, og at dei når som helst kunne trekke seg frå studien utan at det vil føre til negative sanksjonar for dei (Ringdal, 2018, s. 60). Nokre informantar skreiv under på samtykkeerklæringa før intervjuet og sende til meg på e-post, medan andre ga samtykke munnleg før intervjuet.

3.6.2 Konfidensialitet

Eit anna viktig forskingsetisk prinsipp er at all informasjon om personlege forhold eg samlar inn må behandlast fortruleg og konfidensielt (Ringdal, 2018, s.62). Det betyr at informasjon som kan identifisere informantane, må anonymiserast slik at det ikkje kan førast tilbake til

informanten (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 117). I transkriberinga erstatta eg namn, stadnamn og liknande som kunne direkte identifisere informant eller andre, om til dømes *namn* eller fiktive namn.

Eg transkriberte lydopptaka raskt etter gjennomført intervju. Lydopptaka blei sletta etter transkripsjonen, utanom lydopptaka med munnleg samtykke. Eg klipte ut det munnlege samtykke, og sletta resten av opptaket. Bandopptakaren blei lagra i eit lås skap der berre eg hadde tilgang. Liste over fiktive namn og ekte namn blei lagra åtskilt, det òg låst inne i eit skap berre eg hadde tilgang til.

Det er mykje som informantane fortalte om som hadde vore spennande å ta tak i, men som saman med anna informasjon kunne medføre at andre kunne gjenkjent, og som var vanskeleg å anonymisere utan å misse essensen. Difor utelot eg noko empirisk materiale i analysen. Eg har soleis sikra at informantane ikkje kan bli identifisert, verken i det publiserte materiale eller at andre har tilgang til identifiserande informasjon om informantane. Alt av datamaterialet vil bli sletta etter prosjektets avslutning 31.12.2024. Sluttdato er satt ut i tid for å ta høgde for eventuell skriving av rapport eller artikkel.

Kapittel 4: Resultat

Mitt heilskaplege inntrykk av informantane er at alle er opptekne av og ynskjer at born med nedsett funksjonsevne skal bli inkludert i speidaren. Å vere ein arena der alle skal kunne oppleve meistring og høyre til er eit viktig samfunnsansvar som speidaren har teke på seg, men er samstundes vanskeleg og stort.

Resultata blir presentert i to delar. Den første delen vil handle om ulike tilnærmingar (ordinært tilbod, særtilbod og hybridtilbod) for å inkludere personar med nedsett funksjonsevne i speidaren. Eg vil her legge fram tankar og erfaringar informantane formidla kring dei ulike tilnærmingane, og likskapar og ulikskapar i aktivitetane dei har. Den andre delen vil handle om barrierar speidarleiarane opplever mot å inkludere denne gruppa i speidaren. Barrierane vil bli summert opp under temaa “mangel på leiarressursar” og “kommunikasjon og samarbeid”.

I innleiingskapittel (1) og metodekapittelet (3) skreiv eg at nedsett funksjonsevne er ein vid kategori, og rommar mange ulike typar funksjonsnedsetting. I denne studien var det opp til informantane å definere funksjonsnedsetting sjølv. Det kan vere grunnlag for tolkingsfeil, då det var opp til informantane å definere det sjølv, og det kunne bli kræsje mellom mine og informantens si definisjon om det. I begge tilnærmingane for inkludering var det med både personar med fysisk funksjonsnedsetting, som rullestolbrukarar og synsnedsetting, og kognitive funksjonsnedsettingar, som autisme og down-syndrom. I tillegg omtalte informantane born med ulike atferdsutfordringar, der nokre hadde typisk ADHD, medan andre ikkje hadde noko funksjonsnedsetting som var kjent. Graden av funksjonsnedsetting er ikkje diskutert i oppgåva. Kvar enkelt informant hadde ikkje erfaring frå alle typer funksjonsnedsettingar, men til saman hadde dei erfaring med å inkludere personar med ulike funksjonsnedsettingar.

4.1 Praksis for inkludering

4.1.1 Tilnærmingar: Ordinært tilbod, særtilbod og hybridtilbod

Begge speiderforbunda har inkludert personar med nedsett funksjonsevne i speidaren i hovudsakleg to ulike tilnærmingar. Den eine tilnærmingen handlar om å inkludere i det ordinære tilbodet, altså det allereie eksisterande tilbodet. Den andre tilnærmingen er å opprette eit eige tilbod som famnar alle som har funksjonsnedsettingar i eit eige tilbod, kalla særtilbod. Dei ordinære tilboda var berre for born. Særtilboda varierte kven dei var for, og det var variasjon i kva aldersspenn særtilboda var for. I tillegg opererte ein informant med ein hybridversjon av dei to tilnærmingane. Eg vil i dei fylgjande avsnitta legge fram likskapar og ulikskapar på korleis dei ulike tilnærminga praktiserast.

4.1.1.1 Ordinært tilbod – «å ha mangfald i mangfaldet»

Alle speidarleiarane har erfaring med å inkludere personar med nedsett funksjonsevne i det ordinære tilbodet. Det vil seie at dei har forsøkt å leggje til rette at dei kan vere med i det allereie eksisterande tilbodet.

Mange av informantane meinte at det bør vere slik at det ordinære tilbodet er så mangfaldig og har plass til alle, at det ikkje er behov for særtilbod. Idealet hjå informantane er å inkludere i det ordinære tilbodet. Ein informant trekk fram at ho trur at alle ynskjer å gå på fritidsaktivitetar med jamnaldrandre klassekameratar, og at ein difor ikkje skal strebe etter å skilje personar ut i særtilbod.

Å blande ulike personar i ei gruppe kan ha mange positive effektar. Blant anna trakk informantane fram at dei trur det kan berike den enkelte i form at større nettverk, redusere frykten for det som er ukjent og at det kan gjere ein meir rusta til å møte verda når du speglar litt av verda i speidargruppa. Detet byrjar blant anna ved å sjå på dei med funksjonsnedsetting som ein ressurs, og ikkje berre ein byrde eller hindring.

Sigrid: Blir ein integrert i den gruppa (*ordinært tilbod, min kommentar*), så tenker eg at det er utruleg verdifullt. Både for dei som må lære seg å ta omsyn til Per, samstundes som Per vil få eit ganske godt nettverk rundt seg. Slik eg ser det så er dette ein sånn vinn-vinn.

Ein del av informantane var òg oppteken av at det ikkje skal bli for mange med utfordringar i ei gruppe, at det må vere ei balansegang. Blant grunnar til kvifor trekk dei fram at det krev for mykje leiarressursar i form av merksemd og fokus, og at dei utan funksjonsnedsetting då vel å slutte. Sjølv om informantane meinte at speidaren er for alle, er dei likevel inne på tanken om at den kanskje ikkje er for alle.

Viktoria: For leiarane sin del, så er det også noko med å vite at det faktisk går an å seie nei. Til kvar ein pris så skal ein ikkje gjere det då. Viss det dreg med heile speidargruppa og heile leiargruppa ned i dragsuget, fordi du med det eine barnet prøvde alt og så feila det, då.. Det er noko med liksom heile bilete.

Mange informantar fortalte at det er eit punkt som kjem i 10-12 årsalderen, og dei fleste som ikkje klarar å henge med på det aukande forventning- og kravspresset, sluttar. Sigrid fortalte om eit tilfelle der klassekameratar kjente personen med nedsett funksjonsevne frå før av, og at det gjorde at det fungerte å ha med Per så lenge klassekameratane var med.

4.1.1.2 Særtilbod: Der ordinært tilbod ikkje passar

Mange av informantane trakk fram at dei ikkje synst det er riktig og er redd for å skilje ut folk i særtilbod. Det beste er om ein får til inkludering i det ordinære tilbodet. Likevel meinte informantane at det ordinære tilbodet ikkje passar for alle. Sigrid meinte at enten så må dei allereie eksisterande gruppene legge til rette for å ta i mot born og unge med spesielle behov, eller så må ein opprette eit særtilbod. Lars legg ord på kva han meiner:

Ein gong hadde vi litt mange i ein og same eining, og som var på eit stadie der dei ikkje heilt kunne følge det vanlege speidarprogrammet. Og då byrja vi å lure litt på om vi skulle opprette ein eigen eining, men då stod det for det første så måtte du finne nokre leiarar som ville gjer berre det. Også tenkte vi at det var jo eigentleg ikkje.. Det blir fort ei sånn stigmatiseringsgreie som ikkje vi likte, og som vi ikkje følte heilt harmonerte med tanken rundt speiding på ein måte...det er plass for alle.

Det var mange informantar som fortalte om at dei har hatt tilfelle der borna har vore krevjande å ha med å gjere, men at dei ikkje visste om eller kva utfordringar borna hadde. I særtilbodet kjem alle borna med definerte utfordringar, og både Bodil og Hilde trakk fram at dei tykte det var lettare.

Det kom ikkje fram så mange grunnar til kvifor dei meiner at det ordinære tilbodet ikkje passar for alle, men ein av grunnane er at det sett for mykje grenser for dei andre i gruppa til å

kunne gjere det ein ynskjer. Bodil fortalte om ein gong dei hadde med ei jente som ikkje kunne vere med på ein aktivitet, og som då sat grenser for kva dei andre i det ordinære tilbodet kunne gjere. Dette var grunnen til at ho ynskte å starte særtilbod. Enten kan ikkje gruppa gjere det dei vil, eller så kan ikkje personen med nedsett funksjonsevne vere med, og Hilde meinte at i sånne “begrensingstilfeller” er det godt å ha sin eigen gjeng.

Ei av speidergruppene har ei hybrid løysing der dei med nedsett funksjonsevne er med i både ordinært tilbod og særtilbod. Dei får då bestemme sjølv, i samråd med føresette og speidaren, kva tilbod som passa best for dei. Dei kan vere medlem i begge samstundes, då medlemskap i det eine tilbodet ikkje utelukkar ikkje medlemskap i det andre tilbodet.

4.1.2 Aktivitetar i dei ulike tilnærmingane

Når det gjeld kva type aktivitetar ein har hatt med personar med nedsett funksjonsevne, sa samtlege av speidarleiarane både i det ordinære tilbodet og i særtilbodet at dei har vanlege speidaraktivitetar. Alle informantane i særtilbodet snakka om at aktivitetar som inkluderte matlaging - gjerne mat på bål, var ein av dei viktigaste aktivitetane, fordi det famna stort sett alle og ga dei meistringskjensle.

Sigrid: Og det som aldri har slått feil er når vi har mat på bål.. Alle blir tiltrukne og fascinert av bål uansett kjønn, alder og om ein har utfordringar eller ikkje. Mat på bål, det var alltid ein hit.

Å ha aktivitetar som kan delast opp i fleire aktivitetar var ein ting som både Andrea og Bodil drog fram. Mat på bål er eit døme dei trakk fram som ein lett kan delegere til ulike personar etter behov og preferansar.

Hilde sa dette på spørsmål om kva aktivitetar dei har i særtilbodet:

(..) det skal ikkje vere nedverdige. Det skal ikkje vere sånn at dei då blir sittande inne å vente på at dei andre gjer noko spanande. Det blir heilt feil. Så du må finne gode alternativ.

Ein av informantane stilte spørsmål til om kva aktivitetar som eigentleg er ekte speidaraktivitetar. Ein burde kanskje tenke litt annleis på det for å få aktivitetar som fleire kan vere med på.

4.1.2.1 Tilpasning: Kva nivå skal ein legge seg på?

I særtilbodet var informantane opptekne av at ein skal legge lista der dei som er med i gruppa sitt meistringsnivå er. Bodil uttalte at ho meinte at ein ikkje bør lage eit minste felles «multiplumsarbeid» i speidaren, då det kan veldig kjedeleg. Det er her ho meiner ein finn særtilbodet si styrke; krava kan senkast og lettare tilpassast dei som er med utan at ein set grenser for andre som er treng større utfordringar.

Nokre informantar har tilpassa dei fleste aktivitetane til dei som er med i gruppa, men at det er nokre aktivitetar ein gjennomfører som enkelte av borna ikkje kan vere med på.

Martin: Så er det jo noko med det der å finne den balansegangen i forhold til, når ein har born med utfordringar med i eige gruppe, då.. At kva type aktivitetar planlegg vi. Og då er det jo det ein sånn balansegang med at vi.. (..) vi kan jo ikkje sei at vi aldri skal ha klatremøte eller rappeleringsmøter fordi vi har *NN* i rullestol.

I det ordinære tilbodet har nokon grupper aktivitetar der ikkje alle kan vere med, til dømes haik (tur i patruljen utan vaksne). Informantane meinte at då kanskje må lage eit alternativ til dei som ikkje kan vere med, men at det likevel er ok å ikkje tilpasse alle aktivitetane ein har.

Hilde frå særtilbodet meiner at det er viktig å ha aktivitetar der alle på ein måte føler dei er inkludert. Ho har alltid i hovudet at alle dei ho har med må kunne vere med på det ho planleggar. Samstundes meiner ho at ho ikkje kan forandre programmet såpass i det ordinære tilbodet som ho kan gjer i særtilbodet.

Andrea uttrykte at ein allereie bør gjere speidaren tilgjengeleg for alle med ein sånn «generell utformingsgreie», til dømes med eigna lokaler. Ein bør tenke litt igjennom kor ein vel å ha speidaraktivitetar.

4.2 Barrierar for inkludering

4.2.1 Mangel på leiarressursar

Dei aller fleste informantane, uavhengig av om det var ordinært tilbod eller særtilbod, drog fram at ein av største hindringane for å inkludere personar med nedsett funksjonsevne er manglande leiarkapasitet. Opplevinga deira er at born med nedsett funksjonsevne ofte krev meir av leiararane, og gjerne ein-til-ein oppfølging. Lars skulle gjerne ynskje at dei som leiarar hadde hatt betre tid til å inkludere alle i speidaren. Martin meinte at det er ei grense for kor mykje ein skal seie at frivillige skal handtere på eige hand, og at ein ofte ikkje har nok ressursar til å handtere born med utfordringar.

I motsetning frå det mange av informantane trekk fram om manglande leiarkapasitet, sa Hilde dette:

Eg har vandrarene (5.-10.-klasse, *min kommentar*) også (..) Det krev dobbelt så mykje av meg i vertfall. Og det er heilt motsett av det folk trur (..) Sant, vi har jo utfordringar, men i forhold til det med vanleg speidargruppe, så er det mykje meir krevjande. (...) Fordi når vi har eit møte med dei i *namn på særtilbod* og planlagt kanskje at vi skal ha noko bål og så skal vi ha..ja..ein eller anna aktivitet og litt ulikt, så går det stort sett som vi har planlagt”. (..) Og alle er fornøgd og alle er blid. Når du kjem heim frå vandarmøte, så ja..så gjekk ikkje det som du plana og så var det nokon som ikkje gadd det. Og så er det.. Ja..så tenker eg “no var du mislukka som leiar igjen”. Det er to heilt ulike opplevingar.

Vidare meinte Hilde at to personar fint kan ha ei gruppe på seks- sju stykk med funksjonsnedsetting. Ho meinte at det å inkludere personar med funksjonsnedsetting i det ordinære tilbodet krev meir leiarressursar, enn det trengst i særtilbod. Samstundes må ein ha leiarar som har høve og er villig til å drive det.

For dei informantane som har mangla leiarkapasitet, har alle prøvd å hatt ekstra ressurspersonar i form av foreldre, støttekontakt eller andre. Kven denne personen har vore og korleis det fungert, har informantane ulik erfaringar med. Hilde fortalte at dei i det ordinære tilbodet har krav om støttekontakt, men i særtilbodet har dei ikkje krav om at nokon skal ha støttekontakt med seg i særtilbodet. På spørsmål om kvifor dei ikkje har krav om det seier ho dette:

Vi ser jo at det då blir veldig fort to personar her og to personar der. Og ikkje ei felles gruppe. Så viss vi skal ha med nokon som er støttekontakt, så er kravet at du ikkje er støttekontakt til den personen der, du er medleiar som er ein del av gjengen saman med oss andre. (...) Det er jo unntak sjølvsagt. Det er personkvalitet.

Dei fleste drog fram at ein ikkje har ressursar til ein-til-ein oppfølging. Før dei eventuelt har gått over til å ha støttekontakt, har mange prøvd å ha ein leiar dedikert til det barnet eller borna som er i gruppa. Lars fortalte at når dei har fått born med spesielle behov, så krev det ekstra leiarar, og det er ikkje alltid dei har lukkast med det. Dei gongane det har lukkast er det nokre leiarar som har vore spesielt dedikerte til dei borna som gjer det mogleg å ha dei med. Lars fortalte om ei spesifikk hending:

Det var ei jente ein gong som hang med i mange år, fordi det var ein leiar som.. Dei fekk berre ein god relasjon, som gjorde at når dei skulle gå fjellturar, så klarte han å få ho med, men ho var jo.. Dobbelt så lang tid som dei andre brukte opp der, men vi klarte det og (..) men det er jo det at ein må ha den personen då, og dei er vanskeleg å finne frivillig, at dei gjer det frivillig.

Lars låg vidare vekt på at det er eit stort ansvar som ligg hos speidarleiarane når dei har med born med nedsett funksjonsevne, til dømes ved medisintaking.

4.2.1.1 Bruk av foreldre

Nokre informantar tykte ikkje det fungerte å ha med personar med nedsett funksjonsevne, med mindre foreldra var med sjølv.

Lars: Men han hadde ein veldig dyktig far som var med som leiar i alle år. (..)Det hadde jo ikkje skjedd viss ikkje han faren...Vi hadde aldri klart å følge han opp på den måten. (..) Det nyttar ikkje å ha med foreldre viss dei berre står på sidelinja, og ja.. eg skal vere her for at mitt born skal få lov å gå på dette tilbodet her, så fungerer det som regel utruleg dårleg. Dei må liksom gå inn i rollen som leiar i ein eining.

Martin var oppteken av at borna skal sleppe å ha med mamma og pappa på speidaren, men ser likevel at det i nokre tilfelle er det einaste og beste alternativet viss ein skal ha ein ekstra person med.

Bodil fortalte om ei mor til ein speidar som ynskte at han skal kunne gå på fritidsaktivitet utan at ho må vere med, fordi barnet blir heilt stille når mora er med. Når ho ikkje er med, så pratar han med dei.

4.2.1.2 Bruk av støttekontakt

Alle informantane hadde i større eller mindre grad erfaring med bruk av støttekontakt, og det varierte kven personen var og kva erfaringar dei har med det. Dei fleste av informantane er opptekne av at det viktigaste med ein ekstra ressursperson eller støttekontakt er at den skal blende inn og at ikkje borna skjønar at den personen er med for å passe på ein spesifikk person.

Støttekontakten har enten vore betalt av kommunen eller av speidargruppa sjølv. Unge personar, ofte roverar (16-25 år), har vore hyppigast brukt. Informantane trekk fram at det er positivt at støttekontakten har kjennskap til speidaren:

Martin: Dei bør jo ha littegrann interesse for friluftsliv. Du treng ikkje nødvendigvis å vere speidar for å vere støttekontakt for eit born i speidaren, men det er jo greitt at du synst det er greitt å vere ute, og at det er innafor å sove i telt eit par gongar i året. (...) Alle dei har fungerte greitt då, men det er jo klart, har du ein som er tidlegare speidar, så har dei jo på ein måte med seg speidarerfaringa då. Det er jo ein fordel, men treng ikkje vere.

Lars fortalte om ein gong dei hadde med støttekontakt utan kjennskap til speidaren:

Nokre born har jo hatt ein støttekontakt som dei har hatt, men som då ikkje har peiling på speiding. Og ja, dei skal følge dei på speiding, men så står dei jo berre på sidelinja og så er det eigentleg lite hjelp at dei er med det barnet fordi at "nei, eg er ikkje speidar".

Informantane påpeikte at det ofte er mykje ansvar med borna, som medisintaking og samarbeid med foreldre. Det er ikkje sikkert unge leiarar er moden nok for ansvaret det inneber å vere støttekontakt Lars fortalte eit anna døme der dei har brukt roverar (16-25 år) som støttekontakt:

Dei gongane vi har klart å halde nokon i lupen her hos oss, er når vi har betalt roverar for å gjere den jobben. Då er det igjen det å finne dei roverane som er modne nok til å gjere det, og vil bruke tid på det (...) Når vi fyrar inn roverar og sånt noko, så får dei ei rolle som dei kanskje ikkje alltid er vaksne nok til (...). Dei er kanskje for unge til å ha den kontakten med foreldra.

Bodil snakka om at dei ein gong hadde ein person med nedsett funksjonsevne med i speidaren, der bruk av støttekontakt kom an på aktiviteten dei hadde:

Heilt unntaksvis så hadde vi vertfall ein med seg støttekontakt.. Vi skulle ha bål, og så lenge han guten fekk stå å hugge ved, kløyve ved til bålet heile møtet igjennom, så

trengte ikkje han støttekontakten som var med å gjere noko som helst. Men viss han ikkje hadde vore der, viss oppgåvene hadde vore annleis, så hadde det ikkje fungerte i det heile teke. Men.. Det er jo det som er speidaren sin styrke at ein har.. Har veldig mange ulike oppgåver då som er viktig.

4.2.1.3 Bruk av «gamle» speidarleiarar

Nokre av informantane trakk fram at denne jobben passa godt til «gamle» speidarar, både i betydning av alder og i betydning av leiarar som har vore med før, men som av ulike grunnar har slutta. Bodil meinte at særtilbodet kan passe bra for eldre personar, då det er tolmod du skal ha mest av. Sigrid si erfaring syner at dei yngre leiarane enklare får kontakt med dei med nedsett funksjonsevne, enn dei som er litt eldre. Lars fortalte at det hadde vore ein ynskjedraum å få gamle speidarar til å stille opp, og bruke dei som ein ressurs til å bistå den/dei med nedsett funksjonsevne. Dei har kjennskap til speidaren og er modne nok til å ta ansvaret som det inneber.

4.2.1.4 Å ikkje vere avhengig støttekontakt e.l.

Martin fortalte om ein speidar i rullestol som hadde støttekontakt, men som òg var oppteken av at han ville klare å gjere litt sjølv, og at det ikkje skulle vere sånn at han hadde nokon oppe i seg heile tida. To informantar har erfart ein prosess med lausrive seg frå avhengigheten av ein person, i begge tilfella frå foreldre:

Andrea: Nokon hadde sånn at foreldre køyrde dei til speidarmøter og så satt dei seg inne og på ein måte var tilgjengeleg, men dei satt berre der og leste ei bok. Også .. men dei.. Ja, dei berre var på ein måte i nærleiken då. Og på ein .. og det var jo på ein måte ein del av meistringa. For nokon av dei var jo det at liksom.. i løpet av det eine året fekk dei på ein måte.. dei gjekk ifrå at dei hadde foreldre med, og heldt dei i handa heile tida til at dei til slutt var dei på faktiske halvanna time på speidarmøter aleine. Altså.. At det i seg sjølv var meistring på ein måte.

Sigrid: ..og så har vi den speidaren som har vore med no i fleire år, som byrja med at ein av foreldra var i nærleiken på..når vi hadde speidarmøtene. Men som etter kvart byrja å kome aleine, fordi vedkommande var så trygg på oss som leiarar.

4.2.2 Kommunikasjon og samarbeid

4.2.2.1 Kommunikasjon og samarbeid med føresette

I tillegg til behov for ein «ekstra ressursperson» i speidaraktivitetane, var kommunikasjon med føresette ei hindring som dei aller fleste speidarleiarane både i ordinært tilbod og særtilbod trakk fram. Mange av informantane fortalte at dei skulle ynskje at dialogen med føresette til borna var lettare, og at dei sakna at dei var meir opne om diagnosar og behov i forkant. Denne dialogen meiner informantane kan bidra til alle får det enklare, den som har funksjonsnedsettingen, dei andre borna og leiarane i speidaren.

Lars: (..) men det sitte langt inne hos mange foreldre, og dei har sikkert opplevd og at borna deira ikkje har fått lov å vere med fordi at dei har vore ærleg på dei tinga. Og då blir det ikkje oppgitt, og vi som sit med problemet. Og det er eigentleg dumt. Viss vi startar med å snakka om tinga før borna byrjar, og legg ein plan for kva vi skal gjere, så har vi som regel fått til mykje betre utfall, enn at dei kjem inn og det går nokon gongar, så seier leiarane til meg, “du, kva er dette her for noko?”. Då.. Det er ein dum start for alle. Men det skjer rett som det.

Sjølv om dei i særtilbodet kjem med ein meir definert funksjonsnedsetting, meinte Bodil at dialogen med føresette er viktig, fordi alle er ulike. Sigrid fortel at dialogen med foreldre er viktig uansett, om det er born med nedsett funksjonsevne eller ikkje.

Har ein ein god kommunikasjon, så kan vi få til veldig mykje når ein snakkar saman. (..) Dialogen med foreldre betyr mykje for å legge til rette for eit godt program for dei unge. Og kjenne til.. Litt utfordringar som dei har (...) Og i særtilbodet, så tenker eg at.. Der er det også viktig med dialogen med foreldre, for å vite om Per.. Har noko problem på den eine eller andre måten.. Sånn at ein forebygger flest eller unødvendige konflikhtar. Og det kan vere noko så enkelt som at..glas.. Viss det skal ha noko å drikke, at det er den fargen på koppen, at det må vere rett farge på koppen til dømes. Alle sånne småting, som foreldre tek for gitt.

Mange av informantane drog fram at dialogen og samarbeidet med foreldra nesten er ei forutsetning for å lukkast med at borna får delta i speidaren. Viktoria meinte at det alltid hjelper når føresette seier ifrå om at barnet deira har ein funksjonsnedsetting. Lars fortalte om ei hending der dei lukkast med samarbeid med foreldra:

No har vi ein som (..) egentleg byrja seint i speidaren, men faren hans starta med å sende mail og sa at sonen hadde dei og dei problema, og om vi trudde vi kunne finne ut og gi han eit tilbod. Og så var det heldigvis ein i den troppen, som sa at eg synst vi skal ta ein prat med faren, og no har han vore med i *tre* år (...) Så det er ein av dei gode historiane om at det kan la seg gjere, men det krev jo kommunikasjon.

Nokre av informantane har opplevd å ha born i speidaren der ein tydeleg merkar at barnet har utfordringar, men føresette ikkje har sagt noko det. Då har nokon av dei valt å ta ein dialog med føresette om det. Tre informantar har ulike erfaringar om korleis det blei motteke av føresette.

Martin: Men du må tørre å ta den dialogen, den er ikkje like enkel alltid (...) Tørre å vere litt direkte mot foreldra og sei at “du har ei datter eller du har ein son med nokre utfordringar, korleis kan vi gjere dette for at det her skal funke då”? (..) Ofte så har det blitt mykje betre når eg først har teke den samtalen. Og det å tørre å snakke høgt om det.

Lars: Viss vi kjem til det punktet at vi må sei til folk at då kan ikkje ditt born gå viss det blir sånn, så mottas jo ikkje det alltid så positivt, kan vi godt seie.

Viktoria: Det var ikkje så veldig gøy å sei det til foreldra sånn.. “hei, her er endå ein fritidsaktivitet barnet dykkar ikkje klarar å handtere”. Så det var litt sånn der, når vi møtte dei på gata i ein månad etterpå, så var det litt sånn der.. Småsinne blikk.. Veldig.. Ikkje så veldig gøy.

4.2.2.2 Samarbeid med andre

Informantane nemnde fleire dei sakna samarbeid med, som kunne har hjelpt dei å inkludere fleire med nedsett funksjonsevne i speidaren. Organisasjonen og forbundskontoret dei er ein del av blei hyppigast trekt fram.

Når det kjem til samarbeid med organisasjonen, var det fleire av informantane i særtilbodet som sakna formalisering og anerkjenning av særtilbodet i organisasjonen. Bodil trakk fram at ho tykte det er viktig at personar med funksjonsnedsetting finn ei gruppe dei kan kjenne seg igjen i. Mange av informantane var opptekne av at det skal finnast materiale lett tilgjengeleg viss nokre personar ser eit behov for å starte eit særtilbod for personar med nedsett funksjonsevne. I tillegg sakna dei generelt meir kompetanse på feltet i speidarorganisasjonane. Eit forslag til å auke kompetansen var å ha ein på forbundskontoret som kunne vore ein ekspert eller mentor som kunne hjelpt i situasjonar der ein ikkje får til

inkluderinga sjølv. Vidare meinte Andrea at det er viktig å huske på at speidaren er ikkje ekspertar på diagnosar og tilrettelegging, men ekspertar på speiding, og det kan vere ein fordel å få hjelp frå nokon som kan det betre, til dømes interesseorganisasjonar.

Kapittel 5: Drøfting

Studien sitt føremål er å få innsikt i erfaringar speidarleiarar i Noreg har med å inkludere personar med nedsett funksjonsevne i speidaren. Fire hovudkategoriar og subgrupper har blitt identifisert og presentert. I dette kapittelet vil eg drøfte funna frå kapittel 4 i lys av teorien presentert kapittel 2. Drøfting blir delt i to delar: *praksis for inkludering* og *barrierar for inkludering*.

5.1 Praksis for inkludering: Ulike tilnærmingar og aktivitetar

Den første drøftingsdelen er knytt opp mot forskingsspørsmålet; *Kva ulike tilnærmingar for inkludering trekkjer speidarleiarar fram, og kva ulemper og fordeler har det?* Eg vil diskutere dette spørsmålet i lys av dei empiriske funna, samt relevant teori knytt til dette.

5.1.1 Inkluderingsideal og kulturperspektiv

Noko av det informantane fremja kan bli spegla i ein lang kulturtradisjon i Noreg. Her i landet strekkjer vi oss langt for å inkludere menneske med funksjonsnedsetting i mange deler av samfunnet, men spesielt innafor grunnutdanninga (NOU, 2003:16, s.88). Det kan både henge saman med at det dei siste 50 åra har vore ei gradvis nedbygging av spesialskular, men òg at andelen elevar i ulike typar spesialskular i utgangspunktet aldri har vore høg i Noreg (Haug, 1998, i Lundebj, 2006, s.103). I opplæringslova (1998, § 5-1) står det at «elevar som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning». Vidare i lova (§ 5-4) står det at «skolen skal ha vurdert og eventuelt prøvd ut tiltak innanfor det ordinære opplæringstilbodet med sikte på å gi eleven tilfredsstillande utbytte før det blir gjort sakkunnig vurdering». Slik eg tolkar det vil det seie at ein ikkje berre har rett på tilpassa opplæring, men at den tilpassa opplæringa helst skal skje i klasserommet, og ikkje som eit segregert tilbod - så langt det er mogleg å få til. «Så langt det er mogleg» kan vere uklårt å forholde seg til, og er veldig open for tolking.

Speidaren er ikkje omfatta av opplæringslova, men tanken om at det ordinære tilbodet er det beste, er innarbeid i norsk kultur og har soleis overføringsverdi til speidaren. Det kan kanskje spegla korleis speidaren er organisert, og farge kva haldningar både speidarforbunda og

speidarleiarar har til det. Forsking syner at born og unge med nedsett funksjonsevne deltek i mindre grad i fritidsaktivitetar enn andre born og unge (Bufdir, 2021; NOU, 2016:17, s. 155-156; Shields & Synott, 2016). Menneske med utviklingshemning blir i liten grad inkludert i dei ordinære tilboda, men i større grad i tilrettelagte aktivitetar, og det aukar når borna blir eldre (NOU 2016:17, s.158; Wendelborg, 2014, s.43). Både NSF og KFUK-KFUM har ein egalitetsideologi der dei ynskjer at alle skal få vere med i speidaren, noko som inneber å legge til rette for at personar med nedsett funksjonsevne skal få delta. Informantane mine praktiserar inkludering av personar med nedsett funksjonsevne i ordinært tilbod, særtilbod og som ein hybridversjon av dei to tilnærmingane. I rapport for inkludering erkjenner KFUK-KFUM-speidarane (2022) at det er mange ting som framleis må gjerast i organisasjonen for å kunne inkludere alle, men er usikre på om det å opprette særtilbod er det riktige.

Det er viktig å få fram dei kulturelle rammene, då ein må ta høgde for omgjevnadane som er i det konkrete samfunnet individ lev i, noko Lid (2013, s.27) kritiserer den relasjonelle modellen for å ikkje gjere. Beveger vi oss ut av Noregs grenser til dømes til Finland og Nederland, har dei eigne speidargrupper for personar med nedsett funksjonsevne, noko som kan tyde på større aksept for å ha særtilbod i desse landa (Scouting Nederland, u.å; Musse, 2022). Eg har ikkje funne mykje forskning på skilnaden mellom ordinært tilbod og særtilbod i spesifikt speidaren eller i fritidsaktivitetar generelt. Difor tenker eg det er interessant, relevant og ikkje minst naudsynt å dra parallellar mellom spesialundervisninga i skulen og til dei ulike praksisane som er i speidaren.

5.1.2 Fordeler med ordinært tilbod: Sosial kapital og redusering av framandfrykt

Mange av informantane la vekt på at dei trudde det var viktig at speidarane fekk utvida nettverket sitt, og at det best lot seg gjere i det ordinære tilbodet. Fritidsaktivitetar kan gi tilgang til ei sosial arena (Sletten et.al, 2015), og gjennom denne arenaen kan ein skaffe seg eit sosialt nettverk, som då blir ein del av ein person sin sosiale kapital. I speidaren finn ein både den samanbindande og den brubyggjande formen for sosial kapital (Putnam 2000), og dei eksisterer på fleire måtar.

Først og fremst kjem den samanbindande formen for sosial kapital til uttrykk då menneske kjem saman med ei felles interesse i speidaraktivitetar. Det markerer ei grense til dei som ikkje er interessert i det (Hvinden, 2005, s.18). Den brubyggjande formen for sosial kapital er

kanskje den mest interessante å sjå på i denne samanhengen. Sjølv om ein har ei felles interesse som bind ein saman, kan ein som personar vere veldig ulike. Dette gjeld ikkje berre funksjonsnedsetting eller ei, men òg alder, kjønn og så vidare (Putnam, 2000, s.23-24). I speidaren møter ein personar som ein kanskje elles ikkje ville møtt, eller sjansen ville ha minka for å møtt dei. Ved å då blande personar som har nedsett funksjonsevne og dei som ikkje har det i same speidergruppe, kan det auke den brubbyggjande formen for sosial kapital i speidaren, då ein skapar forbindingar mellom personar som er ulike kvarandre. Både for individ og samfunnet som heilskap, kan dette vere eit gode (Putnam, 2000, s.20), som eg no skal gå nærare inn på.

Informantane mine meinte at enkeltindivid kan få ressursar og goder gjennom denne brubbyggjande formen for sosial kapital. Å få utvida nettverket sitt kan auke tilgang til informasjon, samhandling og sosial kontakt, og ein kan dra nytte av dette for å kome seg «opp og fram». Dette nettverket kan innehalde potensielle ressursar som ein ikkje får andre plassar, som ein kan få bruk for i ulike samanhengar (Putnam, 2000). Det har ikkje berre betydning for dei her og no, men kan vere nyttig seinare i livet. Dette er ifølgje Briggs (i Putnam, 2000, s. 23) avgjerande for å «kome seg vidare» («getting ahead») i livet. Dette er ikkje berre ein viktig ressurs for enkeltindivid, men også for samfunnet, i dette tilfellet speidaren. Ulikskap mellom individa i speidaren, kan skape nye fellesskap, impulsar og ressursar, som igjen gjer det mogleg å skape noko nytt saman (Putnam, 2000. s.23). På den måten kan speidaren utvikle seg og vokse. For informantane mine var dette ein viktig fordel som talte for å inkludere personar med nedsett funksjonsevne i det ordinære tilbodet.

I tillegg meinte nokre av informantane at viss ein samlar alle i ei gruppe, som det ordinært tilbodet gjer, så vil ein redusere frykten for det som er framand. Ein av informantane meinte at ein kan bli meir rusta til å møte verda når speidargruppa speglar litt av verda. Lord Baden Powell, grunnleggjaren av speidaren, har eg høyrte gjennom mi tid i speidaren at ein gong skal ha sagt at han ynskja å skape samfunnsopplyste, unge menneske og at speidaren skal hjelpe deg vidare ut i verda. Viss ein har vore borte i menneske med ulike typar nedsett funksjonsevne, kan ein lære seg at det ikkje er så skummelt, og at personar med nedsett funksjonsevne er heilt normale, greie menneske. Dette er kanskje det Hogg (2001, s.187) meiner er det problematiske med stigmatisering. Ein ser ikkje individet, men har førestillingar om korleis den enkelte personen er basert på tankar om kategorien personen er plassert i. Difor kan det å blande i ordinært tilbod anerkjenne dei med funksjonsnedsetting som individ,

og rett og slett redusere frykten for det som er ukjent (Edøy, 2015, s.32). Stigmatiseringa ein hadde før ein blei kjent med den som har funksjonsnedsetting, kan blir nedbrote (Tøssebro, 2010, s.62). Ein informant meinte at dette kan gjere til at ein kan skape ein bagasje med kunnskap som er nyttig viss ein møter personar utanfor speidaren som er like dei ein har møtt i speidaren. Uansett er alle individ unike, og til og med personar med same diagnose/funksjonsnedsetting kan vere veldig ulike. Det vil seie at viss du har møtt ein med autisme, så har du berre møtt ein med autisme.

I ein informant sine auge byrja reduseringa av framandfrykt rett og slett ved å sjå på dei med funksjonsnedsetting som ein ressurs, og ikkje berre ein byrde eller hindring. Å betrakte variasjonar og ulikskapar blant menneske som ein ressurs, meiner Tengqvist (2007, s.80) er ein del av empowerment-perspektivet. Martin fortalte om ei speidargruppe som deltok i Noregs- meisterskap i speiding, der eit av borna (som blei sett på som utfordrande av informanten), hadde ei særinteresse for eit tema som bidrog til at dei fekk til å svare på mange spørsmål under ein av oppgåvene. Elnan (2010) og Løvgren (2009) finn i deira studiar at undervurdering av kompetanse og meistring er ein av barrierane som hindrar deltaking i fritidsaktivitetar hjå personar med funksjonsnedsetting, og det difor interessant å sjå korleis denne historia viser at dette barnet var ein kjemperessurs som bidrog til eit godt resultat, som dei ikkje hadde klart utan han. Her kan ein kanskje sjå det Tengqvist (2007, s.80) talar om med at riktige forutsetningar gir kompetente menneske. Sidan dette barnet får sjansen (forutsetning) til å vise fram kunnskapen sin, så er han kompetent til å klare det. Alle menneske har ulike forutsetningar, men det er saman ein er sterke og oppnår suksess. Viss alle bidreg med dei ressursane ein har kan ein utfylle kvarandre (Edøy, 2015, s. 32). Dette døme seier litt om kva gevinst brubyggjande nettverk kan gi enkeltindivid og samfunnet, men ein ser kanskje òg den sirkeleffekten som Portes (1998) og Durlauf (1999) kritiserar Putnam for. Det er litt uklart om speidaren kan oppnå suksess ved å bruke den sosiale kapitalen i speidaren, og/eller om den sosiale kapitalen oppstår på grunn av suksessen speidaren oppnår.

5.1.3 Baksider med ordinært tilbod: Ekskludering og aktivitetsnivå

Sjølv om inkludering i det ordinære tilbodet har mange fordelar, må ein tørre å spørje om kva konsekvensar det kan ha. For det første handlar det om kven ein kanskje ekskluderer. Mange av informantane meiner at det å blande alle menneske i ei gruppe er eit godt ideal, men at det

må vere ei balansegang. Blir det for mange og dei som har forsterka behov får alt fokus, så har mange av speidarleiarane erfart at dei som ikkje har forsterka behov sluttar, nettopp fordi det blir for lite fokus på dei. Det vil seie at i forsøket på å inkludere alle i ei gruppe, så ekskluderer ein kanskje andre som ikkje har nedsett funksjonsevne. Eit potensielt dilemma her er at ein kanskje må velje kven ein ynskjer å ha med. Nokre informantar meiner at i dei tilfella der ein har prøvd så å seie alt ein kan for å prøve å få det til å fungere i det ordinære tilbodet, men likevel ikkje går, så er det lov å seie nei. Ein mogleg konsekvens å ha dei med i speidaren kan vere at ein dreg med seg alle ned i dragsuget, og både leiarar og speidarar sluttar. Ein informant stilte spørsmål om det er lov å tenke at speidaren ikkje er for absolutt alle?

For det andre kan eit potensielt problem vere om kva nivå ein skal legge seg på. Det kan oppstå eit dilemma mellom det å ha aktivitetar der alle kan vere med eller om det er ok å ha aktivitetar der ikkje alle kan vere med. Nokre av informantane meinte at viss ein skal ha aktivitetar der alle kan vere med, så vil det jo seie at i speidargruppe der ein til dømes har ein med i rullestol, ikkje kan klatre eller gå på turar som ikkje er tilrettelagt turveg. Det set grenser for kva dei kan gjere, som dei kunne gjort utan personen i rullestol. Då kan ein stille spørsmål om det er bra nok at personen i rullestol er med på klatremøtene, men ikkje klatrar? Alt dette handlar om meistring og utvikling for alle saman, og funna mine viser at speidarleiarane tykkjer det er vanskeleg å finne ei balanse på. Nokre av informantane har erfart at for nokon kan det å vere med i det ordinære tilbodet vere eit evig jag etter eit krav og forventingar ein i liten grad eller ikkje i det heile teke meistrar. Inkludering i det ordinære tilbodet inneber ifølgje Haug (2014, s.17) ein tanke og forventing om at born funksjonsnedsetting fungerer i det ordinære tilbodet. Informantane trur ikkje desse borna får noko særleg utbytte av å vere i det ordinære tilbodet, og kva skal ein gjere då?

5.1.4 Er det her særtilbod høyrer heime?

Begge utfordringane som eg har skissert ovanfor, er noko av grunnen til kvifor nokre av speidarleiarane meiner at særtilbod høyrer heime. Erfaringa frå speidarleiarane tilseier at det ordinære tilbodet ikkje passar for alle, sjølv om det kanskje er idealet. Sigrid uttrykte at ein bør gjere alt ein kan for å legge til rette for personar med funksjonsnedsetting i tilbodet som allereie eksisterer. Viss ein ikkje lukkast med det, så bør ein lage eit alternativt opplegg, fordi det er viktig at alle får eit tilbod i speidaren. Ein av hovudgrunnane til at nokre informantar meiner det bør vere eit særtilbod, er at det set for mykje grenser for kva resten av

speidargruppa kan gjere. Tanken om at alle har rett til ein speidaridentitet står sterkt og dei ynskjer å ha eit tilbod for dei dersom det ikkje går i det ordinære tilbodet.

I særtilbodet samlar ein personar som er tilsynelatande like kvarandre i same bås. Alle har ein form for funksjonsnedsetting som bind dei saman, og det kan då kanskje skapast ein samanbindande sosial kapital i særtilbodet. På same tid kan dei som er i det ordinære tilbodet få gjennomføre aktivitetar som er tilpassa deira nivå, og det er difor enklare å senke krav og forventingar. Gustavsson (1998) finn i si studie at personar med utviklingshemning ynskjer å delta i aktivitetar som er tilpassa deira funksjonsevne, slik at dei får aktivitetar dei meistrar. Det å velje vennskap basert på blant anna interesse og likskap omtalar Gustavsson (1998) som *kvardagslivets naturlege segregering*. På bakgrunn av dette hevder Dahle (2015, s.95) at det kanskje er litt vel optimistisk og naivt å legge til rette for aktivitetar i fellesskap med andre, som det ordinære tilbodet gjer. Dei med nedsett funksjonsevne hadde kanskje trivast betre med andre som har meir lik erfaring som dei. I nokre tilfelle kan det å opprette særtilbod vere føremålstenleg, først og fremst for den som har funksjonsnedsetting, men òg for leiarane og dei andre speidarane.

Samstundes må ein huske på at personar med nedsett funksjonsevne kan vere veldig ulike. Til dømes vil ein åtte år gamal gut med ADHD kanskje ha lite til felles med ei jente på 13 i rullestol. Ved å samle dei i ei gruppe, som særtilbodet gjer, står ein i fare for å generalisere for mykje. Ein kan då byrje å behandle dei likt, fordi ein fort kan sjå på menneska i gruppa som meir like enn dei egentleg er. Det skjer ei slags *depersonalisering* av individa (Hogg, 2001, s.187; Goffman, 1963, s.16). Personar med nedsett funksjonsevne er individ som har ulike behov og forutsetningar (Lid, 2013, s.27), og det einaste som kanskje bind dei saman er at dei har alle ein eller anna form for funksjonsnedsetting. Ein står då i fare for å ikkje sjå nyansane og mangfaldet i dei som blir kategorisert inn i ei gruppe. I tillegg kan ein fort overdriva skilnadane mellom dei i særtilbodet og dei i det ordinære tilbodet. Det er ikkje sikkert at ein er så ulike. I mine funn har det ikkje kome fram noko som tyder på at dette er eit problem. Ingen av informantane fortalte at det var eit problem at så mange ulike individ samlast i ei gruppe i særtilbodet. Tvert i mot - dei spelar på alle sine ressursar, og tilpassar oppgåvene så godt dei klarar til enkeltindivid sitt funksjonsnivå og ynskje. Slik sett kan ein seie at dei ikkje nødvendigvis behandlar dei likt, men det er kanskje lettare å få til i særtilbodet enn i det ordinære tilbodet. Likevel kan det vere lurt å vere medviten over at dette er noko som kan skje.

5.1.5 Baksider med særtilbod: Uttestenging og stigmatisering

Grunnen til at nokre av informantane ikkje meiner at særtilbod er riktig, er fordi dei er redd for at det skulle bli ei «stigmatiseringsgreie» som dei ikkje tykte var heilt greitt. Å skilje nokre spesifikke individ frå den øvrige speidargruppa, kan bli sett på som ein form for segregering. Jahoda et al. (1990) sin studie viser at ved å skape eit segregert tilbod, så står ein i fare for å stigmatisere menneske med funksjonsnedsetting. Personane med funksjonsnedsetting blir òg fysisk utestengt frå samvær med dei som går i det ordinære tilbodet (Kollstad, 2011), og missar fordelane med å vere i det ordinære tilbodet. I tillegg vil dei som er i det ordinære tilbodet misse innsikta, perspektiva og ressursane til dei som ikkje deltek der, noko som påverkar blant anna den sosiale kapitalen i det ordinære tilbodet. Bøckmann (2015, s.132) og Unge funksjonshemmede (2022) meiner at det ikkje er ynskjeleg at særtilbod skal vere den einaste reelle løysinga for å inkludere dei med nedsett funksjonsevne, viss dei kunne ha deltatt i det ordinære tilbodet med ein form for tilpassing.

Eit viktig poeng i denne diskusjonen, som rapporten for inkluderande speiding (KFUK-KFUM- speidere, 2022) legg vekt på, er at det å opprette særtilbod, kan for nokon med nedsett funksjonsevne opplevast som at dei ikkje lenger kan vere ein del av det ordinære tilbodet. Det kan også vere enkelte personar som dett midt i mellom særtilbod og ordinært tilbod. Eit av særtilboda opererer med hybrid løysing der speidarane sjølv, ofte i samråd med foreldre og speidarleiarane, kan velje om dei vil og kortid dei eventuelt skal gå over i særtilbod, eller om dei ynskjer å vere med i begge deler. Det vil seie at i dette tilfelle utelukkar ikkje medlemskap i særtilbodet, medlemskap i det ordinære tilbodet. Å gjere tilbodet hybrid er noko Unge funksjonshemmede (2022) nemnar i si inkluderingsrettleiar som ei mogleg løysing. Då kan ein ha eit tilbod for alle, utan å tvinge nokon inn i eit særtilbod om dei ikkje ynskjer det sjølv (Bøckmann, 2015, s.132). Reelle valmoglegheiter er viktig og fritida er ein plass der born i stor grad bør få velje aktivitet sjølv (Kissow & Klasson, 2018, s.15; NOU, 2016:17, s.152. Dette kan ein knyte saman med maktmobilisering at dei skal, så langt det er mogleg, få bestemme kva tilbod dei ynskjer sjølv. Slik kan ein kanskje få empowerment gjennom auka kontroll over omgjevnadene sine (Askheim, 2007, s.29; Rønning, 2007, s. 40; Tengqvist, 2007, s.83). Korleis kan speidaren organisere seg slik at personen det gjeld kan bestemme sjølv kva tilbod vedkommande vil ha? Å ha alle tilbod tilgjengeleg overalt har implikasjonar for blant anna ressursar og organisering av speidaren, og er difor ikkje enkelt å gjere. Dette er noko eg kjem tilbake til seinare i oppgåva.

Nokre informantar trakk fram at ein må ta høgde for at borna høgst sannsynleg ynskjer å gå på fritidsaktivitetar saman med jamnaldrande, noko andre studiar støttar at er viktig for born og unge (Kittelsaa & Wendelborg, 2014, s.209; Løberg & Montefusco, 2021, s.41; Ytterhus & Tøssebro, 2006, s.58). Speidarleiarane fortel at born dett av aktivitetane fordi dei trur krav og forventingane blir for vanskeleg for dei, ofte i 10-12 års alderen. Wendelborg (2014, s.43) skriv at etter kvart som born i skulen blir eldre skil fleire og fleire seg ut, og segregeringa aukar. Dette kan fortelje oss at det er noko som skjer etter kvart som borna veks til, som leiar til at dei ikkje lenger får gå saman med sine jamnaldrande. Kvifor og kva er det som skjer både i skulesystemet og i speidaren? Er det individet som har for mange utfordringar, og ikkje passar inn i speidaropplegget? Eller er det speidaren som ikkje klarar å lage eit godt nok opplegg for at alle kan passe inn? Ein av speidarleiarane i særtilbodet meinte at det ikkje er eit problem at ein både har ein 12-åring og ein 18-åring saman, medan ein speidarleiarar ikkje trur det vil fungere å ha så spreidd aldersinndeling.

5.1.6 Formalisering, anerkjenning og idealkonflikt

Som resultata viser er det stor skilnad på korleis dei ulike speidargruppene driv speidararbeid, både i skilnad i form av ordinært tilbod og særtilbod, men òg korleis dei ulike speidargruppene innafor dei ulike tilnærminga driv. Det er altså i stor grad opp til dei lokale speidargruppa å bestemme korleis ein skal organisere seg, og då kan ein stille spørsmål om det er bra eller synd? Det vil truleg ikkje fungere i praksis om det *ikkje* skal vere opp til den lokale speidargruppa å bestemme korleis dei vil legge opp speidartilbodet. Informantane meiner dei er heilt avhengig av dei forutsetninga som er lokalt, og speidarforbunda kan difor ikkje legge strengare føringar på korleis ein skal drive speidargruppene. KM-speidarane påpeikar i rapport for inkludering (KFUK-KFUM-speidere, 2022) at ved å formalisere særtilboda, så er dei redd for at det kan opplevast at det blir forventat at speidargrupper må opprette særtilbod, sjølv om det kanskje ikkje er behov for det lokalt. Å legge press på at alle speidargruppene skal opprette særtilbod trur eg ikkje er føremålstenleg. Til kvar ein pris skal ein opprette særtilbod. Det handlar om dei som ser eit behov, skal få opprette det, medan dei som ikkje har behov eller høve til det, ikkje skal trenge det. Samstundes kan det at det er opp til den lokale speidargruppe å bedømme, vere urettferdig ved at ikkje alle får det same tilbodet. Bur du ein plass, så får du høve til å bli inkludert i eit tilbod, men ikkje viss du bur ein anna plass. Eit anna spørsmål å stille seg er kva skjer viss du berre har ein person med nedsett funksjonsevne? Skal ein då starte eit særtilbod for den aleine? Er det kanskje enklare å

ha særtilbod ein plass der det er fleire som er med? Truleg vil kanskje dette gjere til at særtilboda blir meir sentralisert? Eg vil ikkje gå nærare inn på dette, men det hadde vore interessant å undersøke kor særtilboda er plassert, både i Noreg og i andre land. Eg argumentar for at fleksibiliteten til å vurdere kva som er best lokalt er nødvendig, nettopp fordi det truleg ikkje vil fungere å lage ei meir standardisert løysing. Ein treng heller ikkje tenke heilt svart/kvitt på dette, men å vere open for å vurdere ulike moglegheiter som ligg i dei lokale ressursane og behova.

Lundeby (2006, s.104) stiller spørsmål om idealet om brukarmedverknad frå foreldre si side knytt til val om spesialskule, kan kome i konflikt om idealet om inkludering. Fører ein dette over til tema i studien min kan ein stille spørsmål om særtilbod er i tråd med ideala for eit inkluderande samfunn? Kan det at det skal vere opp til dei lokale speidargruppene å bestemme om ein skal opprette særtilbud eller ei, kome i konflikt med det eg oppfattar er idealet til speidarforbunda og informantane om inkludering i det ordinære tilbodet? Sjølv om dette kanskje er idealet, er speidargruppene frie til å bestemme tilnærming og omfanget av speidaraktivitetane sjølve. Kvifor vel nokon å likevel trasse dette idealet? Informantane meinte at i dei tilfella ein står i dilemma om at enten kan ikkje gruppa gjere det dei vil, eller så kan ikkje personen med nedsett funksjonsevne vere med i speidaren, så vil det vere det beste for alle å lage eit eige tilbod til dei. Er det plass til og kanskje ynskjeleg med segregerte tilbod utan å forlate idealet om eit inkluderande samfunn med plass til alle (Ellingsen, 2015, s.172)?

Det informantane i særtilbodet saknar er ei anerkjenning og formalisering i organisasjonen – rett og slett ein større aksept for at det er lov å ha særtilbod der det er aktuelt. Vidare handlar det om eit ynskje frå speidarleiarane om å samle kunnskap og hjelp for dei som eventuelt ynskjer og ser at det er eit behov for å starte eit særtilbod. Formalisering av særtilboda i organisasjonane kan vere ei god byrjing å få det til i speidaren. Håstein og Werner (2004, s.87) seier at «en skole som oppnår tilpasset opplæring for mange elever, gjør det blant annet ved å gi rom for elevenes mange måter å delta på». Dette er riktig nok knytt til skulesystemet, men overførbart til speidaren. Begge speidarforbunda ynskjer å vere mangfaldig og ha plass til alle. Nokre born treng tilpassingar, men funna mine viser at dei ikkje alltid får til det på ein god nok måte i det ordinære tilbodet. Somme gonger kan det vere umogleg å få til, utan at det har negative konsekvensar. Kanskje speidaren må anerkjenne at særtilbod kan vere ein måte å delta på? Samarbeid med speidarorganisasjonane er viktig for speidarleiarane, og eg trur

speidarforbunda hadde tent på å imøtekome speidarleiarane sine ynskjer og tankar i dette tilfelle, fordi det er dei som har sett eit behov for det i speidaren.

5.1.7 Aktivitetar i dei ulike tilnærmingane

I både særtilboda og dei ordinære tilboda har dei mest mogleg vanlege speidaraktivitetar, men i særtilbodet er dei ekstra opptekne av å ha aktivitetar der alle kan vere med. Informantane i det ordinære tilbodet forsøker mest mogleg å tilpasse aktivitetane, men meiner likevel at det er lov å ha aktivitetar der ikkje alle kan vere med. Her er det nyttig å dra inn spørsmål om kva eigentleg speidaraktivitetar er, som ein av informantane stilte spørsmål om. Den norske tradisjonen for speidaraktivitetar er, for å setje det litt på spissen, hardbarka friluftsliv. Det finst vel fleire moglege rammer i speidararbeidet enn berre friluftsliv, noko Norges speidarforbund (u.å.d., s. 25) også poengterar i deira kartleggingsrapport. Eg nemnar dette fordi det er interessant å la det henge litt i bakhovudet, utan at eg går meir inn på det i denne samanhengen. Viss speidarorganisasjonane meiner alvor om ha mest mogleg mangfald i speidaren, bør dei ikkje då vere opne for fleire måtar å delta på – både gjennom tilnærming og aktivitet?

Individ kan vere svært ulike, og det er nettopp det som gjer det vanskeleg å vite kva krav, aktivitetar og grad av aktivitetsnivå ein skal ha. Både speidaren som heilskap eller nokre aktivitetar i speidaren kan vere ei barriere i seg sjølv, og nokon med nedsett funksjonsevne vil kanskje vere avgrensa i kva dei kan delta i uansett mengde barrierebryting. Aktivitetar som inkluderte matlaging - gjerne på bål, var ein av aktivitetane som informantane i særtilbodet meinte at var bra aktivitet, fordi det i stor grad inkluderte alle, uavhengig av type og grad av funksjonsnedsetting. I tillegg er det ein aktivitet som er enkelt å dele opp i ulike gjeremål, som at nokon kan hogge ved og nokon kan pakke inn maten i folie. Det at det er lett å justere nivået til enkeltindivid, gjer at alle i stor grad kan oppleve meistring, noko Dahle (2015, s.83) meiner heng saman med verdsetting og sosial deltaking. I eit slikt fellesskap som speidaren er, kan ein gi kvar enkelt oppgåver som gjer at den kan få meistre den og bli verdsett (Dahle, 2015, s.83). Informantane trakk fram at det er viktig at dei i det ordinære tilbodet som ynskjer fleire utfordringar, skal få moglegheit til å få det. Dette fordi dei skal få meistre ein aktivitet og utvikle seg i sitt tempo, utan å bli begrensa av andre. Ein informant meinte at ein difor ikkje kan legge seg på eit minste felles nivå, fordi at det skal passe alle. Då vil det ikkje passe dei som treng meir utfordringar, noko vi òg ser i det norske skulesystemet

ved at «evnerike» born ikkje får tilstrekkeleg utbytte av det ordinære opplegget (Smedsrud, 2014). Alt dette tyder på at det er vanskeleg å tilpasse tilboda slik at det passer alle, og det er ikkje noko enkel løysing på dette. Likevel, som Bodil sa, så er erfaringa hennar at det er enklare å senke krava i større grad og tilpasse aktivitetsnivået i eit særtilbod enn i det ordinære tilbodet.

5.2 Barrierar for inkludering: Manglande leiarkapasitet og kommunikasjon og samarbeid

Den andre delen av drøftingskapittelet er knytt opp mot forskingsspørsmålet; *Kva barrierar opplever speidarleiarar for å kunne inkludere og legge til rette speidaraktivitetar for personar med nedsett funksjonsevne?* Informantane i dette prosjektet drog fram fleire barrierar for å kunne inkludere personar med funksjonsnedsetting i speidaren. Mangel på leiarressursar og samarbeid med føresette var hovudårsakene til at det var utfordrande å inkludere personar med nedsett funksjonsevne i speidaren.

5.2.1 Ein ekstra «ressursperson»: Kven kan det vere?

I ein rapport frå Landsrådet for barne- og ungdomsorganisasjonar skriv dei at koronapandemien har skapt mangel på blant anna frivillige (Hogseth, 2023). Sagt på ein anna måte: frivilligheita manglar frivillige generelt. Det var difor ikkje overraskande når dette var eit tema som samtlege av speidarleiarane tok opp. Resultata mine syner at speidarleiarane kjenner at dei i utgangspunktet har for få leiarar, noko Wethal (2014) finn i si studie også. Erfaringane i begge tilnærmingane tilseier at personar med nedsett funksjonsevne ofte krev ekstra leiarressursar. Dei omtalte denne eventuelle personen som «ekstra ressursperson». Informantane hadde alle erfaring med bruk av ein ekstra person som var spesifikt knytt til barnet eller borna med funksjonsnedsetting. Eg vil i dei fylgjande avsnitta dra fram ulike sider av denne erfaringa.

Informantane meinte at ein ekstra ressursperson frigjer ressursar frå speidarleiarane. Speidarleiarane kan då konsentrere seg om speidaraktivitetane, og ikkje heile tiden trenge å ha augene på det barnet eller borna som krev det. Nokre informantar drog fram at det fort kan bli

to og to saman, og soleis ha ein negativ effekt ved at det kan minske fellesskapskjensla. Det kan tyde på at det aller viktigast er at denne eventuelle ekstra ressurspersonen er ein person som kan blende inn i speidargruppa og at ein tydeleg ikkje er støttekontakt til ein konkret person. Soldal (2003, s.65) hevdar at viss det er tydeleg at ein person har støttekontakt, kan det bidra til stigmatisering av personen som treng støttekontakt.

Det er fleire spørsmål ein kan stille seg om kven denne «ekstra ressurspersonen» kan vere. Skal den vere ung eller gamal? Speidar eller ikkje speidar? I tilfelle dei har trengt det, har informantane mine som oftast brukt roverar (16-25 år) som støttekontakt. Fordelen er at dei har kjennskap til speidaren, og lettare kan blende inn i gruppa. Ein informant meinte at yngre leiarar får betre kontakt med born generelt. Det er ikkje noko krav om at støttekontakt må ha speidarbakgrunn, men informantane mine meiner ein i det minste bør vere friluftinteressert. Viss ikkje vil det vere vanskeleg for alle partar. Nokre av borna krev mykje ansvar, blant anna å huske medisiner og mykje samarbeid med føresette. Ei utfordring kan difor vere å finne roverar som er modne nok til dette ansvaret, og ein kan stille spørsmål om det er rett at dei skal ha dette ansvaret? Nokre informantar meinte at eldre leiarar kan vere betre rusta til å ta på seg dette ansvaret enn dei yngre. Bodil meina at med nokre av desse borna krev det mest tolmod. Det skal ikkje gå fort eller langt, og det kan difor vere ein god «pensjonistjobb». Svaret på kven denne ekstra ressurspersonen kan vere er veldig situasjonsavhengig. Kva type funksjonsnedsetting, kva behov og ansvar det er rundt barnet og kva type person den ekstra ressurspersonen er faktorar som spelar inn. Desse to skal igjen passe saman.

5.2.2 Støttekontakt: Middell til sosial deltaking og sjølvstende?

Både forteljninga om guten i rullestol som ynskja å gjere det han greidde sjølv, og barnet som etterkvart kom aleine på møter, tyder kanskje på at borna ynskjer å vere sjølvstendig. Det kan ein byggje opp etter kvart ved å blant anna ha trygge vaksne, faste rammer og aktivitetar tilpassa individa. Dette er i tråd med «normaliseringsidealet» - at ein skal vere uavhengig andre menneske, og klare seg sjølv (Askheim, 2003, s.18-19; Soldal, 2003, s.65). Nussbaum (i Lid, 2015, s.75) meiner at uavhengige borgarar berre er ein falsk ide, ein fiksjon om det perfekte. Ein må erkjenne at nokre individ treng hjelp, noko Söder (1982, i Soldal, 2003, s.65) kritiserer normaliseringsdebatten for å oversjå. Lid (2017, s.18) sitt omgrep *relasjonelt medborgarskap* er ei fruktbar formulering å bruke her då det for menneske med

utviklingshemming er naudsynt med relasjonar til andre for å praktisere medborgarskap. Støttekontakt eller liknande kan difor styrke nokre personar med nedsett funksjonsevne sine forutsetningar for å delta i speidaren, og soleis vere ein medborgar. For speidaren kan det vere vanskeleg å løyse det på ein anna måte enn at borna må å ha ein ekstra person med på speidaren, sjølv om ein då går i mot «normaliseringsidealet» og kanskje kva borna sjølv ynskjer. Fritida er også ein plass born i stor grad skal få velje aktivitet sjølve (Kissow & Klasson, 2018, s.15), og ha reelle valmoglegheiter. Sjølv om dei har med støttekontakt og har andre tilretteleggingar, er det viktig å vektlegge deira meiningar sterkt for at dei skal få ha mest mogleg kontroll over eiga liv (Hegerstrøm, 2002, s.62-63).

Bodil fortalte om ein gut som ikkje alltid trengte å ha med støttekontakt, då det kom an på aktiviteten ein hadde. Eit mål i Fritid med bistand er at støttekontakt eller liknande skal gjere seg sjølv overflødig (Midtsundstad, 2022, s.15). For mykje hjelp kan leie til at ein blir avhengig av hjelp ein i utgangspunktet ikkje trengte (Vabø, 1998, i Hegerstrøm, 2002, s.62). Dette syner at dette barnet er kompetent til å vere aleine på speidaraktivitetar, så lenge forutsetningane er til stades (Tengqvist, 2007, s. 77 og 80). I dette tilfelle er forutsetningane at speidaraktivitetane er tilpassa vedkomande. Kanskje kan det å bruke støttekontakt i nokre tilfelle skape eit behov som ikkje er der i utgangspunktet, og som kunne blitt løyst på anna måte? Det handlar kanskje ikkje om at borna skal bli 100% sjølvstendig, men snarare å strebe etter idealet om eit mest mogleg sjølvstendig liv. Døme ovanfor viser at i nokre tilfelle kan kva aktivitet ein har og kor vanskeleg aktiviteten er ta vekk behovet for støttekontakt. Dette er ikkje så enkelt å gjere i praksis, men eg trur det er viktig å stille spørsmål om det er i det heile teke er nødvendig med støttekontakt eller om det kan løyast på ein anna måte. I dei tilfella ein har støttekontakt, er det lurt at ein er medviten kva moglege konsekvensar det kan ha.

Ein av informantane sa at vedkommande ikkje trudde å løyse utfordringa med manglande leiarkapasitet er så enkelt å berre få fleire leiarar. Det handlar kanskje først og fremst om å sjå på dei moglege ressursane ein har i speidaren, om det er roverar eller eldre leiarar, deretter å søke ressursar utanfor speidaren, til dømes å få støttekontakt gjennom kommunen. Det siste forslaget er det foreldra som må gjere, så der kan ein som speidarleiarar oppfordre foreldre til å gjere i tilfella der det er behov. Informantane fortalte at ein ekstra ressursperson kan for nokon vere nødvendig for deltaking, samstundes som det løyser hindringa speidaren har med nok frivillige til å handtere dei personane som krev ekstra vaksenressursar. På den måten kan ein seie at støttekontakt kan redusere gapet mellom individet sine forutsetningar og speidaren

sine hindringar for at personar med nedsett funksjonsevne kan delta i speidaren. Likevel er det ikkje alltid ein har ekstra personar tilgjengeleg. Det er viktig at ein er medviten når og korleis ein isåfall nyttar det, og kva moglege konsekvensar det kan ha.

5.2.3 Samarbeid: Nøkkelen til suksess?

Funna i denne studien syner at samarbeidet mellom føresette og speidargruppa er viktig, og kanskje til og med avgjerande for å få lukkast i å inkludere personar med nedsett funksjonsevne i speidaren. I det legg dei at føresette er open om diagnosar, behov og ynskjer og i somme tilfelle også er med borna på speidaraktivitetane. Her meinte ein informant at borna helst skulle sleppe å ha med føresette med seg på speidaren, men at det ikkje alltid var andre betre alternativ. For speidarleiarane er det viktig å vite denne informasjonen, fordi det gjer at speidaren i større grad kan tilpasse seg den enkelte speidaren, og kan legge opp aktivitetar deretter. Det kan vere heilt frå større ting som at ein treng ein støttekontakt med, medisintaking eller at ein føretrekk ein spesiell farge på koppen ein skal drikke av. Wethal (2014) finn i likskap med meg at samarbeid med føresette er ei av speidarleiarane sine hovudbekymringar for å inkludere personar med nedsett funksjonsevne i speidaren. Magnus (2009) meiner at det kan vere problematisk at ein må først forklare at ein har det samfunnet meiner er ein negativ verdsett eigenskap og bekjenne at ein er annleis for å ha ein legitim grunn til tilrettelegginga. Det vil seie at til ein viss grad så må ein gjere seg sårbar, for å utløyse den hjelpa som kjem med (Dahle, 2015, s.74). Det kan vere problematisk, men eg skal vidare gå inn å kvifor det likevel kan vere nødvendig.

Andrea meinte at speidaren kan gjere mykje for å vere i forkant på tilrettelegginga, til dømes ved å ha lokalar med trappefri inngang slik at rullestolbrukarar kan kome inn. Denne universelle utforminga kan ifølgje Tøssebro (2010, s.60) utfordre normalitetsforestillingar, og soleis tilretteleggje for ein breiare normalitet. Dette kan igjen vere ei kjelde til at fleire ser at speidaren er aktuell for dei og at dei er ynskja med der (Lid, 2015, s.72). Universell utforming er viktig, men det handlar berre om endring av omgjevnadane sine krav (Ness, 2015, s.73). Ein veit ikkje heilt kva individet treng av tilrettelegging, fordi barrierar kan opplevast ulikt frå person til person. Det er difor vanskeleg å vite kva ein skal gjere viss ein ikkje veit kven personen er (Grue, 2014, s. 106; Lid, 2013, s. 27). Ifølgje Ness (2015, s.73) er det ein feilaktig tanke om den relasjonelle modellen å tenke at personen vil fungere så lenge omgjevnadane

utformast tilstrekkeleg. Den relasjonelle modellen bygg på deltaking og inkludering i ein kombinasjon av tiltak på individ- og samfunnsnivå (NOU, 2016, s.30). Kva tiltak ein skal gjere og kva løysingar som er best, er prega av den individuelle personen det gjeld, og er difor situasjonsbestemt. For speidaren er det bra og viktig med universell utforming og gjennom det få bort nokre av omgjevnadane sine krav til individa, men det er kanskje naivt å tenke at det aleine vil leie til at alle kan delta i speidaren. Som speidarleiarane sjølv seier, så må ein vite kva behov den individuelle har av tilrettelegging og støtte, for å kunne både styrke den individuelle personen sine forutsetningar for å delta i speidaren, og redusere speidaren sine konkrete krav til individet.

Samarbeidet mellom føresette og speidaren er viktig for informantane både i det ordinære tilbodet og i særtilbodet. I særtilbodet kjem dei oftare med definerte funksjonsnedsetningar, og då behov og ynskjer, som gjer samarbeidet og inkluderinga enklare frå byrjinga. For å mogleggjere deltaking, må både personen sjølv og omgjevnadane bidra - det må skje ein interaksjon (Ness, 2011, s.60). God samhandling mellom blant anna føresette, den med nedsett funksjonsevne og leiarar i den valte fritidsaktiviteten er ifølgje Bøckmann (2015, s.132) nødvendig for å få til ein god og positiv inkludering.

Det er interessant at nesten samtlege av informantane nemnar samarbeid med føresette, men ikkje nemnar at dei samarbeider med borna. Det må seiast at eg ikkje spurte dei spesifikt om dette heller. Kanskje tek dei denne dialogen med føresette fordi behova samsvarar med borna sine eller kanskje nokre born ikkje er i stand til å ta den dialogen sjølv eller rett og slett berre fordi dei er born? Hutchinson (2018, s.13) meiner at eit prinsipp i samfunnsarbeid er at ein må samarbeide saman med den det gjeld for å finne løysingar. Ifølgje Hart (1992, s. 9) blir born sjeldan lytta til samfunnet, og hevdar at det er vanleg for vaksne å undervurdere kompetansen til born. Vidare meiner han at borna kanskje bør beskyttast mot å ta ansvar i samfunnsproblem (Hart, 1992, s. 5). Det er vanskeleg å sei om det betyr at ein ikkje skal undervurdere barnet si evne til å kunne formidle behov og ynskjer sjølv i mange tilfelle, og soleis få medverke til å finne ei løysing, eller om dei ikkje skal involverast av omsyn til at dei ikkje skal få mykje ansvar, og la føresette ta heile dialogen? Kanskje det då er aktuelt å samarbeide *både* med borna og føresette?

Funna mine syner to ting ein kan gjere for å auke samarbeidet med føresette og/eller bornet det der er aktuelt. For det første kan ein oppfordre føresette til å fortelje om borna sine behov når borna blir meldt inn i speidaren, eller ved aktivitetar som krev slike opplysingar. I rapport for inkludering oppfordrar KFUK-KFUM- speidarane (2022, s.8) å spørje om tilretteleggingsbehov til påmelding på kurs og arrangement, så her samsvarar funna mine delvis med rapporten. Det gir ikkje noko garanti for at dei gjer det, men kanskje det kan auke medvita til føresette kring dette. For det andre har speidarleiarane i nokre tilfelle opplevd at føresette ikkje har vore tilstrekkeleg open om utfordringar som barnet har. Informantane trur at dei kanskje har vore redd for å seie i frå i frykt for å bli avvist av speidaren, eller kanskje dei ikkje har vore klar over barnet sine behov og utfordringar? Uansett kva som er grunnen, så meiner informantane mine at ein bør snakke med føresette, sjølv om det kan vere ubehageleg.

Dersom nokre ting ikkje fungerer heilt optimalt i møte med borna som er med i speidaren, så viser funna mine at dialog med føresette stort sett vil føre til at det vil bli betre fordi ein då får til løysingar som fungerer for alle. Samstundes har informantane erfaringar som syner at det ikkje alltid fungerer. Viktoria fortalte om ei hending der ho forsøkte å ta ein dialog med føresette kring eit born det var nokre utfordringar med. Denne dialogen gjekk ikkje så bra, og bornet blei teke ut av speidaren. Her har ein prøvd å gjere det ein kan for å inkludere, men det har ikkje fungert. Når ein slik type dialog leier til at føresette ikkje ynskjer å samarbeide, så kan ikkje speidarleiarane ta det på si kappe at det ikkje lukkast. Viss ein ikkje prøver å ta dialogen i det heile teke, så viser funna mine at det kan ha negativ effekt for både den det gjeld, leiarane og dei andre speidarane. Ein har difor truleg mest å vinne på å ta den dialogen, som Bøckmann (2015, s.132) støttar. Samarbeidet kan styrke forutsetningane til individet for å delta i speidaren og redusere dei barrierane ein avdekker gjennom samarbeidet, som hindrar deltaking. Funna mine taler for at samarbeid mellom føresette, den det gjeld og speidaren er ein god nøkkel til suksess – der ein får redusere gapet som oppstår mellom individet og speidaren for å få til deltaking i speidaren for personar med nedsett funksjonsevne. Det kan tyde på at speidaren kan tene på å finne metodar for å auke samarbeidet med føresette og/eller den det gjeld.

Kapittel 6: Oppsummerande tankar og forslag til vidare forskning

I dei føregåande kapitla har eg lagt fram informantane mine sine tankar og refleksjonar kring tema. Desse synspunkta har eg sett i lys av teori og tidlegare forskning på feltet og liknande felt.

Ordinært tilbod og særtilbod er to hovudformer for inkludering av personar med nedsett funksjonsevne i speidaren som informantane mine praktiserte. I tillegg var dei ei gruppe som praktiserte ein hybridversjon av dei to tilnærmingane. Dei ulike tilnærmingane har positive og negative sider ved seg. Inkludering i ordinært tilbod gir fordeler som redusering av framandgjering, og auka sosial kapital til både individ og speidaren, men ekskluderer kanskje dei som ikkje får nok fokus og det kan vere utfordrande å tilpassa aktivitetane til alle sine funksjonsnivå. Inkludering i særtilbod kan gjere det enklare å tilpasse aktiviteten til den enkelte sine behov og ynskjer, men ein lyt ta høgde for at dei kanskje ynskjer å vere i same gruppe som jamnaldrande. Det kan òg ha negative konsekvensar i form av stigmatisering og fysisk utestenging av dei som ikkje får vere med i det ordinære tilbodet. Ei hybridversjon av desse to tilnærmingane, løyser kanskje nokre av dei problema som oppstår i dei andre tilnærminga. Informanten som praktiserte det meinte dette var den beste løysinga for alle partar, då det gir større valfridom til den det gjeld. Samstundes er det fleire omsyn som må takast med tanke på tilnærming enn berre kva tilnærming som verkar best på papiret. Lokale ressursar og behov gjer at speidargruppene må kunne vere fleksible og avgjere sjølv, helst i samspel med den det gjeld og/eller føresette, kva som er den beste løysinga i det aktuelle tilfellet. Ei løysing kan vere den beste i eit tilfelle, medan ei anna løysing er betre i ein anna situasjon. Eg ynskjer å påpeike at speidarleiarane allereie er pragmatiske og har innført gode tiltak for å inkludere personar med nedsett funksjonsevne i speidaren. Det syner at dei tek denne inkluderinga på alvor, sjølv om praksisen varierar. Det viktigaste er kanskje å gjere ein innsats ved å blant anna stille opp med ressursar, enn å ikkje gjere noko i det heile teke. Kanskje dei ikkje treng å vere så redde for å trå feil, men heller vere stolte av å prøve?

Vidare er hovudbarrierane for inkludering hjå speidarleiarane i min studie manglande leiarkapasitet og samarbeid med føresette. Manglande leiarkapasitet kan løysast ved at

personen med nedsett funksjonsevne må ha med seg støttekontakt eller tilsvarande. Her finst det ulike løysingar som å bruke roverarar, eldre speidarleiar, foreldre eller ein annan person utanfrå, men alle desse har ulemper og fordeler ved seg. Ein støttekontakt kan vere stigmatiserande viss det blir veldig tydeleg kven den er støttekontakt for, og det kan skape avhengigheit som ikkje er der i utgangspunktet. Det er difor viktig at vedkomande isåfall kan blende inn i speidargruppa. Det kunne kanskje blitt løyst på ein anna måte, til dømes ved å tilpasse aktivitetane meir til funksjonsnivået til barnet det gjeld. Samstundes kan det vere vanskeleg å få tilpasse alle aktivitetar til alle, og ein ekstra ressursperson/støttekontakt kan vere det einaste som mogleggjer deltaking for eit born. Samarbeid med føresette syner seg som ei forutsetning for å få til å inkludere personar med nedsett funksjonsevne i speidaren. Det er viktig å vite om behov og ynskjer til barnet. Her kan ein oppfordre foreldre til å vere opne, eller ein kan ta kontakt med foreldra i dei aktuelle tilfella om dei ikkje opplyser om noko som verkar som vesentleg informasjon. Ei god ordning på ein ekstra ressursperson/støttekontakt og samarbeid med foreldre kan redusere gapet som er mellom individ sine forutsetningar for deltaking og hindringar som er i speidaren.

Dei ulike temaa eg har diskutert i oppgåva er delvis uløyslege. Eg har i dette prosjektet presentert moglege utfall ved ulike tilnærmingar for å inkludere personar med nedsett funksjonsevne i speidaren. Det er vanskeleg for speidarforbunda å kome med ei standardisert løysing, då ein truleg finn dei best mogleg løysingane i dialog og samarbeid med den det gjeld og/eller føresette. Sjølv om resultata syner at tilnærming må bestemmast ut i frå situasjonen, er idealet hjå mange av informantane mine at ein først bør prøve å inkludere alle i det ordinære tilbodet, før ein opprettar særtilbod og/eller hybridversjon. I nokre tilfelle må ein erkjenne at det ordinære tilbodet kanskje ikkje er den beste tilnærminga. For nokre personar er det kanskje slik at uansett mengd støtte utanfrå og barrierebrytingar, så er aktiviteten ei barriere i seg sjølv fordi det ikkje går an tilpasse den til alle sine funksjonsnivå, ynskjer og behov. Idealet om å få «plass til alle rundt leirbålet» er nok velmeint, men kanskje kan dette berre vere fromme ynskjer i møte med realiteten. Nokre gonger kan ei speidargruppe lage plass til alle rundt det same leirbålet, medan andre gonger passar det kanskje best å lage fleire leirbål. Informantane mine sakna ei anerkjenning frå speidarforbunda om å opprette særtilbod det er behov, noko som kanskje hadde vore bra for dei som ynskjer å starte tilsvarande tilbod og ikkje minst for dei som ikkje passar inn i det ordinære tilbodet. Tanken og ynskje om at alle med nedsett funksjonsevne skal inkluderast i speidaren meiner eg talar for at ein må sjå nytte av ulike tilbod og legge til rette for ulike måtar å delta - så langt det er mogleg.

I denne masteroppgåva har eg berre fått eit lite innblikk i feltet, og vidare forskning på feltet syner seg heilt klart nødvendig. Først og fremst har eg berre teke eit perspektiv av fleire moglege i dette tema. Eg har berre sett på speidarleiarane sine erfaringar og tankar, men vel så spennande hadde vore å blant anna undersøke dei med funksjonsnedsetting sine erfaringar kring dette. Det er mykje meir i datamaterialet mitt og utover det som hadde vore nyttig å forske meir på. For å nemne noko kunne det vore interessant å forske meir på korleis samspelet mellom borna og speidaren er og samanlikne meir med andre land. Vidare er eg viss på at ein kan identifisere fleire barrierar og sjå meir på kva implikasjonar ulike tilnærmingar har for både speidarleiarane, dei med nedsett funksjonsevne og for speidarorganisasjonane.

I denne masteroppgåva har eg berre fått eit lite innblikk i feltet, og vidare forskning på feltet syner seg heilt klart nødvendig. Først og fremst har eg berre presentert eit perspektiv av fleire moglege i dette temaet. Eg har berre sett på speidarleiarane sine erfaringar og tankar, men det hadde vore vel så spennande undersøke dei med funksjonsnedsetting sine erfaringar kring dette, då dei truleg sit med nyttige tankar som kan bidra til å finne gode løysingar. Det hadde vore nyttig å sjå konkret på ulike typar funksjonsnedsetting, då barrierane er svært ulike. Det trengst vidare forskning på samspelet mellom borna og speidaren og rammene for speidaraktivitetar. Vidare er eg viss på at det burde vere mogleg å identifisere enda fleire barrierar som står i vegen for deltaking. Ein bør også sjå meir på kva implikasjonar ulike tilnærmingar, som ordinært tilbod, særtilbod og hybridtilbod, har for både speidarleiarane, dei med nedsett funksjonsevne og for speidarorganisasjonane.

Referanseliste

- Adler, P.S. & Kwon, S. (2002). Social Capital: Prospects for a New Concept. *The Academy of Management Review*, 27(1), 17–40.
<https://doi.org/10.2307/4134367>
- Anderson, J. J., Wilbers, L. E., Loepp, E. D., Malek, S. E., Scherer, K. J. & Bero, C.M. (2021) Effects of a disability awareness clinic on boy scouts attitudes toward disability. *Journal of social service research*, 47(1), 1–9.
<https://doi.org/10.1080/01488376.2019.1705959>
- Askheim, O. P. (2003). *Fra normalisering til empowerment: Ideologier og praksis i arbeid med funksjonshemmede*. Gyldendal Akademisk.
- Askheim, O. P. (2007). Empowerment – ulike tilnærminger. I O.P. Askheim & B. Starrin (Red.). *Empowerment: i teori og praksis* (s.21–33). Gyldendal Akademisk.
- Askheim, O. P. & Starrin, B. (2007). Empowerment – Et moteord? I O. P. Askheim & B. Starrin (Red.). *Empowerment: I teori og praksis* (s. 13-21). Gyldendal Akademisk.
- Askheim, O. P. (2012). *Empowerment i helse-og sosialfaglig arbeid: Floskel, styrkingsverktøy eller frigjøringsstrategi*. Gyldendal Akademisk.
- Barne- og likestillingsdepartementet. (2018). *Strategi for mennesker med funksjonsnedsettelse – Et samfunn for alle*.
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/strategi-for-mennesker-med-funksjonsnedsettelse--et-samfunn-for-alle/id2623105/>
- Bufdir. (2015, 11. mars). *Antall med nedsatt funksjonsevne* [Statistikk].
https://www2.bufdir.no/Statistikk_og_analyse/nedsatt_funksjonsevne/Antall/Bruk_av_utvalgsundersokelser_for_a_estimere_antall/
- Bufdir. (2021). *Deltakelse i sosiale aktiviteter* [Statistikk].
https://www2.bufdir.no/Statistikk_og_analyse/nedsatt_funksjonsevne/Deltakelse_og_fritid/Deltakelse_i_sosiale_aktiviteter/
- Bøckmann, S. (2005). Samhandling mellom tjenesteyter og frivillig hjelper i organisering av organiserte fritidsaktiviteter. I S. Dahle & T. I. Torgauten (Red.), *Helt med! I samme fellesskap uavhengig av funksjonsevne* (s.122–136). Gyldendal Akademisk.
- Creswell, J. W & Poth, C. N. (2018). *Qualitative inquiry and research design: Choosing among five approaches* (4. utg.). Sage.

- Dahle, S. (2015). Et rausere samfunn. I S. Dahle & T. I. Torgauten (Red.), *Helt med! I samme fellesskap uavhengig av funksjonsevne* (s.79–88). Gyldendal Akademisk.
- Dalen, M. (2011). *Intervju som forskningsmetode*. (2.utg.). Universitetsforlaget.
- Durlauf, S. N. (1999). The case «against» social capital. *Focus* 20(3), 1–5.
<https://www.irp.wisc.edu/publications/focus/pdfs/foc203.pdf>
- Edøy, T. (2015). Frihet til å være slik man er skapt. I S. Dahle & T. I. Torgauten (Red.), *Helt med! I samme fellesskap uavhengig av funksjonsevne* (s.29–32). Gyldendal Akademisk.
- Ellingsen, C. B. (2015). Segregerte arenaer – næring til inkludering? I S. Dahle & T. I. Torgauten (Red.), *Helt med! I samme fellesskap uavhengig av funksjonsevne* (s.168-176). Gyldendal Akademisk.
- Elnan, I. (2010). *Idrett for alle? Studie av funksjonshemmedes idrettsdeltagelse og fysiske aktivitet*. NTNU Samfunnsforskning.
<https://samforsk.brage.unit.no/samforsk-xmlui/handle/11250/2366407>
- Forente nasjoner. (2006). *Konvensjon om rettighetene til mennesker med nedsatt funksjonsevne*. Barne-, likestilling- og inkluderingsdepartementet.
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/konvensjonen/id724096/>
- Frivillighet Norge. (2021). Frivillighetsbarometeret. [Statistikk].
<https://www.frivillighetnorge.no/fakta/frivillighetsbarometeret/>
- Goffman, E. (1963). *Stigma: Notes on the management of spoiled identity*. Penguin Books.
- Goffman, E. (2009). *Stigma: Om afvigerens sociale identitet* (2.utg.). (B. Gooseman, Overs.). Samfundslitteratur. (Opprinneleg utgitt 1963).
- Grue, J. (2014). *Kroppsspråk: Fremstillinger av funksjonshemning i kultur og samfunn*. Gyldendal Akademisk.
- Gustavsson, A. (1998). *Inifrån utanförskapet. Om at vara annorlunda och delaktig*. Johansson og Skyttmo Förlag.
- Hart, R. (1992). *Children's participation: From tokenism to citizenship*. UNICEF International Child Development Centre.
- Haug, P. (2014). *Hva vet vi om inkludering?* Gyldendal Akademisk.
- Hegerstrøm, T. (2002). *Om relasjoner i hjemmetjenestene*. Universitetsforlaget.
- Hogg, M. A. (2001). A social identity theory of leadership. *Personality and social psychology review*, 5(2), 184–200. https://doi.org/10.1207/S15327957PSPR0503_1

- Hogseth, V. L (2023). *Kartlegging av konsekvenser under korona i LNU sine medlemsorganisasjoner*. Landsrådet for Norges barne -og ungdomsorganisasjoner. <https://www.lnu.no/politikk/rapporter/>
- Hutchinson, G. (2018). *Samfunnsarbeid: Mobilisering og deltakelse i sosialfaglig arbeid* (3. utg.). Gyldendal Akademisk.
- Hutzler, Y. (1990). The concept of empowerment in rehabilitative sport. I G. Doll-Tepper, C. Dahms, B. Doll & H. Selzam, (Red.), *Adapted Physical Activity: An interdisciplinary approach* (s. 43–51). Springer-Verlag. https://doi.org/10.1007/978-3-642-74873-8_7
- Hvinden, B. (2005). *Sosial kapital: Klargjøring av ulike perspektiver på sosial kapital, kunnskapsstatus, funn og forskningsbehov, forslag til en videre satsing på forskning om sosial kapital i Norge*. Norges forskningsråd. <https://www.forskningsradet.no/siteassets/publikasjoner/1114506747421.pdf>
- Håstein, H. & Werner, S. (2004). *Men de er jo så forskjellige! Tilpasset opplæring i vanlig undervisning* (2. Utg.). Abstrakt forlag.
- Jahoda, A., Cattermole, M. & Markova, I. (1990). Moving out: An opportunity for friendship and broadening social horizons? *Journal of Mental Deficiency Research*, 34(2) 127–139. <https://doi.org/10.1111/j.1365-2788.1990.tb01523.x>
- Johannessen, Å., Christoffersen, L., & Tufte, P. A. (2021). *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode* (6. utg.). Abstrakt forlag.
- KFUK-KFUM-speidere. (2016, 1. februar). *Hva er KFUK-KFUM-speiding?* <https://kmspeider.no/hva-er-kfuk-kfum-speiding/category842.html>
- KFUK-KFUM-speidere. (u.å.). *Strategiplan for 2020-2025*. <https://kmspeider.no/strategi/category1299.html>
- KFUK-KFUM-speidere. (2022). *Rapport for inkluderende speiding*. <https://kmspeider.no/aktuelt/inkluderende-speiding-article21837-870.html>
- King, G., Lawm, M., King, S., Rosenbaum, P., Kertoy, M. K. & Young, N. L. (2003) A conceptual model of the factors affecting the recreation and leisure participation of children with disabilities. *Physical & Occupational Therapy in Pediatrics*, 23(1), 63–91. https://doi.org/10.1080/J006v23n01_05
- Kissow A. M & Klasson L. (2018). *Deltakelse for barn og unge med nedsatt funksjonsevne, med særlig fokus på deltakelse i fysisk aktivitet*. (Rapport 1/18). Nasjonal kompetansetjeneste for barn og unge med funksjonsnedsettelse.

<https://www.nkbuf.no/deltakelse-for-barn-og-unge-med-nedsatt-funksjonsevne-med-saerlig-fokus-paa-deltakelse-i-fysisk-aktivitet.6066992-564510.html>

- Kittelsaa, A. M. (2008). *Et ganske normalt liv: Utviklingshemming, dagligliv og selvforståelse* [Doktorgradsavhandling, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet]. NTNU open. <http://hdl.handle.net/11250/267648>
- Kittelsaa, A. & Wendelborg, C. (2014). Ungdomstid. I J. Tøssebro & C. Wendelborg (Red.), *Oppvekst med funksjonshemming: Familie, livsløp og overganger*. (s. 200–217). Gyldendal Akademisk.
- Kollstad, M. (2008). *Klare seg selv? Faglige utfordringer med unge funksjonshemmede*. Gyldendal Akademisk.
- Kollstad, M. (2011). Fritidens muligheter. *Fontene forskning*, 1(11), 32–44.
<https://fontene.no/forskning/fritidens-muligheter-6.584.865301.52ed6a365d>
- Krumsvik, R. J. (2014). *Forskningsdesign og kvalitativ metode – ei innføring*. Fagbokforlaget.
- Kvale, S. & Brinkmann, S. (2015). *Interview: Det kvalitative forskningsinterview som håndverk* (3.utg). Hans Reitzels Forlag.
- Lid, I. M. (2013). *Universell utforming: Verdigrunnlag, kunnskap og praksis*. Cappelen Damm.
- Lid, I. M. (2015). Sårbarhet og verdighet. I S. Dahle & T. I. Torgauten (Red.), *Helt med! I samme fellesskap uavhengig av funksjonsevne* (s.66–77). Gyldendal Akademisk.
- Lid, I. M. (2017). Martha C. Nussbaums politiske teori om rettferdighet som bidrag til et teoretisk grunnlag for likeverd og medborgerskap. *Fontene forskning*, 10(1), 16–28. <https://fontene.no/forskning/martha-c-nussbaums-politiske-teori-om-rettferdighet-som-bidrag-til-et-teoretisk-grunnlag-for-likeverd-og-medborgerskap-6.584.865546.f249079de7>
- Lid, I. M. (2022, 19. november). *Funksjonshemming* i *Store norske leksikon*.
<https://snl.no/funksjonshemming>
- Lie, I. (1996). *Rehabilitering og habilitering: Prinsipper og praktisk organisering* (2.utg.). Ad Notam Gyldendal.
- Loga, J. (2011). *Inkludering i nærmiljø: En studie av frivillige organisasjoner som flerkulturelle møteplasser*. (2011:5). Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor. <http://hdl.handle.net/11250/2445367>
- Lundeby, H. (2006). Hvor skal barnet gå? Om inkluderingens kår og foreldres medvirkning i «valg» av skole. I J. Tøssebro & B. Ytterhus (Red.), *Funksjonshemmede barn i*

- skole og familie: Inkluderingsideal og hverdagspraksis* (s. 102–127). Gyldendal Akademisk.
- Løberg, M. & Montefusco, M. (2021). *Se, lytte og inkludere. Deltakelse for barn og unge med funksjonsnedsettelse i Norden*.
<https://nordicwelfare.org/nb/publikationer/se-lytte-og-inkludere-deltakelse-for-barn-og-unge-med-funksjonsnedsettelse-i-norden/>
- Løvgren, M. (2009). *Unge funksjonshemmede: Selvbilde, sosial tilhørighet og deltakelse i fritidsaktiviteter*. (NOVA Rapport 9/09). Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring.
<https://hdl.handle.net/20.500.12199/4980>
- Magnus, E. (2009). *Student, som alle andre: En studie av hverdagslivet til studenter med nedsatt funksjonsevne* [Doktorgradsavhandling, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet]. NTNU open. <http://hdl.handle.net/11250/267657>
- Malterud, K. (2017). *Kvalitative forskningsmetoder for medisin og helsefag: En innføring*. Universitetsforlaget.
- Mason, J. (2018). *Qualitative researching* (3.utg.). Sage.
- Midtsundstad, A. (2022). *Fritid med bistand: En metode for å støtte sosial inkludering* (2.utg.). Fagbokforlaget.
- Musse, E. (2022, 19. september). *Siniritarit- suomen ainoa aktiivinen sisupartiolippukunta*. [The blue knights – Finlands einaste aktive interne partuljeflaggeining]. Paakaupunkiseudunpartiolaiset.
<https://www.paakaupunkiseudunpartiolaiset.fi/heppumedia/siniritarit-suomen-ainoa-aktiivinen-sisupartiolippukunta/>
- Nasjonal kompetansetjeneste for barn og unge med funksjonsnedsettelse. (2016). «Aktive muligheter»: Kort sammenfatning av forsknings- og utviklingsprosjektet «Aktive muligheter» 2012-2015 om utviklingshemmedes fritidsmuligheter.
<https://www.fritidforalle.no/deltakelse-paa-fritiden-for-utviklingshemmede.5911461-356504.html>
- Ness, N. E. (2011). *Hjelpemidler og tilrettelegging for deltakelse*. Fagbokforlaget.
- Norges speiderforbund. (u.å.a). Dette er speiding. <https://blispeider.no/dette-er-speiding>
- Norges speiderforbund. (u.å.b) *Nettverk for mangfold og inkludering*.
<https://speiding.no/om-oss/organisasjon/nettverk/nettverk-mangfold-og-inkludering>

Norges speiderforbund. (u.å.c). *Arbeidsplan 2021-2022*.

[https://156956-backend.web.tornado-node.net/sites/default/files/documents/2020-11/Arbeidsplan%202021-2022%20\(vedtatt%20ST2020\).pdf](https://156956-backend.web.tornado-node.net/sites/default/files/documents/2020-11/Arbeidsplan%202021-2022%20(vedtatt%20ST2020).pdf)

Norges speiderforbund. (u.å.d). *Kartlegging av barrierer innen mangfold og inkludering i Norges speiderforbund*.

<https://admin.speiding.no/sites/default/files/documents/2022-12/Kartlegging-av-barrierer-innen-mangfold-og-inkludering-i-Norges-speiderforbund.pdf>

NOU 1998:18. (1998). *Det er bruk for alle*. Sosial og helsedepartementet.

NOU 2003:16. (2003). *I første rekke- forsterket kvalitet i en grunnopplæring for alle*. Utdanning- og forskningsdepartementet.

NOU 2016:17. (2016). *På lik linje*. Barne- og likestillingsdepartementet.

Nyquist, A. J. (2012). *Jeg kan delta! Barn med funksjonsnedsettelse og deltakelse i fysisk aktivitet -en multimetodestudie i en habiliteringskontekst*. [Doktorgradsavhandling, Norges Idrettshøyskole]. Brage.
<http://hdl.handle.net/11250/171340>

Offer, S. & Schneider, B. (2007). Children´s role in generating social capital. *Social forces*, 85(3), 1125–1142. <https://doi.org/10.1353/sof.2007.0049>

Oliver, M. (2007). «If I had a hammer»: Den sosiale modellen i praktisk bruk. I J. Swain., S. French., C. Barnes & C. Thomas (Red.), *Funksjonshemmede barrierer – funksjonsfremmende samfunn*. (s.18-25). (K. M. Thorbjørnsen, Overs.). Kommuneforlaget. (Opprinnleg utgitt 2004).

Opplæringslova. (1998). *Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa* (LOV-1998-07-17-61). Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61>

O'Reilly, M. & Kiyimba, N. (2015). *Advanced Qualitative Research: A guide to using theory*. Sage.

Pagán-Rodríguez, R. (2014). How do disabled people spend their leisure time? *Disability and health journal*, 7(2), 196–205. <https://doi.org/10.1016/j.dhjo.2014.01.001>

Polit, D. & Beck, C. (2021). *Nursing research* (11.utg). Wolters Kluwer.

Portes, A. (1998). Social Capital: Its Origins and Applications in Modern Sociology. *Annual Review of Sociology*, 24, s. 1–24. <https://doi.org/10.1146/annurev.soc.24.1.1>

Putnam, R. D. (2000). *Bowling alone: The collapse and revival of American community*. Simon & Schuster.

- Putnam, R. D. & Goss, K. A. (2002). Introduction. I R. D. Putnam (Red.), *Democracies in Flux. The Evolution of Social Capital in Contemporary Society*. Oxford University Press.
- Ringdal, K. (2018). *Enhet og mangfold: Samfunnsvitenskapelig forskning og kvantitativ metode* (4. utg.). Fagbokforlaget.
- Rønning, R. (2007). Brukermedvirkning og empowerment – gammel vin på nye flasker? I Askheim, O. P & Starrin, B. (Red.), *Empowerment: I teori og praksis*. (s. 34–46). Gyldendal Akademisk.
- Salmons, J. (2015). *Qualitative online interviews: Strategies, designs and skills* (2.utg.). Sage. <https://doi.org/10.4135/9781071878880>
- Sang, K., Calvard, T. & Remnant, J. (2022). Disability and academic careers: using the social relation model to reveal the role of human resource management practices in creating disability. *Work, employment and society*, 36(4), 722–740. <https://doi.org/10.1177/0950017021993737>
- Schiefloe, P. M. (2015). *Sosiale landsskap og sosial kapital* (2.utg.). Universitetsforlaget.
- Scouting Nederland. (u.å.) *Scouting met een beperking*. [Speiding med funksjonshemning]. <https://www.scouting.nl/scoutingspel/voor-alle-speltakken/diversiteit/scouting-met-een->
- Shields, N. & Synnot, A. (2016). Perceived barriers and facilitators to participation in physical activity for children with disability: A qualitative study. *BMC Pediatric*, 16(9) <https://doi.org/10.1186/s12887-016-0544-7>
- Simonsen, E. & Lid, I. M. (2022, 21. desember). *Utviklingshemning i Store norske leksikon*. <https://snl.no/utviklingshemning>
- Sjølvstendig. (u.å.). I *Nynorskordboka*. Ordbøkene. Henta 30. mars 2023 fra <https://ordbokene.no/bm,nn/search=selvstendig>
- Sletten, M. A., Strandbu, Å. & Gilje, Ø. (2015). Idrett, dataspilling og skole – Konkurrerende eller «på lag»? *Norsk pedagogisk tidsskrift*, 99(5), 334–350. <https://doi.org/10.18261/ISSN1504-2987-2015-05-03>
- Smedsrud, J. (2014). Evnerike barn – En pedagogisk og spesialpedagogisk utfordring. *Spesialpedagogikk* 79(1), 4–11. <https://utdanningsforskning.no/artikler/2014/evnerike-barn--en-pedagogisk-og-spesialpedagogisk-utfordring/>
- Soldal, K. A. (2003). *Støttekontakter: Soveputer eller ressurser i velferdssamfunnet?* Fagbokforlaget.

- Starrin, B. (2007). Empowerment som livsinnstilling- kan vi lære noe av Pippi Langstrømpe?. I O. P. Askheim & B. Starrin (Red.), *Empowerment: I teori og praksis*. (s. 59–71). Gyldendal Akademisk.
- Statistisk sentralbyrå. (2021). *13491: Personer i alt 15-66 år og personer med nedsatt funksjonsevne etter alder, kjønn og arbeidsstyrkestatus 2021*.
[Statistikk]. <https://www.ssb.no/statbank/table/13491/>
- St. Meld. 40 (2002-2003). *Nedbygging av funksjonshemmende barrierer*.
Sosialdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-40-2002-2003-id197129/>
- Söderström, S. & Tøssebro, J. (2011). *Innfridde mål eller brutte visjoner. Noen hovedlinjer i utviklingen av levekår og tjenester for utviklingshemmede*. NTNU Samfunnsforskning AS.
<https://naku.no/kunnskapsbanken/rapport-innfridde-m%C3%A5l-eller-brutte-visjoner>
- Tengqvist, A. (2007). Å begrense eller skape muligheter – Om sentrale holdninger i empowermentarbeidet. I O. P. Askheim & B. Starrin (Red.), *Empowerment: I teori og praksis* (s. 72–84). Gyldendal Akademisk.
- Thomassen, M. (2016). *Vitenskap, kunnskap og praksis. Innføring i vitenskapsfilosofi for helse- og sosialfag*. Gyldendal Akademisk.
- Thornquist, E. (2018). *Vitenskapsfilosofi og vitenskapsteori* (2.utg.). Fagbokforlaget.
- Thurén, T. (2018). *Vitenskapsteori for nybegynnere* (2. utg.). Gyldendal.
- Tjora, A. H. (2021). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis* (4. utg.). Gyldendal Akademisk.
- Torgauten, T. I. (2015). Ta ansvar! I S. Dahle & T.I. Torgauten (Red.), *Helt med! I samme fellesskap uavhengig av funksjonsevne* (s.112-121). Gyldendal Akademisk.
- Twelvetrees, A. C. (2017). *Community Development, Social Action and Social Planning* (5. utg.). Palegrave.
- Tøssebro, J. (2010). *Hva er funksjonshemming*. Universitetsforlaget.
- Unge funksjonshemmede. (2022). *Barrierefrifritid 2022: Inkluderingsveileder*.
https://static1.squarespace.com/static/62c921f0ac2ee66ef2183705/t/62f92853772a7d34f2507916/1660495958465/Veileder_oppslag-interaktiv.pdf
- Unge funksjonshemmede. (u.å). *Hva er en funksjonsnedsettelse?*
<https://ungefunksjonshemmede.no/ressurser/kurs/kronisk-inkludering/ung-og-funksjonshemmet/hva-er-en-funksjonsnedsettelse/>

- Wendelborg, C. (2014). Fra barnehage til videregående skole – Veien ut av jevnaldermiljøet. I J. Tøssebro & C. Wendelborg (Red.), *Oppvekst med funksjonshemming: Familie, livsløp og overganger* (s. 35–59). Gyldendal Akademisk.
- Wendelborg, C. & Paulsen, V. (2014). Inkludering i skolen - inkludering på fritida? I J. Tøssebro & C. Wendelborg (Red.), *Oppvekst med funksjonshemming: Familie, livsløp og overganger* (s. 59–78). Gyldendal Akademisk.
- Wethal, E. B. (2014). *Inclusion of children and youth with disabilities in scouting*. [Masteroppgåve, Universitetet i Oslo].
<https://www.duo.uio.no/handle/10852/40153>
- Ytterhus, B. & Tøssebro, J. (2006). Jevnaldermiljøet: Mellom organisert barndom og selvforvaltning. I J. Tøssebro & B. Ytterhus (Red.), *Funksjonshemmete barn i skole og familie: Inkluderingsideal og hverdagspraksis* (s. 50–71). Gyldendal Akademisk.

Vedlegg

Vedlegg 1: Vurdering frå Sikt



[Meldeskiema](#) / [Inkludering og tilrettelegging for personer med nedsett funksjonsevne...](#) / Vurdering

Vurdering av behandling av personopplysninger

Referansenummer 720368	Vurderingstype Standard	Dato 18.11.2022
----------------------------------	-----------------------------------	---------------------------

Prosjekttittel

Inkludering og tilrettelegging for personer med nedsett funksjonsevne i Norges speiderforbund

Behandlingsansvarlig institusjon

Høgskulen på Vestlandet / Fakultet for helse- og sosialvitenskap / Institutt for velferd og deltaking

Prosjektansvarlig

Rianne Vogels

Student

Johanne Halland Fridtun

Prosjektperiode

21.11.2022 - 31.12.2024

Kategorier personopplysninger

Alminnelige

Lovlig grunnlag

Samtykke (Personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav a)

Behandlingen av personopplysningene er lovlig så fremt den gjennomføres som oppgitt i meldeskjemaet. Det lovlige grunnlaget gjelder til 31.12.2024.

[Meldeskiema](#)

Kommentar

OM VURDERINGEN

Personverntjenester har en avtale med institusjonen du forsker eller studerer ved. Denne avtalen innebærer at vi skal gi deg råd slik at behandlingen av personopplysninger i prosjektet ditt er lovlig etter personvernregelverket.

Personverntjenester har nå vurdert den planlagte behandlingen av personopplysninger. Vår vurdering er at behandlingen er lovlig, hvis den gjennomføres slik den er beskrevet i meldeskjemaet med dialog og vedlegg.

VIKTIG INFORMASJON TIL DEG

Du må lagre, sende og sikre dataene i tråd med retningslinjene til din institusjon. Dette betyr at du må bruke leverandører for spørreskjema, skylagring, videosamtale o.l. som institusjonen din har avtale med. Vi gir generelle råd rundt dette, men det er institusjonens egne retningslinjer for informasjonssikkerhet som gjelder.

TYPE OPPLYSNINGER OG VARIGHET

Prosjektet vil behandle alminnelige personopplysninger frem til 31.12.2024.

LOVLIG GRUNNLAG

Prosjektet vil innhente samtykke fra de registrerte til behandlingen av personopplysninger. Vår vurdering er at prosjektet legger opp til et samtykke i samsvar med kravene i art. 4 nr. 11 og art. 7, ved at det er en frivillig, spesifikk, informert og utvetydig bekreftelse, som kan dokumenteres, og som den registrerte kan trekke tilbake.

Lovlig grunnlag for behandlingen av alminnelige personopplysninger vil dermed være den registrertes samtykke, jf. personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav a.

LOVLIG GRUNNLAG TREDJEPERSONER

Under datainnsamlingen vil deltaker snakke om egne erfaringer i forhold til å legge til rette for personer med nedsatt funksjonsevne. Dersom deltaker bare har vært borti en eller noen få personer hvor dette er aktuelt, kan det være indirekte identifiserende. Dette vil da bli tredjepersonopplysninger. Prosjektet har ikke tredjepersoner som hovedmål for prosjektet. Det samles få opplysninger som er indirekte identifiserende i et kort tidsrom, og det anonymiseres fortløpende. Det er bare forskerne i prosjektgruppen som får tilgang til dataene, og informasjonssikkerheten er god. Det er vår vurdering at samfunnets interesse i at behandlingen finner sted klart



[Meldeskjema](#) / [Inkludering og tilrettelegging for personer med nedsett funksjonsevne...](#) / Vurdering

Vurdering av behandling av personopplysninger

Referansenummer	Vurderingstype	Dato
720368	Standard	18.11.2022

Prosjekttittel

Inkludering og tilrettelegging for personer med nedsett funksjonsevne i Norges speiderforbund

Behandlingsansvarlig institusjon

Høgskulen på Vestlandet / Fakultet for helse- og sosialvitenskap / Institutt for velferd og deltaking

Prosjektansvarlig

Rianne Vogels

Student

Johanne Halland Fridtun

Prosjektperiode

21.11.2022 - 31.12.2024

Kategorier personopplysninger

Alminnelige

Lovlig grunnlag

Samtykke (Personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav a)

Behandlingen av personopplysningene er lovlig så fremt den gjennomføres som oppgitt i meldeskjemaet. Det lovlige grunnlaget gjelder til 31.12.2024.

[Meldeskjema](#)

Kommentar

OM VURDERINGEN

Personverntjenester har en avtale med institusjonen du forsker eller studerer ved. Denne avtalen innebærer at vi skal gi deg råd slik at behandlingen av personopplysninger i prosjektet ditt er lovlig etter personvernregelverket.

Personverntjenester har nå vurdert den planlagte behandlingen av personopplysninger. Vår vurdering er at behandlingen er lovlig, hvis den gjennomføres slik den er beskrevet i meldeskjemaet med dialog og vedlegg.

VIKTIG INFORMASJON TIL DEG

Du må lagre, sende og sikre dataene i tråd med retningslinjene til din institusjon. Dette betyr at du må bruke leverandører for spørreskjema, skylagring, videosamtale o.l. som institusjonen din har avtale med. Vi gir generelle råd rundt dette, men det er institusjonens egne retningslinjer for informasjonssikkerhet som gjelder.

TYPE OPPLYSNINGER OG VARIGHET

Prosjektet vil behandle alminnelige personopplysninger frem til 31.12.2024.

LOVLIG GRUNNLAG

Prosjektet vil innhente samtykke fra de registrerte til behandlingen av personopplysninger. Vår vurdering er at prosjektet legger opp til et samtykke i samsvar med kravene i art. 4 nr. 11 og art. 7, ved at det er en frivillig, spesifikk, informert og utvetydig bekreftelse, som kan dokumenteres, og som den registrerte kan trekke tilbake.

Lovlig grunnlag for behandlingen av alminnelige personopplysninger vil dermed være den registrertes samtykke, jf. personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav a.

LOVLIG GRUNNLAG TREDJEPERSONER

Under datainnsamlingen vil deltaker snakke om egne erfaringer i forhold til å legge til rette for personer med nedsatt funksjonsevne. Dersom deltaker bare har vært borti en eller noen få personer hvor dette er aktuelt, kan det være indirekte identifiserende. Dette vil da bli tredjepersonopplysninger. Prosjektet har ikke tredjepersoner som hovedmål for prosjektet. Det samles få opplysninger som er indirekte identifiserende i et kort tidsrom, og det anonymiseres fortløpende. Det er bare forskerne i prosjektgruppen som får tilgang til dataene, og informasjonssikkerheten er god. Det er vår vurdering at samfunnets interesse i at behandlingen finner sted klart

Vedlegg 2: Informasjonsskriv og samtykkeskjema

Vil du delta i forskingsprosjektet ”Inkludering og tilrettelegging for personar med nedsett funksjonsevne i speidaren”?

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskingsprosjekt der føremålet er å få innsikt i korleis speidaren legg til rette for personar med nedsett funksjonsevne. I dette skrivet gjev vi deg informasjon om måla for prosjektet og om kva deltaking vil innebære for deg.

Føremål

Føremålet med prosjektet er å få innsikt i korleis speidaren legg til rette for personar med nedsett funksjonsevne ved å undersøke kva erfaringar speidarleiarar har med å legge til rette speidaraktivitetar for den målgruppa. FN- konvensjonen spesifiserar at born med nedsett funksjonsevne skal ha same sjansar som andre born til å delta i fritidsaktivitetar (2006, artikkel 30). Per dags dato er det ikkje mange med funksjonsnedsetting med i speidaren, og speidaren ynskjer å vere ein plass der alle er velkommen. Då treng ein kunnskap om barrierar som hindrar for deltaking, og kva som mogleggjer deltaking for personar med nedsett funksjonsevne. Dette er eit kartleggingsprosjekt som kan hjelpe blant anna ulike speidarforbund og grupper til å konkret bygge ned barrierar for deltaking i speidaren for personar med funksjonsnedsetting.

Dette er eit masterprosjekt i samfunnsarbeid ved Høgskulen på Vestlandet.

Det er mogleg eg vil lage ein rapport og artikkel om dette seinare basert på funna i masteroppgåva.

Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?

Høgskulen på Vestlandet er ansvarleg for prosjektet.

Kvifor får du spørsmål om å delta?

Du får førespurnad om å delta fordi du har forsøkt eller hatt eit ynskje om å legge til rette for personar med nedsett funksjonsevne i speidaren. Eg er interessert i alle erfaringar kring dette temaet. Her må eg presisere at eg ikkje forventar at du treng å ha funksjonsnedsetting for å delta i studien.

Om eg får veldig mange som vil delta, vil eg ta føre meg ei selektiv utveljing av deltakarar basert på kva som vil gi best innsiktsgjevande bilete. Dei som då ikkje vil bli valt vil få ei forklaring på kvifor, og spørsmål om å delta seinare viss prosjektet utvidast. Masteroppgåva vil vere tilgjengeleg for dei som ynskjer det, ved å henvende seg til meg.

Kva inneber det for deg å delta?

Dersom du vel å delta i prosjektet, inneber det at du må stille til eit intervju. Eit intervju vil ta omtrent 1,5 time. Intervjuet vil innehalde spørsmål kring dine erfaringar med å legge til rette for personar med nedsett funksjonsevne i speidaren. Du vil i tillegg kanskje bli gitt hypotetiske situasjonar som eg vil be deg om å reflektere rundt. Eg kjem til å ta lydopptak og notat av intervjuet. Vi blir samde om kvar intervjuet skal føregå. Det er mogleg å gjennomføre intervjuet både digitalt og fysisk.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst trekkje samtykket tilbake utan å gje nokon grunn. Alle personopplysingane dine og intervjuet vil då bli sletta. Det vil ikkje føre til nokon negative konsekvensar for deg dersom du ikkje vil delta eller seinare vel å trekkje deg.

Ditt personvern – korleis vi oppbevarer og bruker opplysingane dine

Vi vil berre bruke opplysingane om deg til føremåla vi har fortalt om i dette skrivet. Vi behandlar opplysingane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

Det er berre student og rettleiar som har tilgang til personopplysningane. Namnet og kontaktopplysingar vil eg erstatte med ein kode som blir lagra på ei namneliste skild frå intervjuet. Deltakarar vert anonymiserte når eg skriv ut lydopptaket ved at personopplysningar vert fjerna. For å skjule identitet er det mogleg eg endrar på personopplysningar, til dømes skifte kjønn eller speidargruppe.

Kva skjer med opplysingane dine når vi avsluttar forskingsprosjektet?

Personopplysningar og lydopptak vil bli sletta ved prosjektslutt i desember 2024.

Kva gjev oss rett til å behandle personopplysingar om deg?

Vi behandlar opplysingar om deg basert på samtykket ditt.

På oppdrag frå Høgskulen på Vestlandet har Personverntjenester vurdert at behandlinga av personopplysingar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

Dine rettar

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva opplysingar vi behandlar om deg, og å få utlevert ein kopi av opplysingane,
- å få retta opplysingar om deg som er feil eller misvisande,
- å få sletta personopplysingar om deg,
- å sende klage til Datatilsynet om behandlinga av personopplysingane dine.

Dersom du har spørsmål til studien, eller om du ynskjer å vite meir eller utøve rettane dine, ta kontakt med:


- **Student:**
Johanne Halland Fridtun
E- post: jfridtun@gmail.com
Telefonnummer: 90158857
- **Rettleiar:**
Rianne Vogels
E-post: riane.vogels@hvl.no
Telefonnummer: 91588339
- **Vårt personvernombod:**
Trine Anikken Larsen
E-post: personvernombod@hvl.no

Dersom du har spørsmål knytt til Personverntjenester si vurdering av prosjektet kan du ta kontakt med:

- Personverntjenester, på e-post (personverntjenester@sikt.no) eller på telefon: 53 21 15 00.

Venleg helsing


(Rettleiar)


(Student)

Samtykkeerklæring

Eg har motteke og forstått informasjon om prosjektet *Inkludering og tilrettelegging for personar med nedsett funksjonsevne i speidaren* og har fått høve til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

- å delta i intervju

Eg samtykker til at opplysingane mine kan behandlast fram til prosjektet er avslutta.

(Signert av prosjektdeltakar, dato)

Vedlegg 3: Intervjuguide

Intervjuguide til prosjektet: “Inkludering og tilrettelegging for personar med nedsett funksjonsevne i speidaren”

1. Introduksjon

Kort bakgrunnsinformasjon:

- Kor lenge har du vore speidar?
- Kva rolle har du i speidaren?

2. Tilrettelegging

- Kva erfaringar har du med tilrettelegging for personar med nedsett funksjonsevne?
- Møtte du på nokre utfordringar med å legge til rette for desse?

Oppfølgingsspørsmål:

- Kva utfordringar?
- Kvifor trur du at du møtte på desse utfordringane?
- Kva trur du kunne blitt gjort annleis for å unngå at du skulle møte på desse utfordringane?
- Kva opplevde du fungerte med å legge til rette?
Oppfølgingsspørsmål:
 - Kvifor trur du det fungerte?
- Saknar du noko form for støtte for å legge til rette for personar med nedsett funksjonsevne?
 - Frå kven?
 - Kva type støtte?
- Kvifor trur du ikkje det er fleire med nedsett funksjonsevne med i speidaren?
- Kva tenkjer du kan gjerast for å inkludere fleire med nedsett funksjonsevne i speidaren?
Oppfølgingsspørsmål:
 - Reflektere rundt forskjellige nivå:
 - Kva tenker du du kunne gjort sjølv?
 - Kva tenker du andre kan gjere?
 - Kva tenker du speidarforbunda som organisasjon kan gjere?
 - Kva tenker du dei med nedsett funksjonsevne kan gjere sjølv?
 - Kva tenker du om løysingar tilpassa individuelle behov?
- Har du lyst å dele nokre tankar rundt kva ansvar speidaren har for å legge til rette for personar med nedsett funksjonsevne? (Økonomisk, samfunnsmessig)
- Har du lyst å dele nokre tankar om kva du tykjer om å opprette særtilbod?

3. Avslutning

- Er det noko anna som vi ikkje har snakka om, som du trur er relevant når det gjeld det som har med inkludering av personar med nedsett funksjonsevne i speidaren å gjere?